



Årsmelding 2019

Vindafjord kommune



Innhold

1.	Innleiing.....	4
2.	Organisering.....	5
2.1	Administrativ organisering.....	5
2.2	Politisk organisering	6
2.3	Oversikt politiske saker og møter	7
2.4	Overordna Planverk.....	10
2.5	Kommuneøkonomi	11
3.	Visjon og overordna mål.....	23
3.1	Visjon.....	23
3.2	Overordna mål.....	23
4.	Strategiar.....	24
4.1	Samfunnsutvikling	24
4.1.1	Attraktivitet og Busetnad	28
4.1.2	Berekraftig arealforvaltning	29
4.1.3	Folkehelse	29
4.1.4	Oppvekst	29
4.1.5	Klima, energi og Miljø	30
4.2	Tenesteutvikling.....	30
4.2.1	Busetjing av flyktningar og integrering	30
4.2.2	Bustadsosial handlingsplan	30
4.2.3	Rusmiddelpolitisk handlingsplan	30
4.2.4	Velferdsteknologi.....	31
4.2.5	Kvardagsrehabilitering og førebyggjing	32
4.3	Organisasjonsutvikling	32
4.3.1	Økonomi, styring og service	32
4.3.2	Tverrfagleg samhandling og innovasjon	33
4.3.3	Rekruttera og behalda kompetanse	33
4.3.4	Samfunnstryggleik og beredskap	34
5.	Investeringar	35
5.1	Administrasjon og fellesdrift.....	35
5.2	Oppvekst og kultur	35
5.3	Helse og omsorg.....	38
5.4	Forvaltning, drift og utvikling	41
5.5	Kyrkja.....	46
5.6	VAR området.....	47

6. Resultatvurdering Rammeområda	52
6.1 Rammeområde Administrasjon og Fellesdrift.....	52
6.1.1 Felles for rammeområde	52
6.1.2 Politisk styring.....	53
6.1.3 Administrasjon og fellesdrift	53
6.1.4 Kyrkja.....	54
6.2 Rammeområde Oppvekst og Kultur.....	55
6.2.1 Felles for rammeområde	55
6.2.2 Barnehage	57
6.2.3 Grunnskule	58
6.2.4 Skulefritidsordninga	60
6.2.5 PPT.....	60
6.2.6 Kultur og læring	62
6.2.7 SLT	64
6.3 Rammeområde Helse og omsorg	65
6.3.1 Felles for rammeområde	65
6.3.2 Helse- og psykiatritjenester.....	66
6.3.3 Pleie- og omsorgstenester.....	70
6.3.4 Tilrettelagte tenester.....	72
6.3.5 Barnevernstenesta.....	73
6.3.6 NAV – Kommunal del.....	74
6.4 Rammeområde Forvaltning, Drift og Utvikling.....	77
6.4.1 Felles for rammeområde	77
6.4.2 Areal og forvaltning	78
6.4.3 Kommunaltekniske tenester	83
6.4.4 Reinhald	84

1. Innleiing

2019 var eit utfordrande år for Vindafjord Kommune. Undervegs i året såg ein fleire rammeområder som hadde eit større meirforbruk mot budsjett, og det vart gjennomført fleire administrative innsparingstiltak, mellom anna innkjøpskontroll og tilsetjingskontroll. I løpet av siste halvdel av 2019 såg ein noko resultat av desse tiltaka, men tiltaka har samstundes medført at ein del det aktivitet har vore på eit lågare nivå enn det som var ønskelig. Vidare var det til politisk handsaming ei sak om innsparingar i kommunestyret i september 2019. Sjølv om rekneskapen samla sett kom ut med eit positivt økonomisk resultat, skuldast dette i hovudsak særdeles høg skatteinngang, ekstraordinært stort utbytte frå Haugaland Kraft og utbetaling frå Havbruksfondet. Den underliggende drifta viste eit større meirforbruk samanlikna med budsjett, og på sikt er ikkje ei slik drift å rekne som berekraftig.

Utanom økonomien hadde ein og krevjande hendingar driftsmessig. Natt til 22. juli brann Vindafjordhallen ned, og forsikringsselskapet fann det sannsynleg at brannen hadde årsak i at ein eingongsgrill var plassert i eit søppelspann som var hengt opp ved SK Vats sin kiosk knytt til Vindafjordhallen sitt bygg, noko som etter Forsikringsselskapet sitt syn var brot på tryggleiksforskriftene, og det vart vedteke avkorting av forsikringssummen på 30 %.

28. september 2019 vart det gjennomført 3 offisielle opningar i Ølen, der ein markerte at byggeprosjekta Vindafjord Beredskapssenter, Sjøperlo – Kultur og Læringssenteret og Aktivitetsparken var ferdigstilt, og dagen vart avslutta med ei kulturell framsynning i Ølen Kulturhus. Opningsdagen markerte slutten på ei krevjande byggetid for eining for kommunaltekniske tenester, og ei spanande tid for alle einingane som skulle flytte inn i nye lokalar.

Innanfor Helse- og Omsorg hadde ein fortsatt utfordringar med pasientar med MRSA-smitte ved Ølen Omsorgssenter, og fleire særskilt krevjande enkeltsaker i sektoren. Vidare hadde ein eit stort tal meldingar og aktive saker innanfor barnevernet.

Folketilveksten i 2019 fortsette trenden frå 2018, med ein nedgang på 0,33 % (29 personar) i løpet av 2019. Dette er særskilt uheldig, då folketalsutviklinga verkar inn på mellom anna rammeoverføringane frå staten. Sjølv om ein i 2018 såg teikn til vekst i næringslivet i kommunen, slo ikkje dette ut når det gjeld folketalsutvikling. Kommunen har i 2019 vidareført prosjekt der ein satsa på positiv omdømmebygging, og utvikling i dei 9 bygdene i kommunen, gjennom «Attraktivitetsprosjektet» og, særskilt for Ølen, gjennom deltaking i Rogaland Fylkeskommune sitt tettstadsprosjekt. Det er viktig å fortsetje denne satsinga og framover, då folketalsutvikling og demografisk utvikling er viktige faktorar for utviklinga av kommuneøkonomien framover.

Kommunen har gjennom fleire år hatt eit god samarbeid med næringslivet og frivilligheita i kommunen. Det er viktig å ta vare på, og utvikle dette samarbeidet vidare, slik at kommunen og i framtida er ein Vital og Sentral kommune på Haugalandet.

Den krevjande utviklinga frå 2019 har fortsett inn i 2020, der samfunnet i skrivande stund er i unntakstilstand grunna utbrotet av «Koronaviruset». Utbrotet har og kravd mykje ressursar frå kommunen og kommunaleiinga, og det har frå starten av mars vore naudsynt å prioritere bort enkelte oppgåver. For årsmeldinga sin del har dette gjort seg utslag i at ein i sluttfasen har sett seg nøgd til å ta bort enkelte rapporteringselement, mellom anna målkartet. Årsmeldinga gjev likevel eit godt bilet på den drifta Vindafjord Kommune hadde i 2019.

2. Organisering

2.1 Administrativ organisering

Lokalisering


Dei ulike tenesteeiningar i kommunen er spreidde i dei ulike bygdene og på mange hus. Kommunen har eit desentralisert skule og barnehagertilbod, med lokal skule i 9 grender og omsorgssenter i Vats og Ølen. Kommunale administrasjonsbygg er det i Ølen og Sandeid. I 2019 vart ny Brann- og Ambulansestasjon opna. Dette husar også kommunalt legekontor og legevakt. Også det nye kultur- og læringssenteret "Sjøperlo" vart opna i 2019. Her finn ein vaksenopplæring, folkebibliotek, kulturskule og andre deler av eining kultur.

Organisasjonsstruktur

Rådmannen, tre kommunalsjefar, økonomisjef og personal- og organisasjonssjef utgjer kommunen si strategiske leiargruppe. Den eine kommunalsjefen har utvida rolle som samfunnsutviklar med særleg ansvar for kommuneutvikling og samhandling med næringsliv, grendelag og andre aktørar. Administrativt er kommuneorganisasjonen to-delt ved at dei ulike einingar er direkte underlagt rådmannsnivået. Organisasjonen har ein felles stab med overordna fellesoppgåver som økonomi, personal, ikt, servicetorg, arkiv og post.

Det er etablert interkommunalt samarbeid innan fleire tenesteområde. Dei fleste i lag med Etne kommune. Vindafjord er vertskommune innanfor følgjande tenester; Legevakt, Barnevern, PPT. Etne har vertskap for SLT og IKT. Brannverntenesta vart Haugaland Brann og Redning IKS saman med åtte andre kommunar på Haugalandet i 2018.


Organisasjonskart pr desember 2018.



2.2 Politisk organisering

Politisk organisering

2019-2023



Tabellane nedanfor syner partirepresentasjon i dei ulike utvala (Talet på kvinner i parentes).

2015-2019

Kommunestyret	3 (1)	10 (5)	3 (1)	3 (1)	2 (1)	1 (0)	1 (0)	2 (0)	25 (9)	36,0
Formannskapet	1 (0)	4 (2)	1 (0)	1 (0)	1 (1)	0 (0)	0 (0)	1 (0)	9 (3)	33,3
Utval for oppvekst og omsorg	1 (1)	3 (2)	1 (0)	1 (0)	0 (0)	0 (0)	1 (1)	0 (0)	7 (4)	57,1
Utval for drift, utvikling og kultur	1 (0)	2 (1)	1 (1)	1 (1)	0 (0)	1 (0)	0 (0)	1 (0)	7 (3)	42,9
Kontrollutvalet	2 (1)	1 (0)	0 (0)	1 (1)	0 (0)	1 (0)	0 (0)	0 (0)	5 (2)	40,0

BBL = Bjoa Bygdeliste

2019-2023

UTVAL	Ap	Sp	Krf	H	Frp	BBL	SV	MDG	SUM	Prosent kvinner
Kommunestyret	3 (3)	9 (4)	3 (0)	5 (1)	2 (0)	1 (0)	1 (1)	1 (1)	25 (10)	40,0
Formannskapet	1 (1)	4 (2)	1 (0)	2 (1)	1 (0)	0 (0)	0 (0)	0 (0)	9 (4)	44,4
Utval for oppvekst og omsorg	1 (1)	2 (1)	1 (0)	1 (0)	0 (0)	1 (0)	1 (1)	0 (0)	7 (3)	42,9
Utval for drift, utvikling og kultur	1 (1)	2 (1)	1 (0)	1 (0)	0 (0)	0 (0)	1 (0)	1 (1)	7 (3)	42,9
Kontrollutvalet	0 (0)	1 (1)	1 (0)	1 (1)	1 (0)	1 (0)	0 (0)	0 (0)	5 (2)	40,0

BBL = Bjoa Bygdeliste

2.3 Oversikt politiske saker og møter

HANDSAMA SAKER I 2019

Kommunestyret (KS)	- 9 møte
Formannskapet (FS)	- 8 møte
Utval for oppvekst og omsorg (OPOM)	- 7 møte
Utval for drift, utvikling og kultur (DUK)	- 7 møte

Sakstypar	KS Tal saker	FS Tal saker	OPOM Tal saker	DUK Tal saker
Faste saker	34	32	27	27
Kommuneplanar, kommunedelplanar	2	1	0	1
Reguleringsplanar	10	20	0	0
Andre plansaker/klagesaker	0	1	0	6
Kontrollutvalssaker	3	0	0	0
Økonomisaker og andre styringsdokument	13	15	7	7
Næringssaker	0	5	0	5
Interkommunalt samarbeid	5	6	2	0
Kommunalteknisk	2	4	0	1
Skule/SFO	3	0	4	0
Barnehage	1	0	2	0
Kultur	0	0	1	2
Helse og omsorg	7	5	8	0
Sals- og skjenkesaker	0	0	1	0
Valsaker	13	0	0	0
Uttalar/høyringar	3	6	2	1
Administrasjon og organisasjon	3	2	1	0
SUM	99	97	55	50

Rådet for eldre og funksjonshemma – Årsmelding for 2019

Rådet si samansetjing fram til og med 18.11.19:

Medlemmer:	Varamedlemmer:
Olav Eikeland	leiar
Svein Sæle	Wenche S. Lilleland

Ingrid Marvik	1. Olav Vagle
Erna Vanwulpen	2. Margrethe Veim
Tore Haaland	nestleiar

Marianne Krog Lie	1. Sølvi Eide Lunde
Gøril Frette	2. Ragnar Nesheim

Kommunestyret valde i møte 19.11.19 og 17.12.19 nytt råd for perioden 2019-2023.
Rådet fekk då slik samansetjing:

Medlemmer:	Varamedlemmer:
Sjur Heggen	1. Nils Gunnar Vannes
Wenche S. Lilleland	2. Silje Holden Birkeland

Øyvind Vestbø	1. Karin Koltveit
Anne Lise Berge	2. Sigbjørn Willy Mortveit
Tore Haaland	nestleiar
Ragnar Nesheim	1. Synneva Langhelle
Siv Bente Stople Østbø	2. Ole Magnus Helgevold
leiar	

Rådet har hatt 7 møte og har handsama 17 saker pluss orienterings- og referatsaker.
Oversikt over sakene er å finna nedst i årsmeldinga.

Representasjon

Medlemmer i rådet deltok på foredrag om demensvenleg samfunn.

Nestleiar Tore Haaland har vore rådet sin representant i prosjektgruppa for velferdsteknologi.

Ingrid Marvik har vore rådet sin representant i Den kulturelle spaserstokken med Erna Vanwulpen som varamedlem.

Arrangement

Rådet har også i 2019 vore arrangør av tilbodet om bading for eldre og funksjonshemma i bassenget ved Ølen skule både vår og haust. Tilbodet vert organisert av symjegruppa i Ølen idrettslag. Frammøte har vore nokolunde stabilt.

Det stod att unytta midlar av eit tilskot på kr 60.000 som rådet i 2016 etter søknad fekk tildelt frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til datakurs for eldre og funksjonshemma til «kompetansetiltak for å styrke grunnleggende digitale ferdigheter». Kurs vart halde i 2016 og 2017.

Unytta midlar vart nytta til 3 kurskveldar våren 2019 med 12 deltakarar og med Mikael Lint som kurshaldar.

Markering av Verdensdagen for eldre var planlagt på Sjøperlo tysdag 1. oktober som ein del av programmet i samband med opningsarrangement av Sjøperlo den veka.

Denne delen var annonser med påmeldingsfrist. På grunn av få påmeldingar vart denne markeringa avlyst.

Som i 2017 og 2018 vart det arrangert ein eigen fest for funksjonshemma ved Gnisten. Festen var tysdag 15. oktober, og som tidlegare år med svært gode tilbakemeldingar.

Handsama saker:

- Rådet for eldre og funksjonshemma – Møteplan for 2019
- Rådet for eldre og funksjonshemma – Årsmelding for 2018
- Demensvennleg samfunn i Vindafjord kommune
- Stortingsmelding 15 (2017-2018) – Leve heile livet – Ei kvalitetsreform for eldre
- Årsmelding 2018
- Årsrekneskap 2018
- SLT-ordninga
- Samorganisering av NAV Etne og NAV Vindafjord
- Legekontora i Vindafjord – Likeverdige tenester
- Tertiarrapport pr. 30. april 2019
- Fråtrekk av barnetrygda ved utmåling av økonomisk sosialstønad

- Økonomi – Framlegg til innsparingar
- Tertiarrapport pr. 31. august 2019
- Rådet for eldre og funksjonshemma – Val av leiar for 2019-2023
- Rådet for eldre og funksjonshemma – Val av nestleiar for 2019-2023
- Taksthefte 2020
- Budsjett 2020 og Økonomiplan 2020-2023

Kontrollutvalet – Utdrag frå Årsmeldinga for 2019

Kontrollutvalet si samansetjing for valperioden 2015-2019:

Medlemmer:

Nils Terje Oma (Ap), leiar
Johannes Vestbø (Sp), nestleiar
Marit Aga Hustvedt (Ap)
Gunn Haraldseid (H)
Kristian Haraldson Resset (BBL)

Varamedlemmer:

1. Anne Tone Salte Andersen (H)
2. Oddvar Haugland (Krf)
3. Anja Mballow (Sp)
4. Margrethe Veim (Frp)
5. Arnfinn Øverland (Ap)

Vestbø er fast medlem i kommunestyret og Resset er varamedlem. Leiar og nestleiar har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir handsama.

For valperioden 2019-2023 har kommunestyret vald følgjande medlemmer:

Medlemmer:

Leiar Kristian H. Resset (BBL)
Nestleiar Anne T. S. Andersen (H)
Medlem Knut S. Berge (Frp)
Medlem Eivind Hetland (Krf)
Medlem Olaug Mari Øen (Sp)

Varamedlemmer:

1. Øyvind Oland (H)
2. Inga E. Steinsland (Sp)
3. Gunnstein Koch (Krf)
4. Sverre Hustveit (Frp)
5. Linn Gjerde (BBL)

Utvalsleiar Resset er utvalet sin kommunestyrerrepresentant.

Kontrollutvalet har hatt 3 møte fordelt på eit møte første halvår og to møte andre halvår.
Utvælet skal ha opne møte, men dei kan lukkast når det er heimla i lov.

Kontrollutvalet har handsama 19 saker inkludert faste saker. Av desse vart 6 saker sendt til kommunestyret. 34 saker har blitt lagt fram til orientering.

Det var ingen frå Vindafjord som deltok på kontrollutvalskonferansen i regi av Norges Kommunerevisorforbund i januar, eller på konferansen til Forum for kontroll og tilsyn i Kristiansand i juni. På dagskonferansen i Sandnes i regi av Forum for kontrollutval i Rogaland deltok leiar og nestleiar. Normalt er denne konferansen i november, men på grunn av val av nye utval blei denne samlinga skjøve til 9. januar 2020.

Handsama saker gjennom året (bortsett frå faste saker og referat- og orienteringssaker):

- Vindafjord kommune – Uttale til rekneskapen for 2018
- Oppfølging av rapport – «IKT og informasjonstryggleik»
- Årsmelding for kontrollutvalet 2018
- Revisjonsavtalen – Bruk av opsjon eller nytt anbod i år
- Revisjonsrapport – «Rus- og psykiatritenesta»
- Revisor si eigenerklæring for 2019

- Budsjett 2020 – Kontrollarbeidet i kommunen – Kontrollutvalet sitt framlegg
- Evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid i inneverande periode
- Orientering om framlegget til budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023
- Revisjonsplan for rekneskapsåret 2019
- Bestilling av Risiko- og vesentlegvurderingar og planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll
- Framlegg til møteplan for 2020

Oppsummering:

Aktiviteten i 2019 har vore som planlagt. Utvalet og kommunestyret har handsama ein forvaltningsrevisjonsrapport om «Rus- og psykiatritenesta» og oppfølging av rapport om «IKT og informasjonstryggleik». Utvalet har tinga Risiko- og vesentlegvurderingar og Planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2020-2024, samt eit prosjekt om «Økonomistyring innanfor helse og omsorgstenesta» for levering i 2020. Rådmannen har gjort greie for aktuelle saker som utvalet har bede om undervegs gjennom året.

2.4 Overordna Planverk

Kommunal planstrategi (2016-2019) avdekkjer dei overordna utfordringane kommunen har for så å avgjere kva planar som skal vidareførast eller reviderast og eventuelt kva nytt planarbeid som skal utførast i løpet av dei neste fire åra.

4 års-perioden går mot slutten og mange av planane som skulle utarbeidast i perioden er sluttført. Planarbeidet i planstrategien er delt opp i strategiske planar som skal handsamast politisk og taktiske planar (temaplanar) som skal utarbeidast i perioden.

Av dei strategiske planane som skulle utarbeidast blei bustadsosial handlingsplan vedteken 20.02.2018 og kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø blei vedteken 24.08.2018.

Av taktiske planar er mange ferdige men framleis står det igjen nokon. Strategi for nærings- og miljøtiltak i skogbruket blei vedteken i 2018 og er ferdig. Bustadanalysen med sentrumsanalyse for Skjold og heiskapeleg ROS-analyse er ferdig, men ROS analysen får sluttbehandling i kommunestyret våren 2020. Trafikksikringsplanen er framleis under arbeid og ein god del forseinka, men vil sjåast saman med arbeidet med å implementere trafikksikker kommune og vil sluttbehandlast hausten 2020. Sjå kap. 4 og 6 for nærmere omtale av desse planprosessane.

Bustadanalysen og heiskapeleg ROS analyse er svært viktig grunnlagsdokument for revisjon av kommuneplanen. I arbeid med ny kommunal planstrategi blir det viktig å vurdere i kva grad kommuneplanen skal reviderast i kommande kommunestyreperiode. Kommunal planstrategi skal sette eit skarpt fokus på at all planlegging skal vera behovsstyrta og ikkje gjerast meir omfattande enn nødvendig.

Ny planstrategi skal vere verktøyet for kommande kommunestyreperiode og vedtak på ny planstrategi må ligge våren 2020.


2.5 Kommuneøkonomi

Rekneskapsanalysen skal gi uttrykk for korleis kommunen si økonomiske stode er på balansedagen, korleis denne har utvikla seg gjennom året og samanlikna med tidlegare år for å sjå utviklinga over tid.

Økonomisk resultat

Det rekneskapsmessige driftsresultatet er gjort opp med eit ikkje disponert mindreforbruk på kr 1 785 694. Netto driftsresultat blei kr 11 919 747, som svarar til 1,53 % av driftsinntektene. Opphavleg budsjett var kr 1 332 373 eller 0,19 %. Netto driftsresultat viser kor stor del av dei løypande inntektene som går med til å dekke dei løypande utgiftene, og resten kan nyttast til finansiering av investeringar eller setjast av til seinare bruk. Måltaket er kanskje det viktigaste for kommuneøkonomien og gir eit uttrykk for kommunen sin økonomiske handlefridom. I 2019 ligg Vindafjord noko under tilrådd nivå som er på 1,75%. Samstundes viser ikkje resultatet kor mykje av desse avsettingane som er bunde og knytt opp til utgifter som kjem seinare.

Utvikling netto driftsresultat i %



Den høge skatteinngangen på slutten av året er ein spesielt stor grad av forklaringa på at resultatet i 2019 blei mykje betre enn prognosane gjennom året. Skatteinngangen har dei siste åra vore betre for kommune-Noreg, enn lagt til grunn frå sentralt hold. Også i 2019 var det høge utbytteinntekter til personlege skattytalar. Dette skuldast truleg tilpassing til auka utbytteskatt, og kommunen kan ikkje rekne med same nivå i komande år.

Kommunane sine samla skatteinntekter blei nesten 7 mrd. høgare enn det som blei lagt til grunn i Statsbudsjettet for 2019, og om lag 1,4 mrd. høgare enn oppdatert prognose i hausten 2019 (Statsbudsjettet 2020). Veksten for landet var på 4,7 % i frå 2018, Vindafjord hadde ein enda større skattevekst enn landet, med ein vekst på 10,4 % mot 4,7 % for landet. Samla skatteinngang for kommunen blei 307 millionar, heile 42 millionar over opphavleg budsjett og 28,5 millionar over regulert budsjett.

Det historiske skattenivået i Vindafjord har vore på om lag 97-98% av landsgjennomsnittet. I 2019 (2018) var dette på 110 % (103,8 %). Etter utjamning gjennom inntektssystemet er nivået 102,8 % (100,4 %). Den høge skatteinngangen gav mykje lågare inntektsutjamning enn forventa, og dette gav lågare rammetilskot enn budsjettet. Rammetilskotet hamna 20 millionar under opphavleg budsjett, og 11,6 millionar under regulert budsjett. Samla gav det kommunen ein meirinntekt på om lag 17 millionar mot regulert budsjett (22 millionar over opphavleg budsjett).

Resultata frå finans bidrog betydeleg til at resultatet blei betre enn forventa. Utbytte frå Haugaland Kraft blei om lag 14,6 millionar, 8 millionar over opphavleg budsjett og om lag 2,5 millionar over justert budsjett. Renteinntektene blei om lag 2,9 millionar over justert budsjett. Renteutgiftene blei samla om lag 2,3 millionar lågare enn justert budsjett. Samla gav desse finanspostane eit positivt budsjettavvik på 7,7 millionar. Då er det ikkje tatt høgde for rente- og avdragskompensasjon som hamna 650 000 under budsjett (ført under rammetilskot).

I 2019 fekk Vindafjord kommune utbetalt 3,5 millionar frå Havbruksfondet. Det var ikkje budsjettet med inntekter frå dette fondet, og den endelige storleiken blei først kjent ved utbetaling i slutten av oktober.

Kommunane får kvar år eit avvik mellom den utrekna pensjonskostnaden og det beløpet kommunane faktisk betaler i premie til leverandørane av pensjonstenester. Avviket vert kalla premieavvik og skuldast ulike reglar for korleis desse størrelsane skal bereknast. Positivt (negativt) premieavvik betyr at kommunen har betalt inn meir (mindre) til pensjonsselskapet enn det er ført utgifter i rekneskapen. Positivt (negativt) premieavvik blir ført som ein inntekt (utgift) i rekneskapen, og så vert denne fordelt (amortisert) som ein utgift (inntekt) over dei neste 7 åra. I 2019 blei det rekneskapsført ei positivt premieavvik (inkludert arbeidsgjevaravgift) på 15,3 millionar. Det blei utgiftsført amortisering av tidlegare års premieavvik 6,8 millionar. Begge størrelsane verkar inn på rekneskapsresultatet. Netto gav premieavvik ein positivt effekt på resultatet på vel 8,5 millionar. Det svarar til over 70 % av netto driftsresultat for 2019.

Kommunen sine inntekter inngår i driftsrekneskapen i året inntekta er kjent, medan tilhøyrande utgifter kjem i rekneskapen det året dei oppstår. Dette kan bety inntekter og tilhøyrande utgifter kjem på forskjellige rekneskapsår, og dermed verke inn på resultatet. I kommunerekneskapen skjer denne periodiseringa gjennom bruk og avsetting til bundne fond. Netto avsetting til bundne fond i 2019 var 5,1 millionar, som gir ein tilsvarende positivt periodiseringseffekt på netto driftsresultat. Det betyr at kommunen har mottatt inntekter (t.d. øyremerka tilskot/gåver) som skal finansiere utgifter som kjem eit seinare år. Det same gjeld overskot på sjølvkosttenestane. I 2019 var dette samla 0,6 millionar for Vindafjord kommune. Dette overskotet skal tilbakeførast til abonnentane seinare år, og er ikkje disponibelt for kommunen. Netto driftsresultat i 2019 korrigert for bunde avsettingar var 6,7 millionar (0,87 %).

Driftsinntekter

Kommune sine samla driftsinntekter var i 2019 på 780,831 millionar. Dette var om lag 9,8 mill. kr (1,27 %) høgare enn året før. Veksten var isolert sett lågare enn pris- og lønnsveksten. Skatt på inntekt og formue hadde ein stor vekst, samstundes som fleire inntektspostar hadde ein markant reduksjon frå 2018 til 2019. Forklaringar på dette er mellom anna lågare utbetaling frå Havbruksfondet, mindre integreringstilskot flyktingar, reduserte sjukelønnsrefusjonar, redusert refusjon ressurskrevjande brukarar og lågare momskompensasjon. Med unnatak for utbetaling frå Havbruksfondet, er reduksjonen knytt til (forventa) lågare utgifter og må sjåast i samanheng med dette.

Driftsinntekter

tal i 1 000	Rekneskap	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Avvik	Vekst frå
	2018	2019	(reg.) 2019	2019	R - reg. B	2018
Brukabetalinger	26 358	28 941	24 512	24 603	4 429	2 583
Andre sals- og leigeinntekter	46 414	52 508	47 132	46 777	5 377	6 094
Overføringer med krav til mottying	120 305	111 062	84 936	72 486	26 126	-9 243
Rammetilskot	245 632	239 208	251 512	260 360	-12 304	-6 424
Andre statlege overføringer	25 639	14 373	11 115	17 735	3 258	-11 267
Andre overføringer	5 009	6	-	-	6	-5 003
Skatt på inntekt og formue	278 340	307 150	278 664	265 068	28 486	28 810
Eigedomsskatt	23 372	27 584	27 600	27 100	-16	4 212
Andre direkte og indirekte skattar	-	-	-	-	-	-
Sum driftsinntekter	771 070	780 831	725 471	714 129	55 361	9 761

I figuren under ser ein fordelinga av kommune sine inntekter. Overføringsane frå staten, i form av rammetilskot og skatteinntekter, utgjer hovuddelen av inntektene (om lag 70 %).


Overføringer med krav til mottying, som t.d. statstilskot og refusjonar utgjer om lag 14,2 %, medan andre sals- og leigeinntekter utgjer 6,7 %. Inntekter frå eigedomsskatt utgjer om lag 3,5 %, brukabetalinger 3,7 % og andre statlege og fylkeskommunale overføringer 1,8 %.

Dei frie inntektene blei 2 %-poeng høgare enn i 2018, fordelt på 3,2 %-poeng høgare skatteinntekter og 1,2 %-poeng lågare rammetilskot. Forklaringa på dette inntektsutjamninga i inntektssystemet, der meirinntekter på skatt medfører trekk i rammetilskot. 2019 var eit svært godt skatte-år, og nivået i 2018 var nok meir normalt.

Overføring med krav til mottying utgjorde 1,4 %-poeng meir inn i 2018, medan andre statlege overføringer utgjorde 0,6 %-poeng mindre. Brukabaling, andre sals- og leigeinntekter og eigedomsskatt utgjorde samla vel 1,5 %-poeng meir enn i 2018.

Brukabetalinger gav ei meirinntekt på 4,4 millionar mot regulert budsjett. Mesteparten av meirinntekta skuldast betaling for opphold på institusjon og andre postar innan helse og omsorg. Foreldrebetalning for barnehage hamna vel 300 000 over budsjett, medan foreldrebetalning for SFO låg 750 000 under budsjett. Begge postane hadde ein vekst frå 2018, på høvesvis 640 000 og 275 000.

Andre sals- og leigeinntekter hamna vel 5,4 millionar over regulert budsjett. Dei største avvika var 1 million meir i tilknytingsavgifter (vatn og avlaup) og 1 million gjeld husleige. I tillegg blei bankkontoen for parkeringsavgift på Fjellstøl ført inn i kommunen sin rekneskap (og sett av på fond). Rekneskapsteknisk blei dette ført som ein inntekt, og gav eit avvik på nesten 1 million.



Overføringer med krav til motyting enda litt over 26 millionar over budsjett, men 9,2 mill. lågare enn 2018. Refusjon for ressurskrevjande brukar gjekk ned om lag 6,3 millionar frå 2018, men hamna vel 1,4 millionar over justert budsjett for 2019. Refusjon for sjukelønn hamna 2,1 millionar over regulert budsjett, likevel 5,2 millionar under 2018. Det var ikkje budsjettert med fødselsrefusjonar, i høve regulert budsjett blei det ei meirinntekt på 6,6 millionar. Denne må sjåast i samanheng med meirutgifter til vikar. Det blei i tillegg inntektsført 2,9 millionar i forsikringsoppgjer til Skjold skule som gav eit tilsvarande positivt avvik på inntektssida.

Andre statlege overføringer blei redusert med vel 11,2 millionar frå 2018 til 2019. Endringa skuldast at integreringstilskot for flyktninger har gått ned frå 13,3 til 10,1 millionar. I tillegg fekk kommunen i 2018 ei stor utbetaling frå Havbruksfondet på 10,5 millionar. Utbetalinga i 2019 frå fondet var 3,5 millionar og er hovudforklaringa på meirinntekta i høve regulert budsjett.

Andre overføringer gjekk ned vel 5 millionar frå 2018. Inntekta i 2018 skuldast i alle hovudsak spelemidlar. Det var ikkje forventa utbetalingar i 2019, så det er ikkje avvik mot budsjett.

Eigedomsskatten enda på totalt 27,5 millionar i tråd med regulert budsjett, ei auke på lag 4,2 millionar (18 %) frå 2018. Auken skuldast at skattesatsen for bustadar og fritidseigedommar auke frå 3 til 4 %.

Driftsutgifter


Dei kommunale driftsutgiftene i 2019 var på 784,321 millionar. Dette utgjer ein auke på 22,5 mill. kr (2,96 %) i høve til året før. Samla er veksten om lag som pris- og lønsvekst men det er store variasjonar mellom kategoriane. Lønn- og sosiale utgifter har ei auke på berre 1,6 %. Kjøp av varer og tenester i tenesteproduksjonen er redusert med 8,87 %. Begge delar må sjåast i samanheng med tiltaka som blei innført etter 1. tertialrapport, med sterke avgrensingar og kontroll på tilsettingar og innkjøp. Kjøp av varer og tenester som erstattar tenesteproduksjon auka med heile 19,43 millionar (24,5 %) frå 2018. Om lag 10 millionar av dette skuldast Haugaland brann og redning IKS var i full drift frå 2019, og kommunen sine utgifter er flytta frå dei andre utgiftspostane til denne posten. Kjøp av tenester frå private som gjeld ressurskrevjande brukar auka frå 17,2 til 23,6 millionar, og overføring til private barnehagar auka frå 26,5 til 28,5 millionar.

Bokførte pensjonskostnadene auka med 3,8 millionar og hamna 4,4 millionar over regulert budsjett. Netto premieeavik var ikkje budsjettert og gav ei positivt avvik på 8,5 millionar inkludert arbeidsgjevaravgift. Avviket er sett av til pensjonsfond.

Overføringer har eit samla avvik mot budsjett på 9,6 millionar. Rett over halvparten gjeld meirverdiavgift som har ein tilsvarande meirinntekt. I tillegg er det forskotert 2,7 millionar i spelemidlar frå fond som ikkje er justert i budsjettet. Det er også gjort ein grundig gjennomgang av uteståande krav som er eldre enn eit år og gjort ei tapsavsetting av usikre krav på om lag 1,1 millionar.

Driftsutgifter tal i 1 000	Rekneskap	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Avvik	Vekst frå
	2018	2019 (reg.)	2019	2019	R - reg. B	2018
Lønnsutgifter	415 223	420 502	414 838	414 522	5 664	5 279
Sosiale utgifter	105 734	108 815	111 136	112 884	-2 321	3 081
Kjøp av varer og tenester som inngår i k. eigenprod.	100 063	91 192	72 869	72 232	18 323	-8 871
Kjøp av tenester som erstattar k. eigenproduksjon	79 347	98 778	74 899	57 227	23 880	19 431
Overføringer	39 061	40 782	31 141	31 490	9 641	1 721
Avskrivningar	24 819	26 358	25 000	23 000	1 358	1 539
Fordelte utgifter	-2 471	-2 108	-875	871	-1 233	364
Sum driftsutgifter	761 777	784 321	729 008	710 485	55 313	22 543
Brutto driftsresultat	9 293	-3 489	-3 537	3 643	48	-12 782

Samanhalde med driftsinntektene gav dette eit negativt brutto driftsresultat på 3,489 mill. eller -0,45 %. Resultatet blei vesentleg lågare enn i 2018, då tilsvarande tal var 9,293 mill. (1,2 %).



Hovuddelen av kommunen sine driftsutgifter er relatert til løn og sosiale utgifter. Dette utgjer til saman om lag 67,5 % av utgiftene. Utgiftene elles er knytt til kjøp av varer og tenester (24%), der litt under halvparten er varer og tenester i den kommunale tenesteproduksjon (11,6%) og litt over halvparten (12,6%) er kjøp av tenester som erstattar kommunal tenesteproduksjon. Dei minste utgiftspostane er overføringer som t.d. tilskot (5%), og avskrivningar 3,4 %. I høve til 2018 delen lønn er redusert 0,9 % poeng, kjøp av varer og tenestar i tenesteproduksjon er redusert med 2,3 % og kjøp av tenester som erstattar communal eigenproduksjon er auke med 2,2 %.


Rammeområda

Resultatet innan rammeområda viste eit samla meirforbruk mot regulert budsjett på kr 24 669 933 (4,4 %). Dette er ei auke frå 2018 då meirforbruket var kr 21 741 599 (4,1%). Begge dei to siste åra har det altså vore vesentlege driftsavvik. Rammeområde for helse og omsorg hadde også i 2019 det største avviket på 27,7 mill. kroner (111,8 %). Dei fire siste åra har det vore eit meirforbruk på området, men meirforbruket har vore spesielt stort dei siste to åra. Meirforbruket er hovudsakleg knytt til pleie og omsorg, barnevern, NAV og helse/psykiatri og tilrettelagte tenester. Det er ulike årsaker til resultatet, men i hovudsak skuldast det ei langt meir krevjande drift, auka sjukefråvær, smitteproblematikk, større

omfang av særskilt ressurskrevjande brukarar, og aukande omfang, tiltak og kompleksitet i barnevernet.


Det andre store rammeområdet, Oppvekst og kultur, hadde eit samla mindreforbruk på 3,7 millionar mot eit lite meirforbruk på 187 000 i 2018. Rammeområdet for forvaltning, drift og utvikling reduserte meirforbruken frå 3,3 millionar (107,3 %) i 2018 til 1,8 millionar (103,4 %) i 2019. Nesten 1 millionar av dette er knytt til brann og redning. Rammeområdet for Administrasjon og fellesdrift hadde ei mindreforbruk på om lag 1,1 millionar, mot 724 000 i 2018. Det svarar til eit forbruk på 97,8 (98,6 % i 2018).

Budsjettavvik i millionar for rammeområda fem siste år



Figuren under viser netto driftsutgifter pr. rammeområde dei fire siste åra. Det går mest ressursar til dei to store rammeområda Oppvekst og kultur og Helse og omsorg, med høvesvis 215 mill. kr (36,9 %) og 264 mill. kr (45,2 %) i 2019. Dei to andre rammeområda, Administrasjon og fellesdrift og Forvaltning, drift og utvikling, står for høvesvis 50 mill. kr (9,1%) og 54 mill. kr (8,9%). Også i 2019 var det ei sterk vekst innan Helse og omsorg, som vaks med 23,1 mill. kr tilsvarende 9,61%. Prosentvis har også Forvaltning, drift og utvikling vokse kraftig (11,54 %). Oppvekst og kultur auka med 2,99 % som er ei utvikling om lag i tråd med pris- og lønsvekst. Administrasjon og fellesdrift vekst berre 0,89 %. Samanlikna med 2015 brukar kommunen samla av totale netto utgifter 4,5 %-poeng meir på helse og omsorg, 3,6 % mindre på oppvekst, 1,1 % mindre på administrasjon og fellesdrift og 0,2 % meir på forvaltning, drift og utvikling.

Netto utgifter per rammeområde, 2015-2019



Økonomisk styring

Ein vurderer at den økonomiske styringa generelt er god, trass i stort meirforbruk i drifta. I tillegg til tertialrapportering til politisk nivå to gonger i året, rapporterer alle einingar internt til Rådmannen minimum annakvar månad. Eininger med særskilte utfordringar blir følgt opp på månadleg basis. Dei fleste einingane har resultat i samsvar med budsjett, medan nokre einingar har relativt store avvik. Desse blir følgt særskilt opp. Ei utfordring for kommunal drift er at tenestebebehovet fort kan endre seg innan enkelte tenesteområde. Dette gjeld særleg ein-til-ein tenester, gjerne i kombinasjon med rettar heimla i lov eller forskrift.

På den overordna inntektssida er det ei utfordring å budsjettere med eit rettast mogeleg nivå på rammeoverføringane. Kommunen baserer seg på tal gitt av sentrale styresmakter. Det er til ein viss grad rom for at kommunen kan gjere andre vurderingar, men dette fordrar at ein har føresetnader for å kunne vurdere lokale tilhøve opp mot nasjonale og gi eit kvalifisert

anslag på korleis dette ville slå ut i kommunen sine budsjett. Dei siste åra har spesielt skatteansлага blitt mykje betre enn forventa, med til dels store avvik. Heldigvis har det vore positive utslag mot budsjett, men desse avvika er utfordrande i høve planlegging og omtale av den kommunale økonomien.

Balansen

Balanserekneskapen viser verdien av kommunens eigendelar per 31.12.19, og korleis eigendelane (anleggs- og omløpsmidlar) er finansiert med høvesvis eigenkapital og gjeld.

	2016	2017	2018	2019	Endring 19-18
Anleggsmidlar					
Eigedommar, anlegg og utstyr	757 825 797	803 124 537	891 678 185	967 311 770	75 633 585
Utlån, aksjar, delar	84 902 186	87 475 096	91 688 210	96 868 896	5 180 686
Pensjonsmidlar	676 459 527	728 751 200	797 007 219	847 578 070	50 570 851
Sum anleggsmidlar	1 519 187 509	1 619 350 833	1 780 373 614	1 911 758 736	131 385 122
Omlaupsmidlar					
Kortsiktige fordringar	65 851 147	75 031 338	82 918 575	60 264 167	-22 654 408
Premieavvik	27 975 606	28 068 861	33 779 715	42 288 113	8 508 398
Obligasjonar	87 032 063	96 444 329	99 271 777	105 955 658	6 683 881
Kasse, bank	116 000 334	145 177 974	102 361 136	105 190 354	2 829 218
Sum omlaupsmidlar	296 859 150	344 722 502	318 331 203	313 698 292	-4 632 911
Sum eigendelar	1 816 046 659	1 964 073 335	2 098 704 817	2 225 457 028	126 752 211
Eigenkapital					
Frie fond	86 741 104	94 673 469	106 352 042	96 356 841	-9 995 202
Bunde fond	71 336 039	80 671 187	84 683 055	86 840 048	2 156 993
Ikkje disponert/inndekka resultat	3 117 022	20 013 114	-200 000	1 585 694	1 785 694
Kapitalkonto	224 017 490	280 165 872	379 242 946	411 377 513	32 134 567
Prinsippendringar	8 102 000	8 102 000	8 102 000	8 102 000	-
Sum eigenkapital	393 313 655	483 625 642	578 180 043	604 262 096	26 082 053
Langsiktig gjeld					
Pensjonsforpliktingar	856 312 808	893 814 137	922 289 991	977 503 020	55 213 029
Langsiktige lån	459 831 460	462 172 194	484 189 864	519 679 832	35 489 968
Sum langсiktig gjeld	1 316 144 268	1 355 986 331	1 406 479 855	1 497 182 852	90 702 997
Kortsiktig gjeld					
Anna kortsiktig gjeld	106 497 745	124 395 316	113 585 765	123 642 060	10 056 295
Premieavvik	90 991	66 046	459 154	370 020	-89 133
Sum kortsiktig gjeld	106 588 736	124 461 362	114 044 919	124 012 080	9 967 161
Sum eigenkapital og gjeld	1 816 046 659	1 964 073 335	2 098 704 817	2 225 457 028	126 752 211


Arbeidskapital

Arbeidskapitalen er eit mål på kommunen si likvide stilling, og gir eit uttrykk for kommunen sin evne til betale sine betalingsforpliktingar etter kvart som disse forfalle.

Arbeidskapitalen er omlaupsmidlar minus kortiktig gjeld. Utviklinga skapast av frigjorte midlar, med frådrag for dei som brukast til investeringar.

I 2019 blei arbeidskapitalen redusert frå 204,2 millionar til 189,686 millionar. Til samanlikning var samla driftsutgifter per månad i 2019 gjennomsnittleg på kr 56 millionar.


Utvikling arbeidskapital (tal i mill.)



Langsiktig gjeld

Netto lånegjeld utgjorde ved utgongen av 2019 rett under 500 millionar. Netto lånegjeld er justert for ubrukte lånemidlar med om lag 4,9 millionar og Startlån for vidare utlån på 23,6 millionar. Netto lånegjeld i % av netto driftsinntekter var om lag 63,5 %.

Utvikling lånegjeld 5 siste år




Fond

Dei kommunale fonda er delt inn i disposisjonsfond, bundne driftsfond, ubundne investeringsfond og bundne investeringsfond. Bundne drifts- og investeringsfond er midlar som er avsett til bestemte formål i samsvar med lov, forskrift, rekneskapsprinsipp eller eksterne vilkår (døme arv eller gavetil særskilte formål). Under desse kjem unytta øyremerka midlar som må betalast attende dersom dei ikkje vert nytta i samsvar med føresetnaden. Ubundne investeringsfond gjeld midlar som må settast av til og nyttast i investeringsrekneskapen, og kor kommunen sjølv kan velje til kva formål. Disposisjonsfond vil sei avsette midlar som ikkje er øyremerka for bestemte formål.

Utvikling fond


■ Disposisjonsfond ■ Bundne driftsfond ■ Ubundne investeringsfond ■ Bundne investeringsfond



Likviditetsgrad

Likviditetsgraden gir eit uttrykk for kommunen si evne til å dekke sine kortsiktige forpliktingar, og er forholdet mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld. Likviditetsgrad 1 består av alle omløpsmidlar sett i høve til kortsiktig gjeld.

Utvikling likviditetsgrad



2015

2016

2017

2018

2019

— Likviditetsgrad 1 — Likviditetsgrad 2

Omløpsmidlar bør vere delvis finansiert av langsiktig kapital, og bør difor vere større enn den kortsiktige gjelda. Forholdstalet på god likviditet er satt til 2. Likviditetsgrad 2 består av dei mest likvide omløpsmidlane (bank og obligasjonar) sett i høve til kortsiktig gjeld. Dei mest likvide omløpsmidlane bør være minst like store som kortsiktig gjeld, altså eit forholdstal på 1.

Likviditetssituasjonen i Vindafjord kommune er noko redusert frå 2018 til 2019. Grad 1 er noko svekka, då kortsiktig gjeld har auka ein del, medan kortsiktige fordringar har gått ned.

Finansforvaltning

Reglementet for finans- og gjeldsforvaltninga i Vindafjord kommune styrar dei grunnleggjande prinsippa for forvaltninga av kommunen si finansielle aktiva (plasserte midlar) og forvaltninga av gjeldsportefølja (passiva). Både finans- og gjeldsforvaltninga er gjennomført i 2019 i tråd med vedteke finansreglement, og blir rapport til politisk nivå tre gonger pr. år inkludert årsmelding. Det var ingen avvik mot reglementa i 2019.

Per 31. desember 2019 var samla låneportefølje på kr 519 679 832, av dette var kr 3 609 832 lån frå Husbanken til vidare utlån (Startlån). Av den samla låneporteføljen var om lag ein fjerdedel (127,07 millionar) sertifikatlån i verdipapirmarknaden, resten lån i Kommunalbanken. Netto auke i lånegjeld i 2019 var kr 35 489 968. Samla brutto renteutgifter blei kr 8 822 235 mot justert budsjett på 11 162 929. Auken frå 2018 var på vel 1,68 millionar.

Delen lån som har rentebinding over 1 år (fast rente) var på ca. 52,5 prosent, ei auke frå berre 22,3 % ved starten av 2019.

Kommunen har dei siste åra nytt godt av låge rentenivå. Det er ført ein aktiv gjeldsstrategi med kortare tidshorisont på låna og hyppige refinansieringar for å oppnå mest mogleg gunstige rentevilkår i marknaden. Dette medfører ein refinansieringsrisiko, men det blir vurdert til å vere handterbart. I løpet av 2019 er det likevel gjort to lengre rentebindingar på høvesvis 3 og 7 år, som har tatt ned risikoen noko. Kapitalbindingstida var 2,64 år ved slutten av året, ei auke frå 1,45 år på same tidspunkt året før. Indikatoren viser kor lang tid det i snitt tar før renter, avdrag og hovudstol er nedbetalt eller kommer til forfall.

I løpet av året er rentebindingstida auka frå 0,51 år til 2,01 år. Lengre rentebindingstid har gitt noko auka rente. Gjennomsnittleg vekta rente på porteføljen auka i løpet av 2019 frå 1,58 % til 1,85 % ved utgongen av året. Ein konsekvens av dette er rentesensitiviteten er redusert betydeleg gjennom året. Rentesensitiviteten viser netto auke eit år fram i tid for renteporteføljen ved ei auke i renta på 1 %. Indikatoren gjeld berre brutto renteutgifter, og tek ikkje omsyn til at ei renteauke også vil gje auka inntekter for kommunen.


Ved utgongen av året styringsrenta frå Norges Bank på 1,5 % og prognosene viste det som mest sannsynleg med ein uendra rente framover. Flytande p.t.-rente i Kommunalbanken var 2,4 % og indikative lånerenter for kommunane låg på 2,19 % for lån med rentebinding i 3 månadar til 2,28 % for rentebinding i 5 år. Dette bilete har i løpet av 1. kvartal 2020 endra seg stort som ein fylgje av korona-viruset. Norges bank senka i løpet av to veker i mars styringsrenta til 0,25 %. Rentenivået for kommunane ligg ved utgongen av mars 2020 på om lag 1,25 % for sertifikatlån på inntil 12 månadar, og indikative lånerenter på under 2 % for bindingar på inntil 10 år.

Ei renteauke har vore varsle nokre år, men er stadig blitt flytta fram i tid. I løpet av 2019 kom det eit løft, men eit stykke inn i 2020 er bilete heilt forandra av korona-viruset. Sjølv om det er knytt stor usikkert til lånerenta, er det svært sannsynleg at den på eit eller anna tidspunkt vil

gå opp. Det er viktig å ta omsyn til, slik at ein kan handtere auken når den kjem. Renteutgifter er ikkje del av inntektssystemet, og må difor dekkast innanfor kommunen sine samla rammer. Samstundes vil ein del av renteauka bli dekka inn gjennom auka gebyr og høgare renteinntekter.

Kommunen har plassert likviditet i bank, eigenkapitalbevis og sertifikat/obligasjonar. Samla marknadsverdi ved utgongen av året for plasseringane var kr 85 404 008 i obligasjonar og kr 20 551 650 i obligasjonar. Kommunen har plassert pengar gjennom to ulike forvaltarar og avkastninga i 2019 var godt over 6 %. Til samanlikning var renta på bankinnskota til kommunen var om lag 2,4 % ved utgongen av 2019.

Utvikling finans 5 siste år



Rente- og avdragsbelastninga dei siste 5 åra vore svakt aukande. Avdragsutgiftene har vokse som følgjer av auka låneopptak, medan renteutgiftene har vore relativt stabile som følgje av lågare rentenivå. Avdragsutgiftene er vesentleg høgare enn renteutgiftene, og kommunen betalar betydeleg meir i avdrag enn lovkravet.

Finansinntektene blei samla mykje betre i 2019 samanlikna med 2018. Aksjeutbytte frå Haugland Kraft var i 2019 ekstraordinært stort, mellom anna på grunn av transaksjonen av Haugaland Næringspark, og utgjorde vel 14,6 millionar, nesten 7,9 millionar høgare enn 2018 og vel 2,7 millionar over justert budsjett. Inntektene frå aktiv forvaltning av eigenkapitalbevis og obligasjonar gav samla inntekter på 6,5 millionar, heile 4,3 millionar betre enn 2018. Inntektene frå bankinnskot var 265 000 lågare i 2019. Samla var renteinntektene 2,44 millionar høgare enn justert budsjett. Finans gav ei samla meirinntekt mot justert budsjett på 5,3 millionar, og mindreutgifter på lån 2,3 millionar.

Som eit resultat av dette er netto finansutgifter gått ned frå 19,3 millionar til 10,9 millionar og med nesten halvert frå 2018 til 2019.

Konklusjon

2019 var eit krevjande økonomisk år for Vindafjord kommune. Overskridningar innan fleire tenesteområde har vore skissert gjennom tertialrapporteringane, men har vist seg å vere krevjande å rette opp i. Positive avvik mot budsjett på dei fleste finansområda gjorde at resultatet likevel hamna i pluss. Dette inkluderer mykje høgare skattinngang, utbetaling frå Havbruksfondet, høgare utbytte frå Haugaland Kraft, betre avkastning på finansielle plasseringar og ikkje minst eit stort positivt premieavvik. I tillegg gav periodiseringar knytt til bunde fond ein positivt effekt på resultatet.

Kommunen har no lagt bak seg to år me store driftsoverskridinger i den underliggende drifta til rammeområda, der resultatet har blitt redda av høgare finansielle inntekter. Det betyr at dei siste to åra har kommunen reelt sett drifta seg over sin økonomiske evne. Dette er ikkje berekraftig over tid, og er alvorleg for den økonomiske balansen. Det er Helse og omsorg som samla har dei største avvika mot budsjett, men også drifta innan Forvaltning, drift og utvikling er krevjande. Oppvekst og kultur og Administrasjonen har mindre avvik, og kjem samla ut med eit lite mindreforbruk.

Ved politisk rapportering etter 1. tertial blei det gjort noko tilpassingar til utfordringane i drifta. Dette har ikkje vore nok, og større grep innan fleire tenesteområde er påkravd. Saman med varsla innstrammingar på inntektssida vil den økonomiske situasjonen truleg bli enda meir krevjande framover. Den totale ressursbruken må vurderast, og kommunen må ta vegval i høve tenesteomfang og standard for fleire tenester framover.

3. Visjon og overordna mål

3.1 Visjon

"Vindafjord kommune – **VITAL OG SENTRAL**" er kommunen sitt slagord, og er godt dekkande for kommunen si overordna målsetjing som **livskraftig distriktskommune** på indre Haugalandet. Kommunen sitt verdival er sentrert omkring omgrepa trivsel, handlekraft og levande bygder

I ordet **VITAL** ligg evne til omstilling, prioritering og nyorientering i høve til dei utfordringar som ligg framføre oss. Kommunen skal vera proaktiv i sine prioriteringar og val. I ordet vital ligg og at ein skal arbeida for å vidareutvikla levande bygder og nyta den krafta som ligg i bygdeengasjementet, til positiv utvikling for alle innbyggjarane. Kommunen skal vera stadig på leit etter betre løysingar for innbyggjarane og ha fokus på kvalitetsutvikling av tenestene

Ordet **SENTRAL** femnar om kommunen si sentrale plassering og ambisjonen om å vera sentrum for Indre Haugalandet. Det er forpliktande i høve til utvikling av Ølen sentrum og å legga til rette for næringsutvikling og vekst. Det er og ei målsetjing at kommunen er sentral i høve til kor folk ønskjer å bu og arbeida og kor bedrifter ønskjer å etablera seg. Dette krev nært samarbeid mellom kommune, frivillige lag og organisasjonar og næringslivet.

3.2 Overordna mål

Følgjande overordna mål støtter opp under visjonen om å vera ein "Vital og Sentral kommune"

- Den kommunale tenesteytinga skal vera prega av høg kvalitet og respekt for den einskilde. Tenestetilbodet skal bidra til at den einskilde opplever meistring av eigen kvardag og eige liv.
- Arbeidsmiljøet i Vindafjord kommune skal vera prega av innsatsvilje, trivsel og humor.
- Vindafjord kommune skal vera i framkant av utviklinga. Innovasjon, samhandling og endringskompetanse skal prege organisasjonen og tenesteutviklinga. I dette ligg og det å ta vare på og vidareutvikla god praksis.
- Kommunen skal gjennom strukturert samhandling med frivillig sektor bidra til eit aktivt og positivt bu- og oppvekstmiljø i alle bygdene.
- Vindafjord kommune skal ta ei sentral rolle i utviklinga av den indre delen av Haugalandet, med Ølen som eit naturleg senter.

4. Strategiar


4.1 Samfunnsutvikling

Folketalsutvikling

Folketalsutviklinga dei ti siste åra viser, viser at veksten ein hadde i starten av perioden har flata ut. Trenden for dei to siste åra viser nedgang. I 2019 gjekk folketalet ned med 29 personar, noko som svarar til ein reduksjon på 0,33%. Endringa er sett saman av eit fødselsoverskot på 22 personar, og ei netto utflytting på 51 personar.

Når folketalet stagnerer eller avtek, er det utfordrande for utviklinga av kommunen. Vindafjord kommune har ei målsetting om ein årleg folketalsvekst på 1% eller meir. Såleis ligg ein godt under måltalet.


Utvikling folketal, 2006-2020



I 2019 var det ei netto utflyttinga innlands på 47 personar. Dei siste ti åra har det vore ei netto innanlands utflytting på i snitt 35,6 personar. Det er positivt at kommunen i same periode berre har hatt fødselsoverskot. Fødselsoverskotet i 2019 var på 22 personar, noko under snittet for siste 10 år på 28,1 personar.


Også i 2019 var det ein netto utflytting til utlandet. Den sterke innflyttinga frå utlandet kommunen såg fram til 2016 har stagnert og dei siste fire åra har det samla vore eit utflytting på 6 personar. Dette er ei markant endring frå åra før med mellom 50 og 150 i årleg netto innflytting frå utlandet.

Årsakar til folketalsutviklinga




Folketalsutviklinga i 2019 fordelt på alder viser størst nedgang i aldersgruppa 0-5 og 13-15 år. Også den yrkesaktive delen av befolkninga har ein nedgang. Ser enn på aldersgruppene under 19 år er det berre 6-12 år som har ein svak vekst. Samla går denne folketalet 19 år og yngre ned med 39 personar. Det er uheldig for befolkningsutviklinga over tid. Aldersgruppa 16-19 år har negativ utvikling, og representerer ungdom i vidaregåande skule. Aldersgruppa tilhøyrande småskule og mellomtrinn viser ein liten auke, medan aldersgruppa for ungdomsskulen er relativt stabil. Dei eldste aldersgruppene frå 80 år og oppover er samla om lag uendra, medan aldersgruppa 67-79 har den største auken. Dette viser at gjennomsnittsalderen i kommunen er stigande, noko som er uheldig med tanke på vidare utvikling og vekst.

Endring i folketal 2019 *Aldersamansett*



Ser ein utviklinga over ein treårsperiode, er bildet mykje det same. Det er særleg grunn til bekymring at dei yngste aldersgruppa har ein negativ trend. Dei siste tre åra er det blitt 64 færre barn i aldersgruppa 0-5 år. At det er vekst i desse gruppene er truleg avgjeraende for vidare utvikling og vekst i kommunen. Samla har aldersgruppa 19 år og yngre gått ned 103 personar dei siste 3 åra. Også den yrkesaktive delen av befolkninga minkar (-82 personar). Det kan framover ha innverknad på utviklinga i dei yngste aldersgruppene. Aldersgruppa 67 til 79 år har som forventa den største auke med 85 fleire personar dei siste tre åra. Gruppa over 80 år har blitt redusert med 15 personar i den same perioden.

Endring i folketalet frå året før (2017-2019) *Aldersamansett*




Folketalsutviklinga i 2019 i dei ulike grendene, viser at det Sandeid (7), Skjold (16) og Ølen (15) hadde ein liten vekst i folketal. Dei andre grendene hadde uendra eller nedgang i

folketalet. Det er særleg Vats som har ei negativ utvikling med 37 personar (3,0 %),, men også Bjoa med 9 personar (-2,1 %) og Vikebygd 12 personar (-2,0 %).

Det samla folketalet i dei ulike bygdene viser at folketalet i Ølen er størst, med Skjold, Vats og Sandeid på dei etterfølgande plassane. Det lågaste folketalet finn ein i Imsland, med Bjoa og Vikebygd på dei neste plassane.

Folketal fordelt på grender, 01.01.16 til 1.1.20



Ser ein utviklinga dei tre siste åra, ser ein at særleg Skjold har ein vekst i folketal med 52 personar (3,39 %). Også Ølen har ein liten vekst på 22 personar (1,23 %). Vats og Bjoa merkar seg ut negativt med nedgang på høvesvis 103 og 34 personar. Det svarar til ein nedgang på høvesvis 7,92 % og 7, 31 % dei siste tre åra. Elles er det ein negativ trend med folketalsnedgang i både Ølensvåg (-22), Vikedal (-8) og Sandeid (-8). Imsland (0) og Vikebygd (+2) er om lag uendra i den siste treårsperioden.

4.1.1 Attraktivitet og Busetnad

I ei tid der folketalsutviklinga har endra seg frå vekst til stagnasjon og nedgang er det ekstra viktig å ha fokus på attraktivitet og busetnad.

For tida er det 2 prosjekt som særskilt arbeidar med attraktivitet og busetnad.

- Prosjekt Vakre Vindafjord (tidlegare attraktivitetsprosjektet)
 - Jobbar aktivt med å sikre varig drift av «Handlebussen». Prosjekt Vakre Vindafjord har sikra drifta ut 2019. Bussen skulle bidra til betre kvarlagsattraktivitet for alle som slit med å kome seg til butikken på eigen hand. Dette har vist seg svært vellukka og er i høgste grad eit helseførebyggande tiltak. 15 – 25 stykk har brukt bussen kvar veke frå oppstart. Det arbeidast nå vidare med å sikre Handlebussen som eit fast tilbod i kommunen. Det er førebels ikkje midlar til dette og ulike samarbeidsløysingar er sett på. Det er vedteke eigen logo for Vakre Vindafjord. I løpet av hausten 2020 vil ein felles marknadsføringspakke lanserast i samarbeid med service og fellestenester og forhåpentlegvis nye heimesider for kommunen.
 - Tettstadprosjektet i Ølen
Det 3- årige pilotprosjektet vart avslutta i 2019. Mest sannsynleg vil Ølen kunne søkje om å bli med i eit forlenga prosjekt som vil starte opp i 2020. Ein jobbar framleis med å få lytt ut anbod om å utarbeide eit moglegheitstudie som skal vidareføre arbeid gjort i tettstadprosjektet så langt og sjå på framtidige gode løysingar for tettstadutviklinga i kommunesenteret vårt.

4.1.2 Berekraftig arealforvaltning

Utarbeiding av bustadanalyse med sentrumsanalyse for Skjold er ein viktig strategi i 2019 som skal gi eit godt grunnlagsmateriale for revisjon av kommuneplanen. Endeleg versjon er levert kommunen og formannskapet er orientert om innhaldet. Bustadanalysen skal også gi oss eit grunnlag for å utarbeide ein bustadstrategi som også kan gi viktige bidrag til auke i attraktiviteten i kommunen.

4.1.3 Folkehelse

Arbeidsgruppa (folkehelseforum) er i sluttfasen av revisjon av oversiktssdokumentet som skal gi ei oversikt over samla utfordringsbilete innanfor folkehelse. Det vert arbeidd godt med dette i folkehelseforum der dei fleste fagområda i kommunen er representert. Til tross for at det ikkje er direkte avsette ressursar til folkehelsearbeidet drar me god veksel på tverrfagleg kompetanse. I 2019 bestemte Vindafjord seg for å bli med på ein felles søknad gjennom folkehelseprogrammet med namnet «Trygge foreldre på Haugalandet». Det er eit samarbeidsprosjekt mellom Haugalandskommunane Sauda, Vindafjord, Tysvær, Karmøy og Haugesund. Søknadsfrist er i april 2020.

4.1.4 Oppvekst

Det er gode skular og barnehagar i kvar bygd, der det vert lagt til rette for tidleg innsats og samarbeid om gode overgangar mellom barnehage og skule, småskule og ungdomsskule og så vidare overgangen til vidaregåande. Ein ny revidert plan for dette er utarbeida.

Det er lett tilgang til kulturskuletilbod og andre kulturelle aktivitetar. Det er ein prosess på å utvikle uteområda rundt skular og barnehagar i alle bygder, og sjølv om dette er under utvikling er det likevel gode leikemoglegheiter for barn og unge i kommunen.

Kommunen har idrettshall i alle strok, indre (Vikedal), midtre (Ølen) og ytre (Skjold), med gode idrettsanlegg rundt til ulike aktivitetar.

Det er viktig med gode og trygge skulevegar, og der det ikkje er lagt til rette for dette blir det innvilga skyss for særskild farleg skuleveg, ein plan som er vedteken av Kommunestyret.

I barnehagen og skulen vert det jobba med førebygging og haldningsarbeid i samband med det å ferdast trygt langs vegen, både til fots, med sykkel og andre framkomsmidlar. Det vert arbeida godt med det psykososiale miljøet i barnehage og skule. Det er viktig at alle barn og unge opplev eit trygt og godt barnehage – og skulemiljø. Kommunen er i gong med utarbeiding av barnehage – og skulebruksplan, eit eksternt konsulentbyrå skal utarbeide ein rapport som gir grunnlag for vidare standard for barnehage og skular i Vindafjord i framtida.

4.1.5 Klima, energi og Miljø

Vindafjord kommune må ta sin del av eit globalt ansvar og utfordringa må også møtast med lokale praktiske, taktiske, strategiske og haldningsmessige tiltak, for slik å delta i arbeidet med å stansa den negative globale utviklinga.

Utfordringane er sektorovergripande. Planstrategien seier at ein må «Gjera energi- og klimaarbeidet til ein naturleg del av kommunen si verksemd».

I år vil det i hovudsak bli jobba med å få inn det vidare arbeidet i ny planstrategi og gjennom revisjon av kommuneplanen. Planstrategien har blitt arbeid med i 2019 og skal opp til endeleg handsaming våren 2020. Det i 2019 ikkje lykkast å setje av tid til å sjå nærmere på «klima- og miljøpris».

4.2 Tenesteutvikling

4.2.1 Busetjing av flyktningar og integrering

Busetjing av flyktningar og integrering

Vindafjord kommune godtok, etter oppmading frå IMDI-vest, å busetje 15 flyktningar i 2019. Det vart busett 13 av desse i 2019. Årsaka til at me busette færre var at me ikkje fekk tildelt fleire frå IMDI.

Det vert arbeidd fortløpende for å etablera praksisplassar og språkarbeidsplassar både i offentleg og private regi.

Det er oppretta faste møtepunkt mellom rekrutteringskontakt i NAV og programrådgjevar slik at NAV med sin arbeidsmarknadskunnskap kan vera med å kartlegga framtidig behov for arbeidskraft, og dermed legge opp meir berekraftige løp for elevane.

Det er og etablert eit tettare samarbeid mellom programrådgjevar og vaksenopplæringa i forhold til kartlegginga av elevane og korleis legge opp løpet i introduksjonsprogrammet.

4.2.2 Bustadsosial handlingsplan

Bustadsosial handlingsplan er gjeldane for 2018 – 2022.

4.2.3 Rusmiddelpolitisk handlingsplan

Rusmiddelpolitisk handlingsplan er ein del av plan strategien og reviderast i starten av kvar kommunestyreperiode, planen blir revidert i starten av 2020.

«UngData» undersøking blei gjennomført våren 2019 og sidan den gong har ein presentert og analysert dei enkelte resultata for vidare bruk inn mot førebygging og haldningsarbeid ut til elevar, føresette og tilsette. Det vert gjort ein god jobb med førebygging, det er viktig med godt samarbeid med politiet, noko SLT koordinatoren har. Saman engasjerer dei foreldra i dette viktige arbeidet. Kommuneleiinga og politisk leiing møter saman med politiet til Politiråd/styringsgruppe SLT to gonger i året, for å bli orientert om status for arbeidet med handlingsplanen for SLT, som dettar rådet har vedteke. Ein ser at det er stort behov for å ha ein koordinerande rolle for dette viktige førebyggande arbeidet.

2019 var siste år med prosjektmidlar til BTI arbeidet, som skal sikra ein god og koordinert innsats over for barn og unge, der me fangar opp og følgjer opp, med rett hjelp til rett tid.

Web basert handlingsretteliar for BTI-arbeidet er tilgjengeleg på nett, via heima sida til kommunen. Denne er retta mot både brukarar, barn/ungdom/vaksne og tilsette. BTI-koordinator har hatt ein runde på stort sett alle einingar som jobbar med barn og unge med handlingsretteliaren som tema.

Arbeidet med å revidera tiltaksdelen i Helse- og omsorgsplanen vert starta opp i 2020, viser elles til kommunal planstrategi for 2016 – 2019.

4.2.4 Velferdsteknologi

- Det er sett av 3,36 mill til investering av nye velferdsteknologi-løysningar i budsjettperioden. Det er ikkje brukt av desse midlane enno, då ein har nytta leasing på ein del utstyr, men det er i gangsett eit arbeid med å sjekka med dei ulike einingane innan helse- og omsorg kva behov dei har, som eventuelt kan dekkjast ved bruk av teknologi.
- Kommunen er med i det interkommunale velferdsteknologiprosjektet på Haugalandet. Her vert det mellom anna jobba med felles innkjøp av teknologi og anskaffing av nye tryggleiksalarmer mm. Konkuransen er utlyst på Doffin, og det er gjennomført pre kvalifisering av aktuelle firma. No ventar ein på konkrete tilbod, før ein skal i gong med utveljing av firma og konkrete forhandlingar fram mot juni- 20. Det er fortsatt mål om implementering av teknologien frå hausten 2020.
- Vindafjord Kommune er i gang med å innföra elektroniske medisindispenserar. Alt det strukturelle og organisatoriske rundt medisineringsstøtte er på plass, og ein har hatt opplæring for tilsette i heimetenesta i bruk av dispenserane. Det er også utarbeidd planar for gevinstrealisering, og ein startar med registrering av gevinstar parallelt med implementering av medisindispenserane.
- Demonstrasjonsbustad for velferdsteknologiske løysningar vert lagt til ein av bustadene i 1. etasje på Ølen omsorgssenter. Her er det fortsatt behov for nokre avklaringar før dette kan i verk settast, og ein kan nytta denne bustaden til syning av ulike velferdsteknologiske løysingar. Til dette er avklart, jobbast det vidare med å sjå på moglege digitale og fleksible løysingar, der ein kan få vist fram dei forskjellige velferdsteknologiske løysingane ein har i Vindafjord kommune.

4.2.5 Kvardagsrehabilitering og førebyggjing

I 2019 har 20 brukarar fått tilbodet kvardagsrehabilitering. Dette var og målsetjinga. Tenesta er gratis og tidsavgrensa til 5 veker. Teamet har vore komplett heile året og det har fungert veldig bra. Dei har vore aktive i forhold til markedsføring. Teamet har blitt med i kvardagsrehabiliteringsnettverk for helse Fonna-regionen. Ein har i tillegg revidert og oppdatert alle papir og brosjyrar som dei bruker undervegs i prosessen».

4.3 Organisasjonsutvikling

4.3.1 Økonomi, styring og service

Eigedomsskatt – retaksering:

Det er gjennomført eit prosjekt for ny ålmenn taksering som dannar nytt grunnlag for eigedomsskatt frå 2020.

Kommunal service:

Vindafjord Kommune deltar i DigiRogaland, og nyttar dette som vår primære plattform for digitalisering. Som ein følgje av prosjektet initiert i 2018, knytt til felles IKT-eining på Haugalandet, har det blitt jobba med ein rapport om korleis ei slik eining kan organiserast. Dette arbeidet vart avslutta i 2019, med førebels beslutning om å ikkje oppretta eit interkommunalt samarbeid.

Kommunen har elles fokus på korleis vi handterer førespurnader, slik at dei som ønskjer å ha kontakt med oss skal oppleve å bli motteke på ein positiv måte. I 2019 starta sju kommunar på eit felles prosjekt som tek for seg innføring av nytt sakshandsamingssystem. Dette inneber felles system, men også felles malverk og eit arbeid med ”Klart språk” som skal gjera tekstane våre meir lesarvennlege.

Oppfølging av budsjett og politiske vedtak:

Rapportering på budsjettet skjer gjennom tertialrapportar, slik det er vedteke i delegeringsreglementet. Kommunestyret bad våren 2019 om månadleg rapportering i formannskapet, men på grunn av den oppsette møtekalenderen har dette vore vanskelig å få til. Hausten 2019 gjekk ein over til bruk av «FramSikt» som verktøy for budsjett og rapportering, noko som vil forenkla rapportering til politisk nivå i 2020. Rapportering på status på større investeringar blir gjort i kvart formannskapsmøte. Oppfølging av politiske vedtak er gjort i samband med tertialrapportering.

Personvernlovgjeving:

Ei prosjektgruppe har arbeidd mykje med dette våren 2019 i samarbeid med Etne kommune. Det har vore fleire samlingar med mange involverte frå tenestene. Prosjektet vart i andre tertial implementert i drifta. Vindafjord kommune har eige personvernombod.

4.3.2 Tverrfagleg samhandling og innovasjon

BTI arbeidet skal sikra ein god og koordinert innsats over for barn og unge, der me fangar opp og følgjer opp, med rett hjelp til rett tid. I eit heilskapleg perspektiv kan ein sjå BTI arbeid som folkehelsearbeid og med tidleg innsats og foreldreinvolvering er det også godt grunnlag for SLT arbeidet. Handlingsrettleiar er publisert på nett, noko som gjer at BTI-modellen er lett tilgjengeleg for barn, ungdom, føresette og tilsette.

Tverrfagleg oppvekstteam er godt i gong på skulane. «På Gli med BTI-konferansen», som i år var i Skjold Arena 15. november, samla alle tilsette og bidrog til ein felles fagleg oppdatering som la grunnlag for interne drøftingar ut frå ulike perspektiv. Dette resulterer i at me som jobbar med barn og unge har eit stødig grunnlag for godt tverrfagleg samarbeid og god samhandling.

Leiarutviklinga i Vindafjord har dei siste åra hatt mykje fokus på innovasjon og innovativ tenking ved hjelp av BLT – modell (Behov – Løysing – Test). Dette er tenesteutvikling med brukaren sitt behov som viktigaste element. Strategisk leiargruppe arbeidde i 2019 med eit arbeid i BLT-form som tek sikte på å finna framtidas Vindafjord kommune, inkludert organisasjonsstruktur.

«Bygdamodellen» med oppvekstteam og samordningsteam er evaluert i samband med BTI-arbeidet. Det er tatt utgangspunkt i å halde fast ved det som er nyttig og viktig for godt tverrfagleg samarbeid mellom tenestene i kommunen. Samstundes er det vektlagt at hjelp og samarbeid skal treffe best mogeleg direkte ut til dei som har nytte av det, altså barn, unge og deira familiar. Samhandlingsmodellen syner korleis kommunen tidleg skal fange opp ei bekymring og gi rett hjelp til rett tid. Organiseringa vert effektivisert og strukturert for å sikre tidleg innsats og god dialog. Saka kjem opp våren 2020.

Leiarane og tilsette brukar Teams som kommunikasjonsplattform, som er ein god og kostnadseffektiv erstatning for fysiske møter. Her delar ein dokumentar og presentasjonar. Teams kan også brukast i samband med møter med bedrifter, kommunar, Fylkesmannen, fylkeskommunen og Staten m.fl. I staden for å reise langt for å avvikle møte, kan ein ta det på datamaskinen, då sparar ein mykje tid og pengar, og frigir samstundes tid til anna viktig arbeid. Teams blir også brukt til effektive møte og dokumentdeling til internt arbeid. Det at leiar kan vera meir på staden dei er sett til å leie, gjer at dei tilsette opplever å ha synlege leiarar og også at ein får meir tid til leiing.

4.3.3 Rekruttera og behalda kompetanse

Målet er å vera ein omstillingsdyktig og serviceinnstilt kommune til beste for våre innbyggjarar. For å oppnå dette må me klara å rekruttera/behalda medarbeidarar med evne og vilje til stadig forbeting.

Det vert teke inn lærlingar, dei fleste av dei i helsefag. Ein har også mange innafor barne- og ungdomsarbeidarfaget. Vindafjord kommunar har inntil 15 lærplingplassar, men har sidan

hausten 2018 hatt ytterlegare to lærlingar som følgje av eit politisk vedtak. Me har også vore med i prosjektet Menn i Helse. Det vert arbeidd med sjukefråværs- og deltidsproblematikk.

Arbeidsgjevar ynskjer seg fleire tilsette i heiltidsstillingar. Ein ynskjer seg både at arbeidsgjevar kan tilby heile stillingar, men ikkje minst at tilsette/framtidig tilsette skal ynskja seg heile stillingar sjølv. Forsking viser at ynskt deltid er av eit mykje større omfang enn uynskt deltid. Tilsette i deltid er ei stor arbeidskraftsreserve i kommunen. Ei arbeidskraftsreserve som me veit at me kjem til å trenga i framtida, om kommunesektoren skal ha tenester på same nivå som i dag. I november 2019 var heiltid orienteringstema i kommunestyret.

Kommunen er med i eit samarbeidsprosjekt med KS og Nav Arbeidslivssenter om å redusere sjukefråværet, NED – med sjukefråværet. Der er satsinga særleg retta mot førebygging og leiaropplæring. Prosjektet vert no vidareført i drift, men med hjelp frå Arbeidslivssenteret. Sjukefråværet har gått ned i løpet av året, og enda på 6% for året 2019.

Ein har store rekrutteringsutfordringar på nokre grupper, deriblant sjukepleiarane. Her er kommunane i same båt, og ein såg at ein også hadde byrja å overby kvarandre i ”kamp” om dei sjukepleiarane som fantes. Det gir naturlegvis ikkje fleire sjukepleiarar, så løysinga på denne utfordringa ligg sannsynlegvis andre stader. Tariff 2019 gjorde uansett om på dei fleste kommunane på Haugalandet sin lønspolitikk, blant anna når det gjeld sjukepleiartillegget som dei fleste tidlegare hadde. Kommunane har hatt ein dialog med Høgskulen på Vestlandet angåande bemannings- og rekrutteringssituasjonen for sjukepleiarar.

4.3.4 Samfunnstryggleik og beredskap

Det er fleire område i kommunen som ikkje har breiband og der mobildekning er særleg lav. Det arbeidast med å finne løysingar på dette som ikkje er for kostnadskrevjande. Kommunen går vidare med eit breibandsprosjekt mellom Ølen og Sandeid og jobbar for tida med Telenor om samarbeidsprosjekt knytt til 8 områder med svært dårlig mobildekning.

Det oppstod brann på Skjold skule 1. mars 2018. Det har vore ein lengre periode med kortsliktige mellombelse løysingar. Forsikringsoppgjerset er nå avgjort og gjenoppbygging er starta.

Vindafjordhallen brann ned 22. juli 2019. Kommunen fekk i oktober melding om at forsikringsselskapet vedtok avkorting på 30 % på forsikringa, noko som har verka inn på prosessen med gjenoppbygging. Kommunen har valgt å klage på forsikringsvedtaket til Forsikringsklagenemnda.

Arbeidet med revidering av overordna Risiko og Sårbarheitsanalyse (ROS) er godt i gong, og vart sendt på høyring desember 2019. Arbeidet er gjort i samarbeid med Etne kommune, som og måtte revidere sin overordna ROS. Framdriftsplan legg opp til endeleg handsaming i kommunestyret våren 2020.

5. Investeringar

5.1 Administrasjon og fellesdrift

20001 Fornyng av IT-utstyr

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
239 543,-	-	-	0

Restmidlar er nytta til prosjekt 21014.

20003 Velferdsteknologi - løysingar

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
500 000,-	480 000,-	-	980 000,-

Midlane er knytt opp til det pågående velferdsteknologi-prosjektet. Det vart sendt ut anbod på anskaffelse av mestrings og tryggingsteknologi gjennom det felles prosjektet på Haugalandet i desember 2019. Elektroniske medisindispensere er tatt i bruk gjennom leasingavtale.

20004 Prosjektleiing/kostkontroll

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
-	1 360 000,-	1 212 627,85	147 372,-

Midlar sett av til å dekke kostnadene for stillingar knytt til prosjektleiing og kostkontroll av større investeringsprosjekt. Det er gjort tilsetjing i kostkontrollstillinga med oppstart 1.desember.

5.2 Oppvekst og kultur

21001 Barnehageutbygging

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
397 188,-	-	553 074,-	-155 886,-

Prosjektet er ferdigstilt. Overskridning vert dekka av 21003.

21002 Skuleutbygging Ølen – ombygging biblioteket

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
-	2 900 000,-	136 591,-	2 763 409,-

Det er i sett av midlar til ombygging av biblioteklokalet ved Ølen skule etter at biblioteket flyttar inn i Sjøperlo. Prosjektering pågår, planlagt ferdigstilt før skulestart 2020.

21003 Vidare utbygging og rehabilitering av skular/barnehage

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
546 424,-	800 000,-	802 085,-	544 339,-

Midlar sett av til oppgradering og nødvendig ombygging for skular og barnehagar.

Størsteparten av summen vart nytta til oppgradering/tilpassing av uteområdet ved Skjold barnehage etter utbygging. Her gjenstår noko asfaltering. Det er også utført oppgradering av trafikkareal/p-plass ved Sandeid skule. Delar restmidlane (155 886) går til dekning av prosjekt 21001.

21004 Kultur- og læringssenteret Sjøperlo

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
17 813 122,-	2 460 000,-	31 143 404,89,-	-10 870 282,89,-

Nybygget er i all hovudsak ferdig, kun mindre avvik gjenstår å rette. Det gjenstår noko arbeid på i eksisterande bygg. Ein reknar med å ha lukka alle avvik til påske 2020. Meirkostnadane skuldast bl.a. dyrare grunn- og betongarbeid (pæling) enn forutsatt, manglar ved prosjektering og endringar og tilleggsbestillingar undervegs. Sluttoppgjer vert framlagt i september. Bygget vart offisielt opna 28.september.

21008 Interkommunalt anlegg (Fjellstøl)

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
219 631,-	-	320 726,-	-101 095,-

Prosjektet er ferdigstilt. Etter avtale med idrettslaget er det kjøpt inn møbler til bygget. Dette vert dekka av midlar frå innkrevde parkeringspengar.

21009 Aktivitetspark

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
-	9 958 000,-	10 078 583,-	-120 583,-

Parken er i all hovudsak ferdigstilt, kun mindre avvik gjenstår å rette. Sluttoppgjer gjenstår. Parken vart offisielt opna 28. september.

21010 Gjenoppbygging Skjold skule – dekka av forsikring

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
-	-	2 276 573,-	-2 276 573,-

Alle fakturaar knytt til kostnadane ved gjenoppbygginga av Skjold skule vil bli betalt av Vindafjord kommune, og så får ein dekka kostnadane frå forsikringsselskapet etter kvart. Kostandar som skal dekkast av KLP vert ført her.

21011 Vindafjordhallen

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
311 761,-	980 000,-	311 497,-	902 390,-

Vindafjordhallen brann ned til grunnen natt til 22.7.2019. Då hallen brann ned var alt arbeidet knytt til KS-sak 060/18 allereie utført. Arbeidet med oppgradering av ventilasjonsalegg i bygget var omtrent halvvegs. Endeleg oppgjer med entreprenør er førebels uavklart.

21012 Gjenoppbygging Skjold skule – Vindafjord kommune

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
-	10 000 000,-	1 436 413,-	8 563 587,-

Kostnadar knytt til oppgradering av mellomtrinnsdelen av Skjold skule i samband med gjenoppbygging av skulen etter brann (KS-sak 052/18). 1 mill av dette er satt av til å dekke innkjøp av pc-ar, inventar og liknande til skulen. Prosjektet pågår og er planlagt ferdigstilt før skulestart 2020.

21014 IT-plan skule

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
-	1 639 543 000,-	1 661 181,-	- 21 630

Det er gjort innkjøp av it-utstyr i tråd med plan. Det er voerført 239 543 frå prosjekt 20001. Meirforbruket på kr 21 638 vert justert mot ramme for 2020 på prosjektet.

23016 Uteanlegg skule – barnehage

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
-	480 000,-	-	480 000,-

Årets midlar er sett av til oppgraderingar ved Vats skule, og vert gjort i samarbeid med VA-avdelinga. Pga. manglante kapasitet vart ikkje arbeidet starta i 2019. Omfanget er også større enn avsatte midlar. Arbeidet er planlagt utført i løpet av 2020

23017 El-tavler Vats, Bjoa, Ølen skule

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
-	-	275 679,-	-275 679,-

På skulane i Bjoa og Ølen er enkelte elektriske tavler så gamle at det byr på utfordringar å få tak i deler. Ein vil også få bytta ut skrusikringar med automatsikringar. Oppgradering av el-tavle på Bjoa er ferdigstilt. Arbeidet vert finansiert frå prosjekt 23002. Oppgradering av el-tavle i Ølen vert utsatt til oppgradering av ventilasjonsanlegg er avklart (økonomiplan 2020).

5.3 Helse og omsorg

22001 Bustadar til helse- og omsorgsføremål

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
1 991 372,-	7 800 000,-	1 854 145,-	7 937 227,-

Midlar satt av til bygging av omsorgsbustadar for psykisk/fysisk funksjonshemma i Ølen for å erstatte Seljebakken, som skal nyttast til andre føremål. Kostnadene så langt er knytt til grunnerverv og prosjektering.

22004 Aktivitetshuset – utviding med vaskehall

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
-	1 000 000,-	-	1 000 000,-

Før vaskehall kan byggast, må mellombels bustad flyttast. Ein ser nå på alternative plasseringar for denne bustaden. Det er sett av midlar til flytting i budsjett 2020.

22006 Vindafjordtunet - reservestraumsaggregat

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
2 744 852,-	-	-	2 744 852,-

Det vart installert naudstraumsaggregat ved Ølen omsorgssenter til bruk ved straumbrot i 2015. Det er planlagt tilsvarende tiltak for Vindafjordtunet. Arbeid med dette er ikkje starta.

22008 Vindafjordtunet – Ventilasjonsanlegg

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
-	3 200 000,-	-	3 200 000,-

Ventilasjonsanlegget for store delar av Vindafjordtunet er gammalt og fungerer dårlig. Dette er spesielt tydeleg om sommaren, då innstemperaturane kan bli høge. For å betra situasjonen vil ein sjå på moglege løysingar for å få oppgradert anlegget og ev. få installert kjøling.

Summen er basert på eit tidlegare prosjekt, men for å få rett kostnad, må det utførast prosjektering. Prosjektering er ikkje starta.

22009 Ølen omsorgsenter – Personheis

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
303 000,-	-	327 650,-	-24 650,-

Personheis på plass. Restmidler er disponert til inventar og utstyr ved ØOS, inventar og utstyr i legekontor-delen av beredskapsenteret. Rest vert dekka av Prosjekt 23002

22010 Vindafjordtunet – Bemanna omsorgsbustadar

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
-	500 000,-	-	500 000,-

Midlar sett av til mindre ombygging av bustadar inne på Vindafjordtunet. Prosjektet er ikke starta pga. endring i behov og at det difor ikke er avklart kva ombygging som trengs.

22011 Skjoldali – tak på bustadar

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
-	2 200 000,-	-	2 200 000,-

Utsatt pga manglende kapasitet, og andre prosjekt har høgare prioritet.

22013 Vindafjordtunet – p-plass

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
-	980 000,-	1 190 670,-	-210 670,-

Prosjektet er ferdigstilt og el-bil ladarar er opne for bruk. Prosjektet vart noko dyrare pga behov for utviding av p-plass og kostnad med tilrettelegging for el-bil-lading. Overskridning vert dekka av prosjekt 23002.

23018 Oppgradering bustader

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
245 608,-	480 000,-	808 540,-	-82 932,-

Oppgradering av kommunale bustadar i

Sandeid: 3 er ferdigstilt

Skjold: 2 pågår

Ølen: 1 bustad ferdigstilt

Overskridning vert dekka av 23002.

5.4 Forvaltning, drift og utvikling

23002 Oppgradering kommunale bygg og anlegg

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
1 067 126,-	1 950 000,-	528 816,-	2 488 310,-
			1 213 823,-

Midlar sett av til oppgradering og nødvendig ombygging for kommunale bygg og anlegg.

Kostnadene er knytt til sponavsug til Gnisten og ombygging ved Ølen omsorgssenter og Vindafjordtunet for tilrettelegging av lokaler til heimetenesten etter omorganisering.

Restmidlar for dette prosjektet var brukt til å dekke P. 23017, 22009, 22013, 23018.

23004 HMS tiltak

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
369 281,-	380 000,-	742 574,-	6 707,-

Terrasse/rømningsveg fra Bufellesskapet i Sandeid er ferdigstilt og det er montert lydplatere på Ølen skule.

Det er gjort vedtak i AMU om at restmidlar fra 2018 og årets midlar skal nyttast til ombygging for å betre garderobetilhøva ved Ølen omsorgssenter og til solskjerming ved Vindafjordtunet. Montering av solskjerming er ferdigstilt. For å få montert solskjerming på heile fasaden som vender mot sør, vart det nytta nokre midlar frå prosjekt 23002.

Ombygging for å betre garderobetilhøva ved Ølen omsorgssenter er planlagt utført i 2020, og kostnadene vert dekka av prosjekt 23002.

23005 Strategisk eigedomskjøp

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
856 644,-	23 250 000,-	9 643 466,-	14 463 178,-

Midlar sett av til kjøp av eigedomar til næringsutviklings- og bustadføremål.

Kostnadene så langt i år er knytt til grunnforhandlingar for Nerheim industriområde, tomt til framtidig idrettsanlegg i Ølen sentrum og kjøp av tomter i Vågshagen og Tinghaugen (ref KS-sak 013/19).

23006 Beredskapscenteret

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
3 507 458,-	-	10 359 102,-	-6 851 644,-

Beredskapscenteret er i all hovudsak ferdigstilt. Alle endringar for å ivareta HBR IKS er gjennomført med unntak av montering av vareheis. Overskridning er i hovudsak knytt til leveranse av spesialutstyr, manglar ved prosjektering og endringar og tilleggsbestillingar underveis. Det vert arbeida med ein felles mal for leigeavtale for alle kommunane som er knytt til HBRe IKS, og dette utstyret må innarbeidast i denne leigeavtalen. Noko utstyr skal og fakturerast Helse Fonna. Bygget vart offisielt opna 28. september.

23008 Kommunale vegar/ infrastruktur

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
-	1 950 000,-	853 881,-	1 096 119,-
			1 068 778,- (P.23027 27 341,26)

Midlar nytta til oppgradering eller rehabilitering av kommunale vegar med tilhøyrande infrastruktur som bruar, murar mm.

Det er utført asfaltering av følgjande vegar: Østbøvegen, deler av Eikåsvegen, fortau på Hjartaker og sporfylling på Dalsbruksvegen.

Kommunen har etter gamle avtalar ansvar for vedlikehald av ferister på fylkesvegar. Fleire av feristene er i därleg stand, og ein planlegg eit samarbeidsprosjekt med Statens vegvesen for å utbetre fleire av desse. Hovudparten av restmidlane er sett av til dette arbeidet.

Det er også sett av kr 400 000,- til å fullføre vedtak i DUK-sak 048/13 i samband med oppgradering og mogleg privatisering av Vågafossvegen.

23009 Trafikksikring

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
-	480 000,-	312 407,-	167 593,-

Midlane vert nytta til eigendel på trafikksikringstiltak som Rogaland fylkeskommune har gitt tilskot til, og til trafikksikringstiltak som ikkje har andre finansieringskjelder.

Det er sett opp lysfundament langs nye Blikravegen i Ølen. Vegen vert lagt om pga g/s-veg Ølen-Ølensvåg. Det er montert veglys langs snarveg mellom Apalvikfeltet og Bjoa skule. Sjå også prosjekt 23036 Vossasvingane og prosjekt 23039 Skjoldavik - trafikksikring.

23010 Uteområde Sandeid samfunnshus

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
1 000 000,-	-	-	1 000 000,-

Fokus Sandeid, Sandeid samfunnshus og andre interessentar arbeider saman med kommunen på eit forslag til utforming. Statens vegvesen sitt arbeid med gang- og sykkelveg frå Sandeid kyrkje til Lærdal vil koma inn på delar av området, så sjølve oppgraderinga vert utført etter at SVV er ferdig med sitt arbeid.

23013 Sal eigedomar

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
-	-	-5 235 425,-	5 235 425,-

Kostnadar og inntekter knytt til sal av kommunale bygg og eigedomar. Utgifter vert dekkja av salsinntektene. Kostnadar og inntekter til nå i år er knytt til sal av 4-mannsbustad i Vikebygd, tidlegare prestebustad i Ølen og tidlegare kulturskulebygg i Ølen sentrum.

23019 Veg Gartnerihagen

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
7 041 213,-	111 329,-	420 655,-	6 731 887,-

Grunna tekniske utfordringar med å få ført fram vegen i samsvar med reguleringsplan har ein fått godkjent alternativ løysing hjå Statens vegvesen. Ein er i ferd med å sluttføre arbeidet med avtalar med grunneigarane. Prosjektering pågår. Kr 111 329 er tatt frå budsjett 2019 ramme kloakk for den delen som gjeld kloakk.

23021 Veg Lio-feltet

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
454 560,-	-	-	454 560,-

Prosjektet er utsett til 2020.

23023 Knapphus industriområde

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
-	-	26 821,-	-26 821,-

Begge byggetrinn er i all hovudsak ferdig byggemodna, kun mindre arbeid gjenstår. Totalt 6 tomter er selde, og ein er i prosess med å selge tomt nr 7. Kostnadar ved opparbeiding vert dekka av tomtesal og Raunesfondet.

23025 Hengebru Mo – Nes

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
2 548 169,-	-	1 446 509,-	1 101 660,-

Brua er ferdig prefabrikert og klar til montering. Montering planlagt på nyåret.

23027 Miljøgate Vikedal – Holmen (kommunal veg)

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
-	-	27 341,-	-27 341,-

Kostnadar er knytt til grunnerverv. Ein har nå inngått avtale med dei fleste grunneigarane. Vert dekka av 23008. Arbeidet er planlagt utført etter utbygging av bustadfelt på Holmen og etter at Fv.46 er oppgradert til miljøgate.

23030 Leikeplasser i bustadfelt – KS-sak 051/16

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
274 750,-	-	-	274 750,-

Prosjektet vert ikkje vidareført i budsjett 2020.

23032 Kommunale leikeplasser i bustadfelt

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
1 000 000,-	-	-	1 000 000,-

Prosjektet er ikkje starta, og vert ikkje vidareført i budsjett 2020.

23033 Nerheim – næringstomter (opparbeiting)

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
10 000 000,-	1 900 000,-	738 950,-,-	11 161 050,-

Reguleringsplan er vedteken og ein arbeider nå med teknisk plan. Kostnadene her er knytt til konsulenttenester og juridisk bistand i arbeidet med å danne utbyggingsselskap for området.

23034 Skifte av veglys-armatur til LED

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
187 449,-	480 000,-	32 694,-	634 755,-

HQL-armaturar er skifta til LED i Imsland, Vikedal, Sandeid, Vats og Skjold. For å få skifta HQL-armaturar i det tidlegare SØK-området må det utførast eit kartleggingsarbeid ettersom lysmastene der ikkje er innmålt, merka eller registrert med type armatur. Det er nytta HQL-armaturar på fleire kommunale plasser og område. Utskifting av desse vert også ein del av prosjektet.

23035 Breibandprosjekt

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
2 827 453,-	1 950 000,-	-	4 777 453,-

Det er signert avtale og prosjekt 1 Dørheim – Fikse er gjennomført, og det føreligg intensjonsavtale om gjennomføring av dei 4 resterande prosjekta. Det er signert avtale og prosjekt 2 og 3 mellom Ølen og Sandeid som vil få byggestart sommaren 2020. Det er ikkje sett av nok midlar til å gjennomføre alle prosjekta.

23036 Vossasvingane

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
1 591 469,-	-	3 430 544,-	-1 839 075,-

Vindafjord kommune vart tildelt TS-midlar 1,5 millionar i 2017 og 1,5 millionar i 2018. Tiltaket er eit samarbeidsprosjekt mellom Vindafjord kommune, Statens vegvesen/Rogaland fylkeskommune og Haugaland kraft. Prosjektet er i all hovudsak fullført, men sluttoppgjer gjenstår.

Det er lagt vass- og kloakkledningar i traséen.

Sjå også 25024.

23037 Nytt golv – Ølen idrettshall

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
-	1 000 000,-	1 680 555,-	-680 555,-

Golvet er ferdig lagt, men noko listing gjenstår. Kostnadene godt over budsjett pga nødvendig avretting av eksisterande golv. Det overstigande vert i all hovudsak dekka av spelemidlar og det resterande med midlar frå 23002.

23038 Maskinpark kommunalteknisk

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
200 000,-	-	200 000,-	0,-

Det er kjøpt inn personløftar til eininga.

23039 Skjoldavik – trafikksikring

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
-	1 960 000,-	328 647,-	1 631 353,-

Midlar sett av til bygging av fortau i samsvar med reguleringsplan i Skjoldavik. Prosjektering pågår. Bygging av fortau planlagt i løpet av 2020. Plan for trafikksikring for Skjoldavik er under utarbeidning.

23040 El-bil ladeplass

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
-	480 000,-	228 109,-	251 891,-

Det er tilrettelagt for el-bil-lading på p-plass for Vindafjordtunet (22013).

5.5 Kyrkja**24001 Rehabilitering av kyrkjer og kyrkjegardar**

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
1 054 620,-	700 000,-	255 437,-	1 499 183,-

Midlar sett av til oppgradering av kyrkjer og kyrkjegardar etter eigen plan.

24002 Ølen kyrkjegard, ny veg, parkering og utviding

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
7 500 000,-	-	26 030,-	7 473 970,-

Planforslaget er vedteke. Ein har tatt kontakt med grunneigarane for å starte prosessen rundt grunnerverv.

5.6 VAR området**Kloakk (K)**

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
24 410 131,-	14 323 000,-	17 407 785,-	21 325 346,-

Samleprosjekt for kloakk. Budsjettmidlar for alle anlegg er lagt her. Sjå under detaljar for kvart prosjekt som er med i summane.

Vatn (V)

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
6 949 110,-	7 286 000,-	9 665 031,-	4 570 079,-

Samleprosjekt for vatn. Budsjettmidlar for alle anlegg er lagt her. Sjå under detaljar for kvart prosjekt som er med i summane.

25001 Kloakk (K)

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
-	-	1 371 844,-	-1 371 844,-

Midlar nytta til fleire mindre prosjekt knytt til avløp og overvasshandtering, t.d. oppgradering av overvassleidning ved Eiabakken i Ølen, ny kloakkledning (ca 200 m) langs Dreganesvegen i Ølen og kjøp av personløftar.

25002 Vatn (V)

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
-	-	65 000,-	-65 000,-

Midlar nytta til mindre prosjekt knytt til produksjon og levering av drikkevatn. Kostnad til nå i år er knytt til kjøp av personløftar til eininga.

25007 Kloakksanering Litle Nerheim, nedre

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
-	-	60 851,-	-60 851,-

Prosjektering av framtidig kloakksanering av Litle Nerheim, nedre i Ølen. Samarbeidsprosjekt med Ølen vassverk og Haugaland kraft.

25009 Vassleidning Håvik – Anndal (V)

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
-	-	23 722,-	-23 722,-

Nokre av dei utsendte refusjonskrava knytt til prosjektet er ikkje betalt. Fakturaane er krediterte, og refusjonskravet er lagt på eigedomen som eit framtidig rekkefølgjekrav.

Prosjektet er avslutta.

25010 Malmrøy Sandeid Sentrum (V)

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
-	-	-233 761,-	-233 761,-

Istandsetjing av areal etter gravearbeid er ferdigstilt og prosjektet er avslutta.

25016 Hålandsdalen vasskjelde (V)

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
-	-	746 995,-	-746 995,-

Utviding og sikring av vasskjelde for Sandeid. Prosjektet er ferdigstilt.

25017 GS-veg E134 Ølen – Ølensvåg – Avløp (K)

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
-	-	3 226 569,-	-3 226 569,-

Prosjektet vert utført i samband med Statens vegvesen si utbygging av gang- og sykkelveg mellom Ølen og Ølensvåg. Arbeidet med den kommunale kloakkledningen er ferdigstilt. Alle aktuelle abonnentar er knytt til. Sluttoppgjer vert når heile prosjektet til Statens vegvesen er ferdigstilt.

25019 VA – Miljøgate Vikedal - Holmen (V/K)

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
-	-	-	-

Rehabilitering av VA-anlegg i kommunal veg. Planlagt utført etter at Fylkeskommunen har fullført opparbeiding av miljøgate i Vikedal og utbygging av bustadfelt på Holmen er ferdig.

25020 VA – Miljøgate Vikedal - SVV (V/K)

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
-	-	1 205 513,-	-1 205 513,-

Rehabilitering av VA-anlegg i og ved Fv 46. Prosjektering pågår. Fylkeskommunen står for utsending av anbod. Pumpestasjon ved elva er ferdig renoveret.

25022 Østbøfeltet – Hålandsbakken (V/K)

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
-	-	6 520 232,-	-6 520 232,-

Ein mindre del av den nordre del av Østbøfeltet i Sandeid er ikkje knytt til offentleg avløp. I samband med at det skal gravast for fiber legg ein også sjølvfallsleidning for avløp. Vassleidning vert fornya og Statens vegvesen fornyar overvassanlegg og veglys. Arbeidet er i all hovudsak ferdigstilt. Sluttoppgjer gjenstår.

25024 VA - Vossasvingen (V/K)

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
-	-	788 337,-	-788 337,-

Det blir lagt leidningar for vatn og avløp i traséen der det blir bygd ny G/S-veg. Dette gir eit viktig bidrag til å få etablert ringleidning i området. Leidning for avløp blir ført mot sør så langt det vert gravearbeid, og det vert lagt vekt på å få aktuelle abonnentar langs traséen tilknytta.

Arbeidet er ferdigstilt.

25025 Ny pumpestasjon i Fiskerihamn i Ølen (K)

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
-	-	2 008 424,-	-2 008 424,-

Nødvendig pumpestasjon for å knytte vestsida av Ølen til det kommunale avløpssystemet. Pumpestasjonen er sett i drift og prosjektet er ferdigstilt. Med dette prosjektet er to ureina kommunale utslepp til Ølsfjorden knytta til hovudkloakken i Ølen.

25026 VA – G/s-veg Håkull-Trovåg (V/K)

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
-	-	4 881 705,-	-4 881 705,-

Samarbeidsprosjekt med Statens vegvesen der det blir lagt hovedvassleidning med tanke på framtidig samanknyting mellom Skjold og Vikebygd. Inntil vidare vil leidninga gi ringleidning til Trovågfeltet. Det blir lagt avløpsleidning for del av strekket som har sjølvfall mot Isvik. Det vert også lagt pumpeleidning for kloakk i traséen, i samsvar med DUK-sak 041/18. Arbeid pågår.

25027 Pumpestasjon Prestabrygga - Vikebygd (K)

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
-	-	2 492 250,-	-2 492 250,-

Arbeid for å oppgradera eksisterande anlegg og sanera avløpsutslepp fra båthamna. Arbeid pågår.

25028 Høgdebasseng Skjold (V)

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
-	-	48 266,-	-48 266,-

Det er planlagt å bygga høgdebasseng i nærleiken av Dalavikvegen. Arbeidet med grunnerverv er starta.

25029 Pumpestasjon Elvetangen aust, Sandeid (K)

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
-	-	1 745 047,-	-1 745 047,-

Utskifting av gammal pumpestasjon for å sikre framtidig drift og ivareta HMS for driftsoperatørane. Vassleidningar i området er også skifta ut. Mindre istandsetjing gjenstår til våren. Utanom dette er prosjektet ferdigstilt og sluttoppgjer betalt.

25030 Vassleidning Blikravegen

Restmidlar før 2019	Budsjett 2019	Medgått 2019	Restmidlar 2019
-	-	1 542 471,-	-1 542 471,-

I samband med at Haugaland kraft legg ny høgspent og fiber vert det lagt vassleidning langs ein strekning av Blikravegen, Vats. Prosjektet er ferdigstilt utanom istandsetjing til våren.

6. Resultatvurdering Rammeområda

6.1 Rammeområde Administrasjon og Fellesdrift

6.1.1 Felles for rammeområde

Hovudtrekk oppgåver og drift 2019

Rammeområdet har stor grad av intern tenesteyting, for eksempel gjennom støtte og sakshandsaming på fag som økonomi, IT, arkiv og personal. Den største kontaktflata utad skjer via servicetorget eller via kommunen sine nettsider. Det er også dette rammeområdet som har hovedansvar for digitalisering, informasjonstryggleik og personvernarbeid. Dette er oppgåver som ein har nytta mykje tid og ressursar på i 2019, i tillegg til dagleg drift. Den teknologiske utviklinga har vore slik at ein kan tilby fleire og fleire tenester via nett. For brukarane er dette ein fordel ved at tenestene er tilgjengelege heile døgnet. For drifta har dei siste åra har det også vore heilt naudsynt blant anna på grunn av redusert bemanning og fleksibilitet.

Det er relativt stabil arbeidskraft innan rammeområdet, men det er sårbart. Det kan vera svært utfordrande å skaffa kvalifiserte vikarar innafor desse spesialiserte tenesteområda. Vakansar kan difor vanskeleggjera drifta, noko som har vore tilfelle for deler av rammeområdet også i 2019. Lønsavdelinga er eit eksempel på ei avdeling med slikt spesialisert arbeid.

Økonomi

	Rekneskap 2019	Budsjett (just) 2019	Avvik	Forbruk i %	Budsjett 2019
Utgifter	58 449 443	54874224	- 3 574 719	108 %	58 581 996
Inntekter	- 8 364 570	- 3 637 532	4 727 038	230 %	- 3 900 782
Netto utgifter	50 084 873	51 236 692	1 151 819	97 %	54 681 214

Rammeområdet har eit samla mindreforbruk på kr 1 152 320. Dette skuldast fråvær utan innhenting av vikar, kombinert med generelt god økonomistyring.

Vakansar på dette området kan vanskeleggjera drifta pga at oppgåvene er så spesialiserte at ein ikkje alltid har høve til å henta inn vikarar. Desse ville trønge så mykje opplæring at ein i slike tilfelle vurderer det som uhensiktmessig i allereie pressa tider. Ulempen med dette er auka arbeidspress i lengre periodar og at enkelte oppgåver blir utsett eller ikkje løyst.

Uttfordringar

Det er ei kontinuerlig målsetting å betre utnyttinga av eksisterande digitale verktøy, samt å ta i bruk nye. Dette gjeld både internt og eksternt. Det er ofte stor vilje til utvikling i rammeområdet, men krevjande å prioritera i ein stadig meir travel kvardag.

Det vil fortsatt vera naudsynt å tilpassa drifta til endra rammevilkår, både med tanke på det nye inntektssystemet, bortfallet av inndelingstilskot frå 2021-2025 og spesifikke budsjettkutt. Ein bør i større grad betena innbyggjarane digitalt, og heimesidene vil difor vera eit satsingsområde framover.

6.1.2 Politisk styring

Hovudtrekk oppgåver og drift 2019

Tenesteområdet omfattar Folkevalde, Val, Støtte til politiske parti, Kontrollutval og Næring. Det var halde Kommunestyre- og fylkestingsval hausten 2019. Under næring er tilskot til: Medvind næringshage, turistinformasjon, Destinasjon Haugesund & Haugalandet og omdømme-prosjekt.

Utdringer

Tilpassa drifta til endra rammevilkår, både gjennom det nye inntektssystemet frå 2017, men også gradvis bortfall av inndelingstilskot frå 2021 – 2025.

Strategi og tiltak	Status per 31. desember 2019
6.1.2.1 Gjennomføra Kommunestyre- og fylkestingsval i 2019 og Stortingsval i 2021	Kommunestyre- og fylkestingsvalet er gjennomført.

6.1.3 Administrasjon og fellesdrift

Hovudtrekk oppgåver og drift 2019

Tenesteområdet arbeider blant anna med intern støtte og sakshandsaming på fag som økonomi, IT, arkiv og personal. Ein har også ei kontaktflate eksternt via servicetorget og nettsidene. Tenesta har fått hovedansvar for digitalisering, informasjonstryggleik og personvernarbeid. Dette er oppgåver som ein har nytta mykje tid og ressursar på i 2019. Dei siste åra har vore prega av endringar i bemanning og fleksibilitet, og ei teknologisk utvikling som er ynskt for å forenkla arbeidsprosessar og auka servicenivå, men som også krev ein del å innføra.

Det er relativt stabil arbeidskraft innafor tenesta, men det er sårbart for vakansar. I 2019 rekrutterte ein ny økonomisjef og ny leiar for Service og fellestener.

Utdringer

Det er ei kontinuerlig målsetting å betre utnyttinga av eksisterande digitale verktøy, samt å ta i bruk nye. Dette gjeld både internt og eksternt. Det er ofte stor vilje til utvikling i tenesta, men krevjande å prioritera i ein stadig meir travle kvardag. Endringar her fordrar som regel endringar for heile organisasjonen. Det kan difor vera krevjande å innføra slike endringar, ikkje minst på grunn av kva slike organisasjonsutviklingar krev av ressursar. Og kanskje aller mest på grunn av kor mykje ressursar som går med til informasjon og opplæring av heile organisasjonen. Digitalisering er i stor grad organisasjonsutvikling, men det er viktig at den tekniske infrastrukturen er på plass i utgongspunktet.

Det vil fortsatt vera naudsint å tilpassa drifta til endra rammevilkår, både med tanke på det nye inntektssystemet, bortfallet av inndelingstilskot frå 2021-2025 og spesifikke budsjettkutt.

Strategi og tiltak	Status per 31. desember 2019
6.1.3.1 DigiRogaland – interkommunalt it-prosjekt	Utbetalt/Deltar
6.1.3.2 Reduksjon stilling Service- og fellestenester	Gjennomført
6.1.3.3 Omdisponering av 50% stilling i Økonomiavdelinga til kostkontroll for helse- og omsorg.	Gjennomført.
6.1.3.4 Reduserte reisekostnader og klimautslepp som følgje av auka bruk av digitale hjelpe midlar	Løpende fokus gjennom året
6.1.3.5 Redusert pott til velferdstiltak – heile kommunen	Gjennomført
6.1.3.6 Tilskot til Medvind Næringshage – vidareføring	Utbetalt
6.1.3.9 Interkommunalt IKT-prosjekt på Haugalandet	Avslutta
6.1.3.10 Rådmannen legg fram ei sak for DUK om oppretting av klima-, energi- og miljøpris.	Det var ikkje ressursar nok til å gjennomføre dette i 2019, og det er planlagt gjennomført i 2020
6.1.3.11 Etiske og klimanøytrale innkjøp skal vera ein faktor i kommunal innkjøpspolitikk/- samarbeid.	Sakshandsamar var på kurs om dette hausten 2019

6.1.4 Kyrkja

Hovudtrekk oppgåver og drift 2018

Fellesrådet har ansvar for bygging, drift og vedlikehald av kyrkjebygg og kyrkjegardar. Rådet har også ansvar for prestane sitt kontorhald, og personalansvar for kyrkleleg tilsette så nær som prestane. Oppgåvene er heimla i Kyrkjelova §14. Ut over dette vert det vist til årsmelding frå Kyrkleleg Fellesråd.

6.2 Rammeområde Oppvekst og Kultur

6.2.1 Felles for rammeområde

Hovudtrekk oppgåver og drift 2018

Rammeområdet oppvekst og kultur omfattar 15 einingar; tre barne – og ungdomsskular, tre barneskular, tre oppvekstsenter (felles eining med barnehage og skule), fire barnehagar, PPT-kontor og einig kultur og læring.

Totalt gjekk det 473 barn i barnehage i Vindafjord pr 15. desember 2019. Av desse var 183 i privat barnehage og 290 i kommunal barnehage.

Pr. 1. oktober gjekk det 1111 elevar i grunnskulen, fordelt på 541gutar og 570 jenter. Detter er ti elevar meir enn året før. Det er til saman 314 ungdomsskuleelevar i Vikedal, Ølen og Skjold. Av desse var det 143 gutter og 171 jenter

253 elevar hadde SFO plass, og av desse hadde 56 elevar tilbod 5 dagar i veka.

På same tid gjekk det 184 elevar i kulturskulen og 33 stod på venteliste. I starten på året var det 37 elevar på vaksenopplæringa. I tillegg var det 10 elevar på eksamsretta grunnskule og 1 elev på grunnskule §4A-2.

Organisasjon og drift

Både barnehage og skule arbeider med ei varig ordning for kompetanseutvikling, der kommunen får midlar for å drive barnehage – og skulebasert kompetanseutvikling. Det er fokus på analysekompetanse og leiarutvikling i første omgang. Skule er kome litt lengre enn barnehage, dettar fordi det vart rulla ut i ulik takt frå Udir og Fylkesmannen. Her skal skulane og barnehagane få bistand frå HVL (Høgskulen på Vestlandet), som skal tilby kompetanseheving i partnarskap med barnehagar og skular i kommunen.

Skule har eit IKS samarbeid med kommunane Sauda, Suldal og Tysvær, der ein har gått saman om å tilsetje ein person i 100% stilling som utviklingsrettleiar. Denne personen vert løna av midlar kommunane får frå Fylkesmannen.

For begge ordningane er det eit AU (arbeidsutval) som består av representantar frå dei ulike kommunane i Nord Rogaland. Denne gruppa skal halde tråden i arbeidet og arrangere regionale samlingar der ein som nettverk får input frå HVL og andre eksterne.

Elles er det fleire lærarar og barnehagelærarar som søker vidareutdanning, det er bra. I skule byrjar me å nærme oss kravet frå regjeringa om at alle som underviser i matte, norsk og engelsk skal ha min 30 STP på barnesteget og min 60 STP på ungdomssteget. Dette under ordninga kompetanse for kvalitet, som kommunen får midlar til. Det samle gjeld for barnehagane. I tillegg tok fem frå leiinga rektorutdanninga, som vart avslutta i desember.

I løpet av året har me fårt heile fem nye leiarar inn i gruppa, det er nesten 40% av leiarane i oppvekst. Denne prosessen har vore vellukka og det har blitt tilført ny giv og dei har vore ei positiv tilvekst til gruppa.

Arbeidet med det psykososiale miljøet har vore ein raud tråd og det er noko me kjem til å ha framover også. Det er veldig viktig at alle barn og unge har det trygt og godt i barnehagen og på skulen.

Eining kultur og læring har i løpet av 2019 samlokalisert seg og flytta inn i nye lokalar i Kultur og læringssenteret på Sjøperlo. Ti tross for mange forseinkinger i byggeprosjektet har undervisning og tenestetilbod med unntak av nokre veker etter sommarferien gått som normalt. Nye lokalar har gitt mange nye og spennande moglegheiter og 2019 viser allereie økt besøkstal i dei nye bibliotekslokala.

BTI, Betre Tverrfaglig Innsats, skal sikra at born og unge får den oppfølginga og hjelpe dei treng gjennom eit samarbeid mellom familien og kommunen. Årsaka til oppfølging kan vere av ulik grad men arbeidet med å komme fram til ei løysing skal vere lik. Vindafjord har langt på veg implementert samhandlingsmodellen i alle einingar og handlingsrettleiarene som er tilgjengeleg på nett <https://vindafjord.betreinnsats.no/bti-rettleiar/> er gjort kjent og blitt gjennomgått for alle tilsette som har med barn og unge og gjera.

Kvart år har kommunen «På Gli med BTI» konferanse som samlar alle tenestene i kommunen som samarbeider om best mogeleg oppvekst i Vindafjord. Invitasjon går også til politikarana våre, til samarbeidsaktørar som politiet, helse fonna, frivillige og organisasjonar for barn og ungdom.

Økonomi

	Rekneskap 2019	Budsjett (just) 2019	Avvik	Forbruk i %	Budsjett 2019
Utgifter	260 454 712	254 796 406	- 5 658 306	102 %	251 437 989
Inntekter	- 45 103 660	- 35 754 868	9 348 792	126 %	- 32 336 965
Netto utgifter	215 351 052	219 041 538	3 690 486	98 %	219 101 024

Tenesta har eit samla mindreforbruk på kr 3 690 486. Dette skuldast mellom anna at ein etter innføringa av administrative tiltak reduserte innkjøp i rammeområdet til eit minimum. Vidare vart det i ein del tilfeller med fråvær ikkje nytta vikar, men dekka inn på andre måtar. Ein har og sett at kostnadane til skuleskyss har vore lågare enn det som vart budsjettet. I tillegg har einingane generelt vist god økonomistyring.

Utfordringar

Det er ei kontinuerlig målsetting å betre utnyttinga av eksisterande digitale verktøy, samt å ta i bruk nye. Digitalisering er i stor grad organisasjonsutvikling, men det er viktig at den tekniske infrastrukturen er på plass i utgangspunktet.

Det er auke i utagerande åtferd blant barn og elevar, noko som vert tatt på alvor. Det gjeld enkeltindivid, men også læringsmiljø. Det er god dialog tverrfagleg, for å møta denne gruppa på ein god og utviklande måte. Både barnevernet, PPT og helse er tett på i samarbeid med kvar enkelte eining. Det er også fokus på dette i BTI arbeidet til kommunen. Kommunen skal delta i eit læringsmiljøprosjekt i regi av Utdanningsdirektoratet. Gjennom to skuleår skal dei tilsette, i samarbeid med heimen, arbeide førebyggjande og få gode verktøy til systematisk jobbing i framtida. I tillegg deltek også to einingar i eit Olweusprosjekt, med fokus på det psykososiale. Dette arbeidet må gjerast tverrfagleg, i god dialog med foreldre/føresette..

Kompetansekravet til undervisningspersonalet. Fram mot 2025 skal alle som underviser i 1.-7. trinn ha 30 studiepoeng i dei skriftlege faga. For u-trinnet er kravet 60. Det er særleg engelsk og matematikk i 1.-7. trinn det trengst eit kompetanseløft. Fleire lærarar har søkt vidareutdanning via kompetanseløftet.

Mange minoritetspråklege elevar som har trong for meir opplæring i norsk når dei kjem til landet for raskare å kunna ha eit godt utbytte av undervisninga inne i klassen. Det vil gjera det lettare å fullføra grunnskulen og vidaregående seinare.

Det vil framleis vera naudsynt å tilpassa drifta til endra rammevilkår, både med tanke på det nye inntektssystemet, bortfallet av inndelingstilskot frå 2021-2025 og spesifikke budsjettkutt.

Strategi og tiltak		Status per 31. desember 2019
6.2.1.1	Utarbeida gode rutinar for barn som pårørande	Det har vore gjennomgang av handlingsrettleiar i einingane og stafettlogg er i bruk i fleire barnehagar og skular. Prosjektet barn som pårørande avslutta, med moglegheit for framleis deltaking i nettverk. Rapport ferdigstilt ved Helse Fonna.
6.2.1.2	Kompetanseutvikling i skule og barnehage gjennom nye statlege ordningar	Arbeidet er godt i gong, det er gode prosessar på dette i både barnehage og skule, nettverk er oppretta og skular er plukka ut i "klynger". Barnehage har starta med pedagogisk leiing, interkommunal kursdag 26.9.
6.2.1.3	Utarbeida overordna retningsliner og rutinar for arbeid med det psykososiale miljøet i skule og barnehage	Denne vart ikkje gjennomført i 2019, blir jobba med i tråd med «Læringsmiljøprosjekt» over dei neste to åra.
6.2.1.4	«PåGli/MedBTI-konferanse» årleg	Årets konferanse hadde Arne Holte som hovudinnteggar, i tillegg til barnevernet lokalt. Målet er at alle som jobbar med barn og unge skal lære det same, også politisk nivå er velkomne.
6.2.1.5	Utarbeida overordna kvalitetshjul for oppvekst	Grunna endring i situasjonen på Service – og fellesstenesta, stoppa dette arbeidet opp. No har ein tatt op tråden igjen med ny einingsleiar. Målet er å få dette klart i løpet av 2020.
6.2.1.6	Revidera overgangsprosedyrar barnehage/skule	Arbeidet er ferdig og vedteke gjeldande frå desember 2019
6.2.1.7	Reduksjon stillingar i rammeområdet 600 000 kr i 2019 og ytterligare 250 000 i 2020	Redusert etter faktor etter antal årsverk. Utført
6.2.1.9	Utarbeida Barnehage- og skulebruksplan	Planlegging utført i 2019. Arbeidet er i gong med eksternt konsulentbyrå.

6.2.2 Barnehage

Hovudtrekk oppgåver og drift 2019
Totalt gjekk det 473 barn i barnehage i Vindafjord pr 15. desember 2019. Av desse var 183 i privat barnehage og 290 i kommunal barnehage.
Etter ny pedagognorm gjeldande frå august 2018 auka tal på pedagogar i barnehagane frå 46 i 2017 til 57 i 2018. Ut frå tal på barn og samansetning av grupper er det i 2019 oppe i 59 pedagogar og når styrarane teljast med er det totalt 70 pedagogar i dei kommunale barnehagane. Det er tre barnehagar som har dispensasjon får utdanningskravet. Skjold barnehage og Sandeid barnehage har midlertidig dispensasjon for fagarbeidarar som jobbar deltid og i vikariat. Bjoa barnehage har midlertidig dispensasjon for fagarbeidar i vikariat, men her for manglande pedagog i ein fast stilling. Kommunen fekk auke frå 7,5% pedagogiske leiarar på dispensasjon i 2018 til 11,8% i 2019. Det er tre tilsette i kommunal barnehage som er inne i sitt fjerde og siste år på barnehagelærarstudiet, deltid, og er ferdig utdanna våren 2020.

Utfordringar

Endring i barnetal i bygdene gjev utfordringar kring organisering av gode barnehagertilbod med bemanning i tråd med pedagognorm og bemanningsnorm. Det er nedgang på tal på barn i barnehagane, spesielt i dei mindre bygdene. Pedagognorm på 7 små / 14 store barn utløyser ein heil 100% pedagogstilling når det blir eit barn meir. Dette gjer at me i fleire av dei mindre barnehagane har høg tettleik av pedagog, og samstundes då har fleire som får planleggingstid. For barna betyr det at det er fleire timer tilsette er vekke frå direkte arbeid med barnegruppa på avdelinga, men kompetansen er heva.

Barnehagane i kommunen er ulike både i storleik og byggteknisk tilstand, og det blir rapportert stort vedlikehaldsbehov ved fleire barnehagar.

Strategi og tiltak		Status per 31. desember 2019
6.2.2.1	Auka bemanning. Ei avdeling barnehageåret 2018/19	1 avdeling som ikkje er opna i Skjold barnehage
6.2.2.2	Vidare implementering av ny rammeplan	Løpende arbeid
6.2.2.3	ReKomp – regional kompetanseutvikling	Kursrekke oppstart 26.09.19

6.2.3 Grunnskule

Hovudtrekk oppgåver og drift 2019

I grunnskulen var det 119 lærarstillingar og 32 assistent /fagarbeidar stilling. (Skule, leksehjelp og SFO). I periodar har det vore nødvendig å auke med undervisningsstillingar og fagarbeidrar/assistentar for å møte utfordringar gjennom året

Det var 36 lærarar som ikkje oppfylter kompetansekraver i faga dei underviser i. Det er særleg engelsk (19) og matematikk (13) i 1.-7. at det manglar fagutdanning med 30 stp. I norsk var det 4 lærarar

Ved skulestart august 2019 var det nye rektora ved fire av skulane

Målet er at sjukefråværet skal vera under 4%. Fire av skulane nådde målet, medan fem skular hadde fåvær på 5,2 – 7,7%. Stort sett skuldast fråværet langtidssjukemeldingar som ikkje var arbeidsrelatert.

Blant elevane er fråværet låg. Dei med høgt fråvær vert følgt opp for å sikre retten og plikta til opplæring.

Det var mange aviksmeldingar. Ca 115 i 2019. Mange er knytte til utagering av elevar i 1.-7.kl. Her har skulane sett inn ulike tiltak. Auka bemanning har vore nødvendige tiltak. Det er også nokre avviksmeldingar knytt til inneklima. Ved ein skule vart det utbeta hausten 19.

Drifts messig har skulane hatt balanse i økonomien. Det skuldast god økonomi disiplin ved einingane.

Tilsette som tek vidareutdanning:

Fleire lærarar har teke vidareutdanning.. Tre har teke rektorutdanning. I regi av kompetanse for kvalitet har to fullført matematikk, ein begynte på matematikk hausten 2019, to engelskog to norsk. To har teke utdanning med stipend ordning; spesialpedagogikk og psykisk helsepedagogikk.

Utviklingsarbeid

Alle skulane har arbeidd med fagfornyinga og fagplanar i tillegg til andre satsningsområde. Skjold og Bjoa skular har arbeidd med Olweusprogrammet for å førebyggja og handtera problematikk rundt mobbing

Imsland skulen har arbeidd med faget Livsmestring og folkehelse.

Sandeid og Vågen skule har arbeidd med kompetansepakkanne frå UDIR. Tema har vore "lesing i alle fag".

Ølen skule har fullført VFL-nett (Vurdering for læring) i regi av Høgskulen på innlandet og arbeid med fagfornyinga. (Eit opplegg over to år).

Vats skule har arbeidd det psykososiale arbeidsmiljøet ved skulen

Vik: Skulen brukte kompetansepakkanne frå UDIR.

Vikedal: Fokus på §9a - opplæringslova kapittel 9A om skulemiljøet til elevane.

Utfordringar

Bygg treng vedlikehald ved fleire skular. Fleire uteområde treng oppgradering.

Fleire skular nemner utfordringar når elevar utagerer. Det er vanskeleg å finna vikarar som kan styrke når utfordringar kjem.

Ved nokre skular er det store klassar opp mot «delingsgrensa». Her er det trog for fleire lærarar for å kunna leggja til rette og gi alle ei tilfredstilande opplæringstilbod. Arealmessig er mange klasserom i minste laget. Tidlegare var norma på 2,0 m², no er norma i dag 2,5m² pr elev. Ølen skule har høg prosent av elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn- ca. 20%. Utfordringa er å gi fleire av desse elevane nok opplæringa i norsk, tospråkleg fagopplæring og morsmål- opplæring som skal støtta opp om grunnskuleopplæringa deira.

Ved Skjold skule har drift og nybygging krevd tilpassing i kvardagen. Noko skulen har greidd på ein tilfredstilande måte.

Strategi og tiltak		Status per 31. desember 2019
6.2.3.1	Vidare reduksjon av ass. timer skuleåret 2019/20	Gjennomført
6.2.3.2	Reduksjon av to årsverk skuleåret 2019/20	Gjennomført
6.2.3.3	Kvalifisering av lærarar etter ny forskrift	Skuleåret 19/20 er det 41 lærarar som ikkje møter kompetansekravet. Skuleåret 19/20 tek ni lærarar vidareutdanning. Fem stk tok rektorutdanninga.
6.2.3.4	Leseplan – 5.- 7. trinn	Vedtatt og slått saman med leseplan for 1.-4.klasse.
6.2.3.5	Kvalitet- og strategiplan for grunnskule	Under evaluering i samband med planarbeidet.
6.2.3.6	Kompetanseheving på assistenter i skulen som jobbar med elevar som har vedtak i samsvar med opplæringslova § 5-1	Kurs januar 2020
6.2.3.7	DeKomp – desentralisert kompetanseutviklingsmodell	Dette er ei pågående varig ordning med oppstart av klyngearbeid for skulane Sandeid og Vågen, tema er leseopplæring.
6.2.3.8	Pedagogisk IKT plan for Vindafjordskulen	Denne er i bruk i skulane, vart revidert i november 2019.
6.2.3.9	Endra profil på tildeling av rammetimetal.	Gjennomført

6.2.4 Skulefritidsordninga

Hovudtrekk oppgåver og drift 2019

Skulefritidsordninga (SFO) fekk nye val av opphaldstider frå august. Det vart fleire val tidmessig. Ein betaler for opphaldstida ein treng. Tidlegare betalte ein for oppsette tidsintervall om ein brukte tida eller ikkje.

Det er utarbeida ein kvalitetsplan i SFO. Planen skal sikra at kvaliteten på tilbodet er mest mogleg lik på alle SFO i Vindafjord.

Utfordringar

Nokre einingar har utfordrande barn som treng tett oppfølging av vaksne. Det er ikkje ekstraressurs knytt til desse elevane på SFO. Det er store utfordringar for dei tilsette å få til eit godt tilbod til desse elevane og det gjer at dei andre elevane får eit dårlegare tilbod. Elevar med ein til ein oppfølging i skulen får ikkje det i SFO. Dette tek ressursar frå dei andre barna.

Der er få elevar som melder seg på ferieliboden i SFO. Dette gjev utfordringar i høve til kvalitet på tilboden. Der kan vere så få som to elevar som faktisk møter enkelte dagar, sjølv om der er fleire påmeldte.

På dei minste einingane går elevtalet ned, som fører til at ein har mellom 4-8 barn i SFO, ein samarbeider med barnehagen om ei løysing der føresette har stort behov for SFO.

Strategi og tiltak		Status per 31. desember 2019
6.2.4.1	Utarbeida kvalitetsplan for SFO	Denne er vedtatt og tatt i bruk
6.2.4.2	Prisjustering SFO - mot sjølvkost-finansiering	Utført

6.2.5 PPT

Hovudtrekk oppgåver og drift 2019

PP-tenesta for Etne og Vindafjord er sakkunnig organ knytt til opplæring heimla i barnehagelova kap 5V A §19 og opplæringslova kap 5, §5. PP-tenesta har oppgåvene knytt til 13 barnehagar, 11 skular og vaksenopplæring på grunnskuleområdet for elevar med spesialpedagogiske behov. Tenesta skal hjelpe barnehagar og skular med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggja popplæringa betre til rette for barn/elevar med særlege behov. Som førsteprioritet skal tenesta syta for at det vert utarbeidd sakkunnige vurdering der lova krev det. Det er 6,5 årsverk knytt til tenesta. 0,8 årsverk merkantil funksjon er knytt til Service- og fellesteneste. Dei tilsette har kontorstad på rådhuset i Vindafjord. Sjukefråværet i 2019 var 1,7% (måltal 3%)

Utfordringar

Nøkkeltal nasjonalt	2016	2017	2018	2019
Sakkunnig vurderingar barnehage	2,9%	3,1%	3,2%	
Sakkunnige vurderingar skule	7,9%	7,85%	7,81%	7,7%
Nøkkeltal Vindafjord	2016	2017	2018	2019
Antal personsaker Vindafjord	236	225	201	177
Sakkunnige vurderingar barnehage	2,7%	2,7%	2,8%	4%
Sakkunnige vurderingar skule	8,9%	7,1%	6,92%	7,02%
Nøkkeltal Etne	2016	2017	2018	2019
Antal personsaker Etne	109	101	107	92
Sakkunnige vurderingar barnehage	4,3%	2,99%	5,31%	5,31%
Sakkunnige vurderingar skule	9,9%	9,6%	8,9%	10,28%

Antal personsaker viser tilviste, aktive saker pr. 31.12.2019; av dette er 68,8% gutar. I tillegg er 62 personsaker avslutta gjennom 2019. Barnehage sine tal er berekna etter antal barn i barnehage, slik Udir sitt statistiske talmateriale gjer. PP-tenesta nyttar i større grad tid til utgreiing av behov og rettleiing til barnehagar og skular, både i individ og systemsaker. Målet for både Etne og Vindafjord kommune er at utviklinga av tal sakkunnig vurdering skal fylgja nasjonalt nivå. Det ei utfordring å auka innsats for fleire barn/elevar med vekt på inkludering, likeverd og tilpassa opplæring gjennom intensive og systematiske tiltak.

Strategi og tiltak		Status per 31. desember 2019
6.2.5.1	Vidareutvikla og bruka plan for «Kvalitet og strategi»	Utdanningsdirektoratet sine kvalitetskriterium for PP-tenesta vert lagt til grunn for systematisk utvikling av tenesta. Dette vert gjort i samhandling med eigar og samarbeidsorganet (SO). PP-tenesta gjer prioriteringar knytt til nasjonale føringar, behov i kommunane og behov for utviklingstiltak i barnehage- og skule.
6.2.5.2	Kompetanseutvikling	PP-tenesta utviklar kompetanse i tråd med eigen kompetanseplan. To rådgjevarar fullførte i mai 19 vidareutdanning i «Testteoretisk kompetanse.», i regi NTNU. PP-tenesta gjev kompetanse for intensive tiltak og tidleg innsats, på bestilling frå barnehagar og skular. Dette inkluderer kursdagar, avdelingsmøte, personalmøte og i rettleiing i system- og individssaker. Det er ikkje utvikla årshjul for kompetanseutvikling for barn/elevar med særlege behov.
6.2.5.3	PP-tenesta «tett på» barnehagar og skular gjennom systematisk samarbeid PPT-barnehage/skule.	Kvar barnehage og kvar skule har ein PP-rådgjevar som fast kontaktperson og samarbeidspart. Frå 01.08.19 er det utarbeida samarbeidsplan mellom barnehage/skule og PPT, med mål om å vera «tettare på» i førebyggjande arbeid. «Pedagogisk analyse» vert nytta i rettleiing. PPT har vore med i «Inkluderande barnehage og skolemiljø» i Etne kommune, pulje 2. PPT har delteke i dialogmøte med eigar, barnehagar og skular. Fagsystemet «Flyt» er tilgjengeleg for PP-rådgjevarane i arbeidet ute i barnehagar og skular.
6.2.5.4	BTI- Betre tverrfagleg innsats	PP-tenesta har delteke i prosjektet BTI både i Etne og Vindafjord kommune. PP-tenesta har også vore med å utvikla samhandlingsforløpa på tvers av tenester, kommunar og spesialisthelseteneste. I dagleg arbeid er PP-tenesta med i tverrfagleg samhandling knytt til førebyggande arbeid, systematisk samarbeid og tverrfagleg samarbeid i individssaker.
6.2.5.5	Logoped i opplæring	PP-tenesta er sakkunnig organ for barn og unge med behov for logoped. Kommunen har mange barn og unge med behov for ei slik teneste. Logoped vert leidt inn i utøvande logopedteneste. Ein tilsett i Vindafjord har starta på deltidsopplæring i logopedi.

6.2.6 Kultur og læring

Hovudtrekk oppgåver og drift 2019

Eininga dekkjer over eit breitt fagfelt og fleire ulike lovverk. Kulturskule, vaksenopplæring, bibliotek, frivilligentral, kultur og idrett allmenn. Innflytting i det nye Kultur -og læringssenteret på *Sjøperlo* vart unnagjort i løpet av hausten. Gjennomsnitt sjukefråvær 2019 er 8,1 %, skuldast i hovudsak langtidsjukdom og eller kronisk sjukdom.

Kultur og idrett allmenn omfattar blant anna arbeid med friluftsliv, aktivitetstilbod barn og unge, friluftsområde, kunst og kulturformidling (Den kulturelle spaserstokken), folkehelse, kulturminneforvaltning og diverse sakshandsaming blant anna med tilskot til lag og foreiningar. Vindafjordmuseet er ein del av regionsmuseet Haugalandmuseet som hadde sitt første heile driftsår i 2019. Bygdeboka, *Heimar og folk i Vikedal*, kom i sal rett før jul. Ut på tur er ein del av drifta i samarbeid med frivillige i bygdane. Det er sær populært og mange deltek. I tråd med satsinga på å få barn og ungdom med i fritidsaktivitetar vart det på slutten av året tilsett i prosjekt ein 50% AlleMEDkoordinator, hovudsak drifta med BUFDIR- og folkehelsemidlar.

Vindafjord bibliotek skal vera ein aktiv, uavhengig møteplass, der innbyggjarane får tilgang til kunnskap, informasjon, kultur, opplevelingar, offentleg samtale og debatt på tvers av kulturell, religiøs og økonomisk bakgrunn. Tilbod til barn og unge skal ha eit særleg fokus. I tillegg til utlån og formidling, har biblioteket gjennomført 10 språktreff for framandspråklege og frivillige i samarbeid med vaksenopplæringa med til saman 192 deltakrar og 11 kulturarrangement med til saman 508 frammøtte. 3 av desse arrangementa var for barn. Vindaverkstaden har hatt 4 arrangement for barn og ungdom og biblioteket har tatt i mot 8 skuleklassar for opplæring/ omvising i dei nye biblioteklokala. I tillegg har biblioteket vore med å gjennomføra 3 arrangement for Den kulturelle spaserstokken på *Sjøperlo*.

Utlån har hatt ein nedgang i 2019 og følgjer ein trend over fleire år. Utlånet hausten 2019 har vore bra etter at biblioteket flytta til nye lokale. Besøket har auka trass i at biblioteket var stengt frå og med 18. juni 2019 til det opna i igjen 28.09.10. Gjennom tilskot frå Nasjonalbiblioteket driv Vindafjord bibliotek bibliotekneste i Sandeid fengsel to dagar i veka. I tillegg til utlån av bøker, blir det drive med lesestimulerande tiltak og gjennomført 15 arrangement.

Kulturskulen vert organisert i tilknyting til skuleverket og kulturlivet elles. Målgruppa er elevar i grunnskulealder, men det vert og gjeve tilbod til andre grupper når det er høve til det. Det har teke tid å få kulturskulen sine nye lokale ferdige på nytt kultur- og læringssenter, men nå står berre dansesalen att før alle romma er klare. Kulturskulen har undervisning, administrasjon og lærararbeidsplassar i det nye senteret, men held også fram med desentralisert undervisning på fleire av grunnskulane i kommunen. Grunna rekrutteringsvanskår, og lokalitetar, har det i 2019 vore redusert tilbod på dans. Dette vonar me skal betra seg i 2020. Gjennom året har elevar og lærarar vore aktive på mange ulike arenaer, og vore ein synleg del av kulturlivet i kommunen. Søknader og informasjon til og frå kulturskulen går lettare gjennom det nye administrasjonsprogrammet, *Speedadmin*. Det er også arbeidssparande både med omsyn til timeplanlegging og opptak. Vindafjord kulturskule har søkt om deltaking i eit samarbeidsprosjekt mellom Nordea og kulturskulerådet, der kommunikasjon og produksjon er stikkord for prosjektet. Ein er og i arbeid med å tilpassa dei nasjonale ramme- og fagplanane til lokale forhold, og dette arbeidet vil bli vidareført i 2020.

Vaksenopplæring starta året med 26 deltakrar. Målgruppa er i størst grad busette flyktningar i introduksjonsprogram med rett og plikt til opplæring norsk og samfunnskunnskap. Tilbodet er 30 timer i veka. Inkludert i desse timane er det blitt undervist i grunnleggande dogleikar på grunnskulen sitt nivå 1. - 7. trinn. Ti elevar får eksamensretta opplæring 8. -10. nivå på Breidablik læringssenter i Haugesund.

Frivilligsentralen har hatt ei auke i nye frivillige gjennom året, særskjekt med fleire unge som er blitt rekruttert. Sentraken flytta inn i Kultur- og læringssenteret på Sjøperlo sommaren/hausten 2019. Nokre av aktivitetane i 2019 har vore; tilrettelagt teorikurs for førarprøve for 10-15 deltagarar, samt øvingskjøring til deltagarar som har bestått teoriprøve, besøksvener og turvener. Besøkshundar på omsorgssentera. Camp Vindafjord i vinterferien og haustferien. Har dette året søkt og fått midlar fra både Gjensidigestiftinga ("Ut på livet – med sykkeli godt lag" kr 150.000,-), SR-bank stiftinga ("For Alle" kr 30.000) og Buf-dir ("Kongesommar" kr 60.000). Innsamling av julegåver til dei som treng litt ekstra i samarbeid med arrangør Julemessan på Bjoa og NAV var ein god avslutning på året.

Nøkkeltal tenesteyting og kvalitet	2016	2017	2018	2019
Kulturskule, elevar(GSI) pr.1/10	237	232	232	184
Kulturskule, elevplassar*(GSI)pr.1/10	260	261	261	191
Kulturskule, venteliste**	70	41	41	33
Kulturskule, musikk for barnehageborn(tal medverkande barn)	200	200	100	100
Bibliotek, Utlån (barn og voksne)	23 617	23 522	22 196	21 189
Bibliotek, digitale bøker, Utlån	1 547	3 745	2 707	1 624
Bibliotek, besøk, alle	12 004	12 305	11 531	15 733
Bibliotek SF, Tal besøk/ snitt pr veke	2218/46	2322/48,5	2034/42,5	1940/40,5
Bibliotek SF, samla utlån bøker og digitale bøker	4785	4222	4069	4184
Voksenopplæring, elevar (norsk- og sam. K.)	45	44	44	37
Grunnskule §4A-1 (eksamensretta) GSI	1	0	6	10
Grunnskule §4A-2 (spesialpedagogikk) GSI	14	12	4	1

*Ein elev kan ha fleire elevplassar, t.d. kan ein vera elev på kunstfag(gruppe) i tillegg til å spela eit instrument. **Ventelistene har gått ned dei siste åra. Det kan skuldast gjennomgang og rydding av lister, det kan også skuldast økonomiske nedgangstider.

Utfordringar

2019 var i stor grad prega av klargjering for å pakka ned alt før sommaren, flytte inn i august og opning i september, og ikkje minst få i gang drift i dei nye lokalane. Det har vore ei stor meirbelastning for alle å flytte inn i eit bygg som ikkje var heilt ferdig.

Strategi og tiltak	Status per 31. desember 2019
6.2.6.1 Følgja opp kulturminneplanen	Utarbeidd tiltaksliste
6.2.6.2 Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og kulturbygging	Under planlegging
6.2.6.3 Prosjekt bygdebøker	Boka for Vikedal vart lansert i des.

6.2.6.4	Etablera den nye eininga i Kultur- og læringssenteret	Kultur og læring er etablert i Kultur-og læringssenteret på <i>Sjøpelo</i> .
6.2.6.5	Norsktiltak i introprogram fem dagar 1. år, delvis 2. år	I drift.
6.2.6.6	Styrkja/ modernisera til digitale løysingar og verktøy	Pr. 2019 godt rusta.
6.2.6.7	Koma den moderne bibliotekbrukaren i møte	Meiropne utstyr er montert, men er ikkje operativt.
6.2.6.8	Frivilligsentralen vert oppretthalden	I god kommunal drift.
6.2.6.9	Utarbeida verksemndsplan Kultur og læring	Startfasen.

6.2.7 SLT

Hovudtrekk oppgåver og drift 2019

Det tverrfaglege samarbeidet står sentralt i SLT modellen. Det gjeld både internt i kommunen, og ikkje minst saman med andre sentrale samarbeidspartnerar som til dømes vidaregåande skule, politiet og frivillige lag og org. Kommunen har faste tverrfaglege treffpunkt der det rus og kriminalitetsførebyggande arbeidet er tema, SLT-arbeidsutval. Her skal einingane ut frå sin kunnskap og erfaring i fellesskap synleggjera problem og utfordringar, og saman finne ut korleis desse utfordringane best kan målast, og setja i verk tiltak og koordinere innsatsen.

SLT-koordinator jobbar etter SLT handlingsplan. Det vart revidert og godkjend ny plan for 2020-2023 i politiråd hausten 2019.

Året 2019 har for SLT vore prega av lite kapasitet i stillinga grunna sjukemeldingar og fødselspermisjon. Dermed har det vore prioriteringar i forhold til kva oppgåver som kunne gjennomførast. SLT arbeidsutval og politiråd, samt kontakt med politi har vore prioritert. Våren 2019 måtte Ung i Vindafjord avlysast. Dette vart etterlyst av lærerar og foreldre. Frå september har stillinga vore 80%, fordelt på Etne og Vindafjord. Hausten 2019 starta tverrfagleg samarbeidsmøte (TOT) opp på ungdomskulane. Mykje av tida har gått med til møteverksemd, koordinering og tid direkte i tiltaka på handlingsplanen. Ung Data vart gjennomført våren 2019. Mykje tid går med til å gjere seg kjend med resultata og å formidle resultata til einingar og elevane som har tatt undersøkinga. Ettersom SLT stillinga har vore såpass redusert har det gått ut over kontortid og planleggingstid i tillegg også deltakinga i nokre av møtepunkta vore begrensa.

Likevel har SLT-handlingsplan i stor grad blitt gjennomført.

Utfordringar

Ettersom SLT stillinga skal avsluttast f.o.m. 2021 er prioriteringa for året 2020 å gjennomføre tiltaka i handlingsplanen. Samt å integrere oppgåvene til SLT koordinator inn i dei ulike einingane.

Strategi og tiltak		Status per 31. desember 2019
6.2.7.1	Gjennomføra tiltaka i SLT handlingsplanen	Handlingsplanen har blitt jobba godt med, til trass for redusert kapasitet i starten av året. Siste halvdel av året var god kapasitet og difor har ein fått gjort mykje godt førebyggjande arbeid.
6.2.7.2	Gjennomføra «Ung data» undersøkinga	Gjennomført våren 2019, oppfølging av resultata har vore ein prioritet.
6.2.7.3	SLT koordinator – avvikla ordninga	Kommunestyret har vedteke at SLT skal avviklast frå 01.01.21.

6.3 Rammeområde Helse og omsorg

6.3.1 Felles for rammeområde

Hovudtrekk oppgåver og drift 2019

Rammeområdet omfattar følgjande einingar. Barnevern, helse, rus og psykiatri, tilrettelagde tenester, Vindafjordtunet, Ølen omsorgssenter, heimetenester, tenestekontoret og NAV. I tillegg er kommune-overlege og smittevernlege underlagt området.

Det er eit stort meirforbruk innan rammeområdet. Hovudårsaka til meirforbruket ligg i pleie og omsorg og barnevernet. Hovudårsaken er rekrutteringsutfordringar, ressurskrevjande tenester og fleire krevjande brukarar i tenestene etter samhandlingsreforma. Fleire brukarar får ein ikkje lenger refusjon for pga alder.

I mars 2019 vart omorganiseringa gjennomført i PLO, der ein gjekk frå integrerte til delte tenester. Heimetenesta vart ei eiga eining som ligg under ØOS. Det gjenstår framleis noko arbeid og evaluering kring omorganiseringa men ein er komne godt i gong.

Heile rammeområdet har hatt stor fokus på å få ned driftsutgiftene samstundes som ein skal gje forsvarlege og tilpassa tenester. Einingane har gjort ein stor jobb og alle tilsette har hatt fokus på dette arbeidet, noko som har vist seg igjen i forhold til at det venta overforbruket blei noko lågare.

Kvalitetsreforma «Leva heile livet» seier mykje om at ein ønskjer at den einskilde skal få bu lengst mogleg i eigen heim og at kommunen bør leggje til rette for dette så langt det går. Det er difor viktig at ressursane vert nyttta saman med brukar sine ressursar og så langt råd er og at tenestemottakar sjølv tek ansvar for eigen livssituasjon. Ein har også hatt fokus på å ta i bruk ny teknologi, det ein i første omgang har sett på er elektroniske medisindispenserar, ein har heldt på med å implementere dette i tenestene.

Rammeområdet har igjennom fleire år hatt eit høgt sjukefråvær, dette har også vært eit satsingsområde i 2019, ein har jobba systematisk med førebygging og i tett dialog med den tilsette, noko som har gitt resultat og sjukefråværet har gått betrakteleg ned.

Tenestene er utfordra på imøtekamma dei behova som er i befolkninga. Den demografiske utviklinga viser at talet på eldre aukar frå 2025 og talet på unge med behov for tenester viser også ein auke frametter. Ein må heile tida sjå på tenesteutviklinga og korleis ein kan jobbe for å imøtekommе dei behova som er og korleis ein kan utvikle tenestene til det betre for brukarane og innanfor gitte rammer.

Økonomi

	Rekneskap 2019	Budsjett (just) 2019	Avvik	Forbruk i %	Budsjett 2019
Utgifter	360 475 790	315 727 237	-44 748 553	114 %	287 776 406
Inntekter	- 96 846 442	- 79 841 744	17 004 698	121 %	- 63 752 203
Netto utgifter	263 629 348	235 885 493	-27 743 855	112 %	224 024 203

Meirforbruket innan rammeområdet er på kr 27 743 855. Hovuddelen kan knyttast til pleie og omsorg, men ein har og eit meirforbruk i dei andre einingane i rammeområdet. Årsakene er samansette men dei viktigaste grunnane kan knyttast til ressurskrevjande brukarar, mindre refusjon frå staten grunna alder, rekrutteringsvanskar, smitteproblematikk og sjukefråvær.

Kommunen får stadig større ansvar for tidlig utskrevne pasientar frå spesialisthelsetenesta, dette er pasientar som krev at kommunen må ha rett kompetanse og utstyr for å ivareta pasientane på ein forsvarleg måte. Kompetanse og utstyr er kostbart og vil bli ei økonomisk utfordring.

Vidare er det eit større meirforbruk i barnevern, der overforbruket hovudsaklig skjer på tiltakssida. Sjølv om ein har gjort store grep for å sikra betre tenester til ein lågare pris, ser ein at budsjetteringa har vore vanskeleg. Det er nokre få tiltak som er særleg kostnadskrevjande. I tillegg kjem utgifter til tolk.

Strategi og tiltak		Status per 31. desember 2019
6.3.1.1	Driftsgjennomgang innan rammeområdet	Gjennomgang av drifta sett opp mot budsjett
6.3.1.2	Styrkja rammeområdet generelt og fellesområdet spesielt	Løpende fokus
6.3.1.3	Revidera helse- og omsorgsplan 2015 - 2020	Starta opp i 2020
6.3.1.4	Revidera bustadsosial handlingsplan	Gjennomført
6.3.1.5	Leggja til rette for omsorgsbustader og bustader som er tilrettelagt for å bli gamal i, nær butikk og andre tenester. Ha trygge rammer for desse som opnar for turar i nærområdet og gangavstand til daglege tenester og aktivitetar.	Løpende fokus

6.3.2 Helse- og psykiatritjenester

Eining Helse – og psykiatri blei 01.01.2019 delt i to einingar, Helse og Rus og Psykiatri:

HELSE

Hovedtrekk oppgåver 2019
Eininga består av Helsestasjon, Fysio og Ergoterapitenesta, interkommunal legevakt og Legetenesta
Helsestasjon
Jordmorstillinga blei auka med 20% i 2019. Ein stor andel gravide går til jordmor under svangerskapet. Alle gravide blir spurta om vold i nære relasjoner. Jordmor har tett samarbeid med familieteamet og henviser familiar/mor tidleg ved behov. Jordmor tilbyr nå heimebesøk til alle nybakte foreldre 1-4 dagar etter heimkomst.
Med bakgrunn i tilskotsmidlar frå helsedirektoratet har helsestasjon/skulehelsetenesta har Vindafjord helsestasjon hatt mulighet til å oppretthalde styrkinga på helsestasjon/skulehelsetjenesta. Pga rekrutteringsutfordringar siste året har me dette året sendt to av våre ansatte på vidareutdanning helsejukepleiar. Det har vore et stort og nødvendig kompetanseløft. Helsestasjon og skulehelsetjenesta har i 2019 (grunna hjelp frå tilskotsmidler) utført helsestasjonsprogrammet ut frå nasjonale retningslinjer. Me har faste undervisningar i skulen, men tek også undervisningar etter førespørsel frå skular. Svært mange nyttar seg av drop in tida vår på skulane. Enno er ikkje helsejukepleiar nok tilstades på skulane til å klare å følgje opp alle. Vindafjord helsestasjon har i 2019 skifta journalsystem frå system X (pilot) til HS pro.
Helsestasjon for ungdom har hatt ope ein ettermiddag i veka. Her treff ungdommen både lege og helsejukepleiar. Her får de hjelp til oppfølging av psykisk/fysisk helse og prevensjonsveiledning. Tilbodet er populært med ein aukande etterspurnad. Familieteamet jobbar med dei mest utsette familiene, både gjennom lav terskel helsearbeid og som tiltak i barnevern tenesta. Henvendelse til teamet skjer ved tilvising. I 2019 hadde teamet 86 aktive saker. Det er ein auke frå i fjor

Smittevernavdelinga er i god fagleg utvikling, oppstart av vaksinekontor var ein av hovudsatsingane. Her tilbyr dei reisevaksinering, reiseråd, yrkesvaksinering, influensavaksinering og anna aktuell opp vaksinering. Pågangen er stigande og innbyggjarar i eigen kommune og nabokommunar nyttar seg av tilbodet. Det er knytt 65% stilling til drift av vaksinekontoret, som etter kvart skal bli sjølvfinansiert. Prosjektet er utvida ut 2020

Nøkkeltal tenesteyting og kvalitet	2016	2017	2018	2019
Fødseltal	115	109	89	102
Framandspråklege	33	21	24	16
Heimebesøk - jordmor	115	109	89	102
Samtaler grunnskule				Mangler statistikk grunna overgang til nytt journalsystem
Jenter	557	570	972 *	
Gutar	352	307	580 *	
Samtaler videregående skule				Mangler statistikk grunna overgang til nytt journalsystem
Jenter	227	282	327	
Gutar	29	64	104	
Helsestasjon for ungdom				
Jenter			90	125
Gutar			6	7
Influensavaksine tilsette ((alle utanom helse omsorg måtte i 2019 betale ein eigenandel på kr 100)		32	189	165

Fysio- og Ergoterapi

Fysioterapi avdelinga har fått 20% fast stilling tilknytt helsestasjon og skulehelsetenesta. Tilsaman i kommunen jobbar fysioterapeuten om lag 60% retta mot barn og unge. Oppgåvene til fysioterapeut iht barn er i hovudsak 4 månadsgrupper, barselgruppe, open helsestasjon og samhandling med skule og barnehagar.

Nytt dette året er at fysio har tilbudt undervisning om fysisk aktivitet i teori og praksis til 1., mellomtrinn og 10. klasse. Det har blitt 8 bolkar i 2019.

Det har vore ei auke i talet på kortidspasientar på sjukeheimane. Det vart oppretta balansegruppe for heimebuande for å førebyggja mellom anna fall. Heimevurderingar har auka siste året, med fokus på at folk bur lengst mulig heime, så det er eit prioritert tiltak. Som følgje av at fleire bur heime så aukar også behovet for hjelpemidlar.

I løpet av 2019 har 20 brukarar fått tilbodet kvardagsrehabilitering. Dette var og målsetjinga.

Tenesta er gratis og tidsavgrensa til 5 veker. Teamet har vore komplett heile året og det har fungert veldig bra.

Interkommunal legevakt

Etne/Vindafjord interkommunale legevakt har som hovudoppgåve å handtere alle medisinske naudstilfelle og behov for strakshjelp til befolkninga som til ei kvar tid oppheld seg i kommunane. Interkommunal legevakt sikrar dette tilbodet ved å ha tilstadesvakt av lege/sjukepleiar kvardagar fra 15.30-23 og 08.00-23.00 i helg/høgtid. Legen har raud respons på natt. Vaktbelastninga blir fordelt mellom de to kommunene i forhold til kommunestørrelse. Vindafjord kommune har avtale med Haugesund legevakt om håndtering av alle telefonhenvendelser på 116/117. Telefonhenvendelser blir registrert i felles journalsystem i legevaka si åpningstid som sikrar god informasjonsutveksling. Vindafjord kommune har hatt LIS1- lege heile året. Etne kommune hadde ikke LIS1 dette året. Legebemanninga har stort sett vore stabil.

Legetenesta

Alle fastlegeheimlar er dekkja i 2019. Det har vært behov for å leige inn vikar i høve til sommerferie avviklinga. Dette grunna det er utfordrande å få dekkja inn alle dei kommunale tilsynsoppgåvene til legane i tillegg til redusert drift på legekontora. Det er utfordrande å få tak i vikarar for helsesekretærane på legekontora. Ein bør sjå på andre løysingar slik at det ikkje blir så sårbart.

Strategi og tiltak		Status per 31. desember 2019
6.3.2.1	Auka tilgjengeleghet i helsestasjon- og skulehelsetenesta	Mottatt nye tilskotsmidler i 2019. Ein andel av tilskotsmidlene blir i år nytta til å utdanna to nye helsejukepleierar for å oppretthalde kompetansen i avdelinga. Resten blir nytta til å vidareføre drift og tilgjengelighet helsestasjon og skulehelsetjenesta.
6.3.2.2	Vidareføra ungdommens helsestasjon	Vidareført med aukande oppmøte av ungdom.
6.3.2.3	Styrkja fysioterapitilboden i kommunen	Vidareføring og stabilisering av 20 % stilling fysioterapeut i avdelinga. Ho har nå faste treffpunkt på helsestasjon og i skulehelsetjenesta.
6.3.2.4	Stilling som psykolog innan helse og sosial	Dialog med Etne om Interkommunalt samarbeid (60/40) Ikkje avklart enno. Planlegg utlysning og ansettelse innan start 2020.

RUS OG PSYKIATRI

Hovudtrekk oppgåver og drift

Eininga består av følgjande avdelingar: Hauatun bufellesskap, Psykisk helse og rus, og Fengselshelsetenesta. Sjukefráveret i eininga har i snitt ligge på 4,7 % som er under målet på eit fravær på 5%, det blir jobba kontinuerlig med forebygging god oppfølgjing av sjukemeldte.

Psykisk helse og rus

Avdelingane Psykisk helse og rus og Hautunet hadde ein forvalningsrevisjon i 2019, der det ikkje vart avdekka avvik, men ein fekk seks punkt som ein skulle sjå nærare på.

Hauatunet er eit heildøgns bemanna bufellesskap med 8 bustader for menneske med psykiske utfordringar.

Avdelinga Psykisk helse og rus har individuell oppfølgjing og gruppetilbod med mellom anna dagsenter. I 2019 hadde ein fokus på vidare utvikling av miljøterapi og recovery, fleire tilsette har delteke på kurs. Brukarmedverknad skal stå i fokus for alt som blir gjort. Fleire tilsette har tatt vidareutdanning med avslutning våren 2020. Ein har også hatt eit auka fokus på dokumentasjon og

kvalitesikring av tenestene. Det er generelt god fagdekning, men ein ser at det kan vere utfordrande å få tak i kvalifisert personell. Ein ser ein auke på henvisnigar på personar som har milde til moderate depresjonar og angst.

Ein har gjort vurderingar på at ein vil ta i bruk eit evaluerings verktøy- FIT i begge avdelingane, det setter brukarane, og deira oppleving av kva som er verksam hjelpe i sentrum. Da vert tilbakemelding satt i system og det vil gje utgangspunkt for læring og endring, og sikrar stor grad av brukarmedverking. Dette gjeld ikkje berre for samarbeidet mellom den einskilde brukar og hjelper, men ikkje minst også for utvikling av rus- og psykisk helsetenesta i sin heilhet i kommunen. Ein har ikkje gjennomført direkte brukar undersøkingar i 2019, men ein har brukarråd og kontinuerlige tilbakemeldingar.

Opptrappingsplanen for rusfeltet har fokus på at fleire oppgåver vert overført til kommunane med vekt på tidlig intervension, reell brukarinnflytelse, eit variert og heilskapleg tenesteapparat og at det skal bli tatt i bruk alternative straffereaksjonar. Finansieringa er lagt inn i budsjetttramma. Brukerplan blir nå tatt i bruk anna kvar år, neste gong i 2020.

Nøkkeltal tenesteyting og kvalitet	2016	2017	2018	2019
Aktive brukarar Psykiatrisk sjukepleie	122	140	145	152
Herav nye tilmeldte	64	68	57	73
Psykisk helse dagsenter	43	32	39	41
Miljøarbeid i heimen	10	10	11	11
Aktive brukarar i RUS/ROP	26	32	28	22
Inn på tunet	7	6	6	5

Helsetenesta i Sandeid Fengsel

Sandeid Fengsel har plass til 88 innsatte. Fra 01.04.19 er det kun soningsplasser for menn. Helseavdelinga i Sandeid Fengsel nyttar Helsedirektoratet sin vegleiar for å drive ei forsvarlig helseavdeling,

I 2019 var det samla sett 365 nye innsette. For alle nye innsette vert behov for helsehjelp samt om ein er kandidat for dei ulike prosjekta som vert gjennomført i regi av fengselshelsetenesta.

Prosjekt unge og rus:

Prosjektet er eit samarbeid mellom Kriminalomsorga, Helse Fonna og Vindafjord Kommune. Finansiert av støtte frå Rogaland Fylkeskommune. Målsettinga for prosjektet er at ein skal starte opp med motivasjonsarbeid og kartellege kva for hjelpe dei treng etter end soning. Mål er å opprette kontakt med ruskonsulent i heimkommen slik at den kontakten er på plass ved utreise.

Overdose prosjekt (ODD):

Sandeid Fengsel i samarbeid med helseavdelinga drifter fortsatt ODD prosjektet.

Det er delt ut 26 stk Nalokson sprayer i 2019, ein auke på 7 stk frå 2018.

Prosjektet er delt inn i fire ulike tiltak:

- 1) Innkomstsamtale
- 2) Informasjon om overdoserisiko, HLR kurs, opplæring Nalokson spray
- 3) Løslatelse samtale
- 4) «time i hånda»

Utfordringar

Både Rus og Psykiatritenesta og Fengselshelsetenesta har utfordringar med å rekruttere kvalifisert personell, særskilt gjeld dette i feriar.

Rus og Psykiatritenesta ser ein auke i talet på pasientar med milde til moderate lidingar, noko som aukar belastninga på tenesta. Framover ser ein og at den nye rusreformen og konsekvensane denne kan få for kommunen vil kunne gje utfordringar innanfor dagens rammer.

Fengselshelsetenesta ser det som viktig å oppretthalde det gode samarbeidet med Sandeid Fengsel, slik at ein får gitt dei insette gode verktøy som dei kan ha nytte av etter soning, men dette er utfordrande, mellom anna med tanke på teieplikta.

Prioriterte strategiar og tiltak i 2019

6.3.2.1	Auka tilgjengeleight i helsestasjon- og skulehelsetenesta	Mottatt nye tilskotsmidler i 2019. Ein andel av tilskotsmidlene blir i år nytt til å utdanna to nye helsejukepleierar for å oppretthalde kompetansen i avdelinga. Resten blir nytt til å vidareføre drift og tilgjengelighet helsestasjon og skulehelsetjenesta.
6.3.2.2	Vidareføra ungdommens helsestasjon	Vidareført med aukande oppmøte av ungdom.
6.3.2.3	Styrkja fysioterapitilbodet i kommunen	Vidareføring og stabilisering av 20 % stilling fysioterapeut i avdelinga. Ho har nå faste treffpunkt på helsestasjon og i skulehelsetjenesta.
6.3.2.4	Stilling som psykolog innan helse og sosial	Dialog med Etne om Interkommunalt samarbeid (60/40) Planlegg utlysning og ansettelse innan start 2020.

6.3.3 Pleie- og omsorgstenester

(Ølen Omsorgssenter, Vindafjordtunet og Heimetenestene)

Hovudtrekk oppgåver og drift 2019

Pleie og omsorgstenesta har eit meirforbruk i 2019. Ved Ølen omsorgssenter har det vore naudsynt å nytte vikarbyrå for å dekka opp for manglende sjukepleiar kompetanse, men bruken av vikarbyrå er redusert frå 5 til 2 i løpet av året. Det er rekruttert nye sjukepleiarar, men ein har framleis utfordring med å dekka opp for vakante sjukepleiarstillingar. Ein held fram med stipendordninga for å rekruttera sjukepleiarstudentar. Ved Vindafjordtunet er det og gitt stipendavtale til helsefagelever. Tenesta vil framover og ha store rekrutterings utfordringar, noko som vert synleg når ein tek utgangspunkt i alderssamansetninga blant dei tilsette. Ein har i løpet av 2019 klart å auke stillingsstorleikane til dei tilsette, og ein fortset med dette arbeidet inn i 2020, mellom anna ved gjennomgang av turnusane.

Det er store faglege utfordringar i tenesta i samband med komplekse brukarbehov som vert lagt til kommunehelsetenesta.

Det er meldt om stor trivnad blant tilsette og tilbakemeldingar frå besøkande, pårørande og bebuarar/brukarane er stort sett positive. I 2019 har ein hatt fokus på førebygging og god oppfølging av sjukemeldte noko som har gitt resultat i ein nedgang i sjukefråværet ved ØOS frå 12,2% i 2018 til 8,0% i 2019, ved VT har ein gått frå ca 12% til 6% fråvær, måltal for pleie og omsorg er satt til 7,0%.

I ein periode med lite belegg på sjukeheimen i Ølen vart det solgt sjukeheims plassar til Etne kommune til ein pris av kr 172 000,-

I Mars 2019 iverksette ein ny organisering der tenestene vart delt slik:
 Vindafjordtunet: avdeling for demente personar (38 plassar) og ein langtid somatisk avdeling (14 plassar).

Ølen omsorgssenter: ein somatisk langtidsavdeling (16 plassar) og ein korttid/rehabiliterings avdeling (14 plassar)

Heimetenesta: samla for heile kommunen og underlagt einingsleiar ved Ølen omsorgssenter, heimetenesta har base på begge sentera. Omorganiseringa er under evaluering, det er for tidleg å sei positive eller negative endringar per no.

Kreftsjukepleierane heiter no kreftkoordinator og arbeider mykje med heimebuande som er i livets siste fase. Pågangen for tenesta varierte gjennom året. Det er ein tendens at det stadig blir fleire yngre brukarar og større fokus på rehabiliteringsbiten for dei som er blitt friske. Dette viser og gjennom auka samarbeid med skule i kommunen. Kreftomsorga arbeider og på omsorgssentera og gir opplæring og rettleiing til tilsette. Dei driftar kafè for kreftramma og deira pårørande i lag med frivilligsentralen. I 2020 søker kommunen prosjektmidlar for å starta opp prosjekt kring palliasjon og lindring av døyande, prosjektet er tverrfagleg i kommunen.

Hukommelsesteamet har to tilsette, ein sjukepleiar og ein fagarbeidar kvar i 20% kvar. I løpet av 2019 har det vorte tilsette 2 nye då dei førige er gått over i andre oppgåver. Hukommelsesteamet arbeider opp imot kampanjen "Eit demensvenleg samfunn" som og kan sjåast som eit ledd i kvalitetsreforma "Leva heile livet".

Det er dagsentertilbod for eldre både på Vindafjordtunet og ved Ølen omsorgssenter, i tillegg er det tilrettelagt for dagsenter for heimebuande med demens i eit "Inn På Tunet" tiltak. Bussen som Ølen nyter for å transportera heimebuande til/frå dagsenteret er nå i dårleg stand, det har vore mange og dyre reperasjoner i løpet av året. Bussen har og vore lånt ut til køyring i oppretta tiltak "handlebuss".

Utgangsposisjonar

Det er ei kontinuerlig målsetting å betre utnyttinga av eksisterande digitale verktøy, samt å ta i bruk nye. Dette gjeld både internt og eksternt. Endringar her fordrar som regel endringar for heile organisasjonen. Digitalisering er i stor grad organisasjonsutvikling, men det er viktig at den tekniske infrastrukturen er på plass i utgangspunktet.

Ressurskrevande brukarar vil vera ei framtidig utfordring ifh til økonomi, kompetanse og rekruttering. Sjukepleiekompetanse er den største mangelen og må sjåast på korleis å utføra framover i tid. Utskifting av utstyr og innkjøp av vil verta krevande men naudsynt framover. Rekrutteringsutfordringar samtidig med at ein har ein stor del av tilsette i høg alder vil gje pleie og omsorg utfordringar.

Tiltak		Status per 31. desember 2019
6.3.3.1	«Leve hele livet», ei kvalitetsreform for eldre	Under arbeid.
6.3.3.2	Gjennomføra omstillinga innan pleie og omsorg	Utført 18.3.2019
6.3.3.3	Etablera fleire aktivitetsplassar for personar med demens og kognitive utfordringar	Avventa
6.3.3.4	Vurdera etablering av ØH senger i Vindafjord kommune	Det er gjort ei vurdering og ein har bestemt å kjøpe tilbod av Tysvær kommune
6.3.3.5	Gjennomgang av tenestestandardar og vedtak i tenesta	Under arbeid
6.3.3.6	Ta i bruk førebyggande heimebesøk som eit praktisk og konkret verktøy for å tilretteleggja	Må vurdere om ein har kapasitet til dette arbeidet

	for at eldre kan bu lengre heime	
6.3.3.7	Rekruttering av sjukepleiekompetanse og kompetanse generelt i tenesta	Under arbeid - kontinuerlig
6.3.3.8	Styrkja det førebyggjande arbeidet med aktivitetstilbod som aukar evna til å klara seg meir sjølv. Engasjera beburane i kvardagsaktivitetar og vurdera tettare samarbeid med frivillige, flyktingar og skular der det er mogeleg.	Under arbeid
6.3.3.9	Prisauke mat og matombringning	Gjennomført frå januar 2019.

6.3.4 Tilrettelagte tenester

Hovudtrekk oppgåver og drift 2019

Eining tilrettelagte tenester gjev tenester etter vedtak heimla i helse – og omsorgstenestlova; avlastning, støttekontakt, heimetenester og bistand i bustad med heildøgnsbemanning. Eininga kjøper også tenester til enkeltpersonar og har ansvar for BPA ordningar. Eininga består av 3 bufellesskap som gjev heildøgns tenester, miljøarbeidar teneste og Gnisten; eit arbeids- og aktivitetssenter. I Tilrettelagte tenester er det om lag 100 tilsette, i tillegg til støttekontaktar og familieavlasterar. Tenestene er individuelt tilpassa enkeltmenneske sitt behov. Formålet er å fremje personleg vekst og utvikling, eigemestring og deltaking på lik linje med andre i samfunnet.

Nytt bufellesskap (Solbakken) som er vedteke får ein auke på brukarar og behov for avlastnings husvære.

Per 31.12.19 hadde eining Tilrettelagte tenester ein sjukefråværsprosent på 5,1% mot 10,4 i 2018. Eininga har sidan hausten 2016 hatt eit tett samarbeid med IA gjennom eit nærværsprosjekt som vart avslutta hausten 2018. Denne leiarane saman med tillitsvalde og verneombod utarbeida handlingsplanar og lagt vekt på systematisk målretta arbeid som skal bidra til eit helsefremmande arbeidsmiljø i avdelingane. Dette har gitt gode resultat i 2019.

BPA vart lovpålagd frå 01.01.2015. Eininga har i 2019 hatt 2 ordningar drifta via eit privat firma. BPA kosta eininga i 2019 om lag 1 million kroner. Ingen av BPA ordningane kjem under ordninga for ressurskrevjande brukarar. Denne BPA vart avslutta nov. 2019.

Eininga har også frå januar 2018 kjøpt tenester til ein brukar ifrå eit privat firma. Prisen på kjøp av tenestene er reforhandla og redusert frå 01.01.20. Reduksjonskostnaden er på om lag 1 million per år.

Vaktmester teamet har 2 årsverk som no vert delvis drifta gjennom tilskotsordning frå Fylkesmannen. Frå 2020 fullfinansierar kommunen sjølve dette. Drift av vaktmester teamet og antal vedtak dei gjev tenester ut ifrå er ein føresetnad for at kommunen skal kunne innfri kravet frå Husbanken for tilskott gitt til finansiering av Gnisten. Bygginga av vaskehall tilknytt Gnisten er ikkje iverksett i 2019.

Gnisten har hatt ei auke av brukarar også inne på verkstad/aktivitetene etter flytting i nye lokale, men klarar å ta dette i dei budsjetterte rammene. Framover vil ein ha behov for å tilføre fleire årsverk for å kunne ta imot dei brukarane som har behov for tilbod etter ferdig vidaregåande skulegong. Fleire av desse har store hjelpebehov slik at dersom ein ikkje tilfører nye årsverk på Gnisten, må ein tilby tenestene i bustaden der brukarane bur og då ikkje kunne gje tilbod om arbeid/aktivitet. Det er fleire born og unge i kommunen med store hjelpebehov som vil ha behov for hjelpetiltak som t.d avlastningstiltak framover. Det er store utfordringar med å skaffe private avlastningsfamiliar. Dette gjer at ein i nokre tilfelle no gjev tilbod om avlastning til små born inne på bemanna bufellesskap.

Utfordringar

Det er ei kontinuerlig målsetting å betre utnyttinga av eksisterande digitale verktøy, samt å ta i bruk nye. Dette gjeld både internt og eksternt. Det er ofte stor vilje til utvikling i tenesta, men krevjande å prioritera i ein stadig meir travel kvardag. Endringar her fordrar som regel endringar for heile organisasjonen. Det kan difor vera krevjande å innføra slike endringar, ikkje minst på grunn av kva slike organisasjonsutviklingar krev av ressursar. Digitalisering er i stor grad organisasjonsutvikling, men det er viktig at den tekniske infrastrukturen er på plass i utgangspunktet.

Tiltak	Status per 31. desember 2019
6.3.4.1 Oppfølging av bustadsosial handlingsplan – Byggja inntil 7 nye bustadar som erstatning for Seljebakken. – og ta i bruk 4 «nye» omsorgsbustader.	Bygging av nye bustadar er utsett, med mulig byggestart i 2020

6.3.5 Barnevernstenesta**Hovudtrekk oppgåver og drift 2019**

Etne Vindafjord barnevernsteneste har opplevd ein vekst i aktivitet dei siste åra. Tenesta har berre i kortare periodar hatt full bemanning. Trenden med mange tilsette i lovfesta omsorgspermisjon fortsett, samstundes har ein i periodar hatt stort sjukefråvær - det meste forklara med forhold som ikkje er knytt til arbeidsplassen.

Tenesta driv no innafor lovkrava og har ein drift som kan kallas som sunn. Til dømes held ein tre månadarsfristen på undersøkingar. Tenesta og kommunen sin eigenvurdering samsvarer med Fylkesmannen i Rogaland. Viser her til seinaste tilbakemelding frå Dialogmøte 3.

Barnevernstenesta løyser den lovfesta akuttoppgåva utanfor kontortid saman med Tysvær og Sveio. Oppstart av VEST (Vindafjord, Etne, Sveio, Tysvær) barnevernsvakt 01.02.18. Av dei sju som er tilsett i ordninga er to frå Etne Vindafjord.

Barnevernsfeltet er i sterkt utvikling nasjonalt og lokalt. Etne Vindafjord barnevernsteneste deltok hausten 2018 på Tenestestøtteprogram i regi av Barne-, ungdoms-, og familielid direktoratet (Bufdir). Programmet har bidrige til å utvikle tenesta på sentrale områder som undersøking og hjelpe tiltak i 2019. Fire kontaktpersonar/sakshandsamarar gjennomførte skuleåret 2018/2019 vidareutdanning tilsvarande 30 STP. Tema var vurdering av barns beste, og juss i barnevernet. Staten dekte kostnadane. For skuleåret 2019/2020 deltek tre kontaktpersonar. Tema no er barneværn i eit minoritetsperspektiv.

Barneverntenesta har starta samarbeid med omkringliggende kommunar på områder som fosterheimsoppfølging og kompetanseprogram for nytilsette.

Utfordringar

Nokre få ressurskrevjande saker utfordrer budsjettbalanser. Barneverntenesta jobbar saman med økonomiavdelinga for å laga verktøy som kan bidra til tidligare identifisering og samordna den faglege og økonomiske styringa av desse tiltaka.

Ny barnevernlov og ansvarsvarsfordeling mellom stat og kommune gjeldande frå 2022. Tenesta må fortsette endringsarbeidet.

Det er ei kontinuerlig målsetting å betre utnyttinga av eksisterande digitale verktøy, samt å ta i bruk nye. Dette gjeld både internt og eksternt. Det er ofte stor vilje til utvikling i tenesta, men krevjande å prioritera i ein stadig meir travel kvardag. Endringar her fordrar som regel endringar for heile organisasjonen. Det kan difor vera krevjande å innføra slike endringar, ikkje minst på grunn av kva

slike organisasjonsutviklingar krev av ressursar. Digitalisering er i stor grad organisasjonsutvikling, men det er viktig at den tekniske infrastrukturen er på plass i utgangspunktet.

Det vil fortsatt vera naudsynt å tilpassa drifta til endra rammevilkår, både med tanke på det nye inntektssystemet, bortfallet av inndelingstilskot frå 2021-2025 og spesifikke budsjettkutt.

Tiltak	Status per 31. desember 2019
6.3.5.1	<p>Tiltaksutvikling i samarbeid med andre kommunale tenester og andre kommunar</p> <p>Ein jobbar med vidareutvikling av Vindafjord kommune sitt familieteam, og jobbar vidare med å konkretisera samarbeid om interkommunal fosterheimsoppfølging, noko som skal gje høgare kvalitet for ein lågare kostnad.</p> <p>Barnevernleiar vil peike på fire fokusområder for samarbeid om tiltaksutvikling:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vald i nære relasjonar: Endringstiltak for valdsutøvar • Foreldre med kognitiv svikt og/eller lærevanskar • Familiar med krigs- og/eller flukttraume • Høgkonflikt
6.3.5.2	<p>Fullelektronisk sakshandsaming og arkiv</p> <p>Kommunen er klar til å iverksetje, men det er avdekkja at fagprogrammet Dips/Acos Barnevern ikkje støttar elektronisk arkiv.</p> <p>All sakshandsaming skjer elektronisk, men ein ventar med arkivdelen til ein har meir kunnskap – evt finn midlar til å kjøpa programvare som fyller krava.</p>
6.3.5.3	<p>Auka kapasitet på sakshandsaming</p> <p>I 2019-budsjettet blei barnevernstenesta tildelt ein sakshandsamar/ kontaktpersonstilling. Saman med andre endringstiltak har dette medverka til at barnevernstenesta no håndsamrar alle saker forsvarleg og innanfor gitte fristar.</p> <p>Vidare er det å melde at alle stillingar er fylde, at dei tilsette har rett kompetanse og at sjukefråværet (langtid og korttid) er på veg ned</p>

6.3.6 NAV – Kommunal del

Hovudtrekk oppgåver og drift 2018

NAV skal arbeida for å betra levevilkåra for vanskelegstilte slik at den einskilde får høve til å leva og bu sjølvstendig og ha eit meiningsfullt liv i eit sosialt fellesskap. Vidare skal ein gi råd og rettleiing som kan bidra til å løysa eller førebyggja sosiale vanskar.

NAV Vindafjord har ansvar for statlege arbeids- og velferdsoppgåver, økonomisk sosialhjelp inkludert krisehjelp og midlertidig husvære, kvalifiseringsprogrammet (KVP), FRAM, økonomisk rådgjeving, gjeldsrådgjeving, startlån gjennom Husbanken og Integreringstenesta.

Økonomisk sosialhjelp

I 2019 var utbetaling av økonomisk sosialhjelp rundt 5,4 mill. Dette er 200.000 mindre enn i 2018.

Noko av forklaringa på nedgangen er at tenesta frå våren 2017 reknar barnetrygd som inntekt ved utmåling av økonomisk sosialhjelp. Ei anna forklaring til nedgangen er at me har busett færre flyktningar i 2019 enn dei siste åra.

I 2018 vert det gjort endringar på den statlege ordninga arbeidsavklaringspengar (AAP). Dette går ut på at det mellom anna vert eitt år kortare tid i AAP ordninga, samt strengare inngangsvillkår. Dette kan slå inn på utbetaling av økonomisk sosialhjelp i åra framover, og me ser allereie tendensen no.

Kvalifiseringsprogrammet (KVP)

Kvalifiseringsprogrammet skal vera med på å auka overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet. Sjølvforsørging gjennom arbeid er avgjerande for at den enkelte skal koma seg ut av fattigdom og for å motverke fattigdom blant born. Dette er eit viktig arbeid, og tverrfagleg samarbeid vil vera avgjerande då mange av deltakarane vil ha behov for tenester frå fleire i kommunen.

I 2019 hadde me inne 5 deltakarar, måltalet er 9. Utfordringa er å fylle opp programma med meiningsfylt innhald som kan vera med å hjelpe deltakarane på vegen mot eit arbeid.

Det er og behov for fleire arbeidstreningsplassar i kommunal sektor, spesielt innan helse. Ei anna utfordringar er språk. For dei som har språkutfordringar er det vanskeleg å finne hensiktsmessige aktivitetar, og det vil vera behov for å kjøpa språkundervisning.

Aktivitetsplikt for unge under 30 år / FRAM

Aktivitetsplikta for unge sosialhjelppotakarar under 30 år vert innført i januar 2017. Formålet med aktivitetsplikta er å styrke dei unge sin moglegheit for overgang til arbeid, utdanning eller bli sjølvforsørga på anna vis enn ved økonomisk stønad.

I oktober 2016 etablerte NAV Vindafjord FRAM, ein aktivitet for unge vaksne under 30 år som har økonomisk sosialhjelp som hovudinntekt. Målet er å få dei unge i arbeid eller utdanning og utav økonomisk sosialhjelp. FRAM held til i 2. etasje i «den gamle brannstasjonen», og me vil flytte inn i nye lokalar i 2020.

Det har sidan 2016 vore ein jamn nedgang på unge under 30 år som har hatt behov for oppfølging frå NAV. Talet på unge er stabilt frå 2018 – 2019. I løpet av 2019 har det vært 23 personar på tiltaket FRAM. Av desse har det vært 9 stk. som har hatt aktivitetsplikt etter sosialtenestelova. Fleire av desse har i løpet av året gått over til andre ytingar. Me har og frå hausten 2018 opna for deltakarar over 30 år.

Tal på deltakarar som har møtt på FRAM	23
Aktivitetsplikt etter sosialtenestelova	9
Overgang til arbeid	6
Overgang til andre tiltak	7
Overgang til behandling	0
Fødselspermisjon	3
Fortsett på FRAM 2020	6
Avbrutt	1
Fått tilbod, aldri møtt	5

Integreringsstenesta

Vindafjord kommune hadde vedtak på å busetje 15 flyktningar i 2019. Det vart busett 13 flyktningar. Grunnen til at me busette færre var at me ikkje fekk tildelt fleire frå IMDI.

Det var 26 deltakarar i introduksjonsprogrammet per 31.12.19. Dei fleste får tilbod om 3 år. Det er undervisning 5 dagar i veka, og undervisninga skjer ved Vindafjord Vaksenopplæring. Undervisning som skjer utanom den ordinære skuleruta, vert kjøpt frå andre aktørar og i hovudsak AOF Haugaland og Bredablikk.

For deltakarane som har starta med ordinære fag i grunnskule eller vidaregåande skule, i løpet av år 2, har det likevel vore riktig å halde fram i introduksjonsordninga, fordi det har vore trøng for meir grunnleggjande ferdigheter/opplæring som norsk. Me har brukt modellen «fag i grunnskule og fag i vidaregåande skule», i introduksjonsprogrammet. Me har og lagt vekt på det store gapet mellom

inntekt frå Lånekassen, og dei reelle utgifter til livsopphald. Alternativet er å gje kurspakkar som tiltak i NAV. Det er ikkje eksamensretta løp, som kan erstatta ordinær grunnskule, fagopplæring eller høgskule, og dei vil stå utan formalkompetanse, etter 3 år i introduksjonsprogrammet.

Kvalifisering til ordinær utdanning og arbeid er ei av våre største utfordringar. Mange av dei elevane som har starta på Helsefag og Barne- og ungdomsarbeid opplev at dei ikkje kjem i mål. Ein av årsakene til dette er at dei har språkutfordringar. Erfaringa viser at einingane ikkje har kapasitet til å tilrettelegga for dette slik situasjonen er no. NAV opplever at dei elevane som utdannar seg innan servicefag og yrkessjåfør har ein større sjanse for å lukkast og koma seg ut i ordinært arbeid etter endt utdanning.

Det er og ei generell utfordring å få elevane ut i språkpraksis, då det er «venteliste» for å få praksisplass. Det er eit mål at elevane skal kunne lære språket i ein kombinasjon med aktivitet i arbeidslivet. Det er difor eit behov for å få tak i fleire praksisplassar både privat og offentleg.

Regjeringa har eit måltal på at 55 % av elevane som startar i introduksjonsordninga skal etter 2 år starte i ordinær utdanning eller ordinært arbeid. Ingen av deltakarane som starta i introduksjonsordninga i 2017 nådde dette målet.

Fleire elevar er bekymra for om det er jobb å få i denne regionen, og då det er ei utfordring å finne praksisplassar eller læreplassar har me opna for at dei som har moglegheit søker praksisplassar i andre kommunar. Det er Vindafjord kommune som har ansvaret for oppfølginga.

I hovudsak har ein dei siste åra busett flyktningar nær Ølen sentrum. Dette av praktiske årsaker som blant anna plassering av vaksenopplæringa. Det er spesielt barnefamiliar som kan få utfordringar med å leve i barnehagen og nå skulen til kl. 9, då tilbodet om kollektivtransport ikkje er like god i heile kommunen. Me ser framover no at me må legge til rette for busetting i fleire bygder enn Ølen, då det er ei utfordring å få plass i barnehagen i Ølen.

Nøkkeltal tenesteyting og kvalitet	2016	2017	2018	2019
Tal som mottar økonomisk sosialhjelp	183	160	154	153
- under 18 år	0	0	0	0
- 18 – 24 år	47	40	30	23
- 25 – 44 år	96	84	83	80
- 45 – 66 år	39	36	39	47
- 67 år +	1	0	2	3
- Unge under 30 år	61	59	49	52
Klientar med forsøgjaransvar for born under 18 år	58	64	53	52
Deltakarar kvalifiseringsprogrammet	5	2	2	5
Disponeringsavtalar økonomi	34	37	31	23
Avtale om aktivitet unge under 30 år	-	30 av 57	25 av 30	40 av 52

Utfordringar

- Kvalifisering til ordinær utdanning og arbeid er ei av våre største utfordringar. Det er eit mål at elevane skal kunne lære språket i ein kombinasjon med aktivitet i arbeidslivet.
- Behovet for ulike tilbod når ein skal stilla vilkår om aktivitet kan vera utfordrande for ein mindre kommune med tanke på å tilby eit brent spekter av tilbod. Dette er ikkje berre ei utfordring i forhold til unge sosialhjelpsmottakarar, men også for deltakarar i kvalifiseringsprogrammet. Behovet for lågterskeltilbod er stort for at me skal lukkast i å få alle i aktivitet. NAV har mange statlege tiltak som kan nyttast, men det er for mange innbyggjarar i kommunen lang reiseveg til dei statlege tiltaka, og dette skaper utfordringar for mange som gjer at dei ikkje kan nyttiggjere seg desse tiltaka.

Tiltak	Status per 31. desember 2019
6.3.6.1 Arbeida for å etablera fleire praksisplassar	Dette er eit kontinuerleg arbeid og me

	i bedrifter i kommunen	jobbar tett med både private bedrifter og kommunale einingar i forhold til inkluderande arbeidsliv og opne opp for personar med ulike utfordringar. Mange bedrifter har eit stort behov for arbeidskraft, utfordringa er å finna kvalifisert arbeidskraft.
6.3.6.2	Bidra til gjennomføring av arrangementet mitt fargerike nabolag	Gjennomført
6.3.6.3	Rullering av tiltaksliste for buseetting, kvalifisering og integrering	Gjennomført

6.4 Rammeområde Forvaltning, Drift og Utvikling

6.4.1 Felles for rammeområde

Hovudtrekk oppgåver og drift 2019

Rammeområde omfattar einingane Areal og forvaltning, Kommunaltekniske tenester og Reinhold.

God og framtidsretta samfunnsutvikling og riktig og forsvarleg forvaltning av lovar og reglar og av kommunal eigedom er hovedoppgåvene.

I 2019 blei arbeid med bustadanalyse for heile kommunen og sentrumsanalyse for Skjold sluttført. Desse skal vera grunnlag for kommuneplanrevisjonen og planstrategiarbeidet som starta opp i forkant av kommunestyrevalet hausten 2019.

Bustadanalsen skal og vera grunnlaget for utarbeiding av ein bustadstrategi for kommunen. Svært mange store investeringsprosjekt har prega dette rammeområdet og 2 store bygg blei opna 27. september 2019. Både nytt kultur- og læringssenter og beredskapscenteret har hatt forseinkingar på ferdigstilling og utfordringar knytt til økonomi. Dette er likevel flotte og viktige bygg som me vil ha svært mykje nytte og glede av i åra som kjem. Oppmøte på offisiell opning av bygga viste heilt tydeleg at desse også er svært viktige for våre innbyggjarar.

Det er likevel ikkje tvil om arbeidsomfanget aukar gjennom fleire utbyggingar utan at driftsmidlar, vedlikehaldsmidlar eller tal på årsverk aukar tilsvarande.

I 2018 starta arbeidet med å revidera den kommunale trafikksikringsplanen, der eit av måla er å bli ein trafikksikker kommune. Intensjonsavtale med Trygg Trafikk er signert med mål om at trafikksikringsplanen er ferdig og godkjenning som trafikksikker kommune skjer innan utgangen av 2020.

Kommunen skal vera god på verdiskaping og næringsutvikling og på å oppretthalda og vidareutvikla landbruket. Vil her særleg trekke fram arbeidet med Nerheim næringsområde som nå heiter Ølen næringspark. I 2019 er privat eigedom på feltet kjøpt opp, teknisk plan ferdig utarbeida og gjort vedtak om opprettning av eit utbyggingsselskap for området. Det er viktig å ha god dialog mellom kommunen og næringslivet. I løpet av 2019 er det gjennomført tre dialogmøte med landbruksnæringa og plan- og byggnæringa.

Kommunen skal vera ein målstyrt og utviklingsorientert organisasjon, og som møter innbyggjarane lyttande og løysingsorientert. Sjå under kap 4 for dei to prosjekta attraktivitetsprosjektet og tettstadprosjektet som vil vere viktig for attraktiviteten i heile kommunen og Ølen sentrum spesielt.

Rammeområdet har som alle i kommunen vore sterkt prega av den krevjande økonomiske situasjonen for drifta til kommunen. Fleire satt på vent eller utsett pga situasjonen.

Økonomi

	Rekneskap 2019	Budsjett (just) 2019	Avvik	Forbruk i %	Budsjett 2019
Utgifter	108 545 985	99 113 445	- 9 432 540	110 %	98 326 897
Inntekter	- 54 277 607	- 46 613 451	7 664 156	116 %	- 48 210 261
Netto utgifter	54 268 378	52 499 994	- 1 768 384	103 %	50 116 636

Rammeområdet har eit samla meirforbruk på kr 1 768 384. Delar av meirforbruket er knytt til arbeidet med retaksering av eigedommar for eigedomsskatt, der meir av arbeidet vart gjort i 2019 enn det som tidlegare vart føresett. Dette gjer og at ein reknar med mindre arbeid og mindre kostnadar i 2020 enn tidlegare rekna. Undervegs i året vart det meldt at gebyrinntektene knytt til plan- bygge og delingssaker, inkludert oppmålingsforretning låg under budsjett. I løpet av siste tertial auka inntektene på plan og byggesaker noko, slik at ein nærma seg dei budsjeterte inntektene noko.

Innanfor kommunaltekniske tenester hadde ein meirforbruk første halvår som vart dekka gjennom ekstraløying i samband med revidert budsjett etter første tertial. Som følgje av dei administrative tiltaka heile organisasjonen vart underlagt som følgje av meirforbruket i første halvår, har ein halde utgiftene nede, men dette på sikt er dette ikkje ein berekraftig måte å forvalte kommunale bygg og anlegg på.

Innanfor Vatn og Avløp er det overskot som er ført til sjølvkostfond. Gebyrinntekter er høgare enn budsjettert for begge områda. Dette, saman med at store investeringsprosjekt i samarbeid med Statens vegvesen er forsinka, har gitt eit betre resultat enn budsjettert. Eininga arbeider aktivt med å finne «gratispassasjerar» og moglege nye abonnementar for å sikre inntektene for sjølvkostområdet

Eining for reinhald har eit mindreforbruk samanlikna med budsjett, mellom anna på grunn av redusert bruk av vikar ved sjukdom og ferieavvikling, der mellom anna einingsleiar har vore aktiv med reinhald i slike tilfeller.

Tiltak		Status per 31. desember 2019
6.4.1.1	Gjennomføra tettstadsprosjektet Ølen sentrum	Sjå kap 4.1.1 Attraktivitet og busetnad
6.4.1.2	Bustadsanalyse i heile kommunen, inkludert sentrumsanalyse for Skjold	Sjå punkt 6.4.2.3 under areal og forvaltning.
6.4.1.3	Sertifisera kommunen som Trafikksikker kommune	Ikkje starta, sjå punkt 6.4.3.4 under kommunaltekniske tenester
6.4.1.4	Gjennomføra arbeidet med prosjekt Vakre Vindafjord	Sjå kap 4.1.1 Attraktivitet og busetnad
6.4.1.5	Utarbeida strategi for folkehelsearbeidet	Sjå kap 4.1.3 Folkehelse
6.4.1.7	Årleg miljøfyrtårn-sertifisering av kommunale bygg	Ingen i 2019. Mål om at Kultur- og læringssenteret har dette på plass i løpet 2020

6.4.2 Areal og forvaltning

Hovudtrekk oppgåver og drift 2019

Eininga jobbar med sakshandsaming etter blant anna plan- og bygningslova, forureiningslova, eigarseksjonslova, matrikkellova, jordlova, konsesjonslova, skoglova, viltlova og naturmangfaldlova, samt forvaltning av ulike tilskotsordningar innan landbruk.

Handsaming av søknader og planar, å yta god service og gi god rettleiing til kundar innanfor alle fagområda er viktig del av vår arbeidsdag. Me arbeider for eit aktivt landbruks-/skogbruksmiljø, positiv samfunnsutvikling med tilrettelegging av nye tenlege bustad- og næringsområde. Vidare utarbeider me kommuneplan og kommunale reguleringsplanar m.m.

Eininga jobbar både med private og kommunale reguleringsplanar. I 2019 vart det lagt fram fire forslag til private detaljreguleringar til første gongs handsaming. Ni detaljreguleringsplanar vart lagde fram til andre gongs handsaming og vedtak i kommunestyret.

Landbruksnæringa utgjer ein sentral del av næringslivet i kommunen. Det er viktig å oppretthalda og vidareutvikla landbruksproduksjonen, og næringa som grunnlag for sysselsetjing og busetjing i bygdene. Eit aktivt landbruk er og viktig for kulturlandskapet. Eininga driv eit aktivt og omfattande arbeid med rådgiving og handsaming av tilskot- og støtteordningar og handsaming av enkeltsaker om nydyrkning, frådeling av areal, konsesjonssøknadar m.m.

Det er viktig å ha god dialog mellom kommunen og næringslivet. Areal og forvaltning Eininga arrangert tre dialogmøte med landbruksnæringa og plan- og byggnæringa i 2019. Formålet med møta er at kommunen og næringane kan utveksla kunnskap, dela erfaring og diskutera utfordringar innanfor fagområda.

Kommunestyret vedtok desember 2018 at det skal gjennomførast ei ny allmenn taksering av eide domar som grunnlag for eide domsskatt i kommunen. Eininga er ansvarleg for gjennomføring av prosjektet, som starta i mai 2019. Prosjektet har hatt god framdrift og nytt takstgrunnlag skal gjelda frå år 2020.

Det er fokus på digitale løysingar i kommunen. I 2019 tok eininga i bruk nytt digitalt sakshandsamarsystem, ACOS Eigedom. Sakshandsamarane kan jobba meir effektivt og heildigitalt, sjølv med store og komplekse plan-, bygge- og delingssaker.

Eininga har fokus på kompetanseheving gjennom deltaking på kurs, konferansar og i interkommunale fagnettverk. Samarbeid på tvers av kommunane er nyttig for å etablera gode og nyttige nettverk i distriktet, dela erfaring og auka kompetanse innanfor fagområda.

Sjukefråværet på eining Areal og forvaltning var 1,3% i 2019.

Nøkkeltal fra eining areal og forvaltning

Nøkkeltal tenesteyting og kvalitet, sakshandsaming	2015	2016	2017	2018	2019
Nye bustader og tilbygg / Nye fritidsbygg og tilbygg	70	89/18	55/11	35/22	41/10
Ferdigattestar/mellombels bruksløyve	69	82	78/11	67/23	40/7

Oppmålingssaker/krav om retting i matrikkelen	106/21	94/30	100/19	80/17	71/21	
Vedtekne reguleringsplanar	8	4	8	2	9	
Planar under arbeid	9	9	7	12	7	
Produksjonstilskot	-	-	380	386	376	
Regionalt miljøprogram	196	197	216	231	237	
Innovasjon Noreg	11	13	19	18	12	
Miljøtiltak landbruk/skogbruk	30/18	24/12	36/29	69/13	31 /16	
Jordlovsaker	19	8	8	8	13	
Landbruksvegar	22	10	16	14	13	

Nøkkeltala seier noko om talet på saker og endringar frå år til år på nokre område, men ikkje noko om total arbeidsmengde.

Sakshandsaming for nye bustadar og tilbygg var i 2019 totalt 41, derav 18 nye bustadar. Det er ein auke i talet på saker samanlikna med 2018. Det er litt færre oppmålingssaker i 2019 samanlikna med åra før. Det skuldast m.a. at det var ingen store utbyggingsfelt som vart oppmålte i 2019. Det er ein auke i talet på vedtekne reguleringsplanar i 2019 samanlikna med 2018. Ni reguleringsplanar vart vedtatt av kommunestyret, og dermed har talet på reguleringsplanar under handsaming gått ned samanlikna med 2018.

Det var ein auke i handsama innovasjonssaker i 2017 og 2018. Frå og med 2017 har Innovasjon Norge gitt tilskot til bygging av gjødsellager, difor auka talet innovasjonssaker desse åra. I 2019 var det ein nedgang. Dette skuldas at Innovasjon Norge har snevra inn kva bøndene kan få midlar til. Talet saker knytt til miljøtiltak i landbruket var færre i 2019 enn i 2018. 2018 var eit unntaksår, då det var ein auke i søknadar om grøftetiltak, grunna auka tilskot per dekar og mediamerksem. Det var ein auke i tal jordlovsaker i 2019 samanlikna med åra før. Det er stor aktivitet på bygging av landbruksvegar.

Utfordringar

Det er utfordrande å gi prognose for inntektsnivået innanfor tenesteområda plan, bygg og oppmåling då det er knytt usikkerheit til aktivitetsnivået og saker som kjem inn. Eininga er også svært sårbar ved oppseiing eller langtidsfråvær. I perioden mai til august 2019 var det redusert kapasitet på handsaming av byggesaker grunna oppseiing. Eininga gjekk difor glipp av gebyrinntekt grunna lang sakshandsamingstid og overskridning av fristar.

Sommaren 2019 fekk alle einingar beskjed om å komme med forslag til innsparingstiltak. Eit av tiltaka som vart fremja var at eininga ikkje skulle nyta eksterne konsulentar på plan resten av året. Dette ga ei innsparing på 0,4 mill. kr. Konsekvensane var at planlegging av ny veg mellom byggefelta i Isvik og Skjoldali og endring av plan for tilkomst til Ølen idrettsanlegg vart tatt vakk som prioriterte mål i 2019. Innsparingstiltaket vart politisk vedtatt.

Eininga tok i bruk nytt digitalt sakshandsamsystem våren 2019. Dei tilsette viste positivt engasjement, men det er krevjande å prioritera opplæring og innføring av nye digitale system i ein stadig meir travel kvardag.

Tiltak		Status per 31. desember 2019
6.4.2.1	Starta/vidareføra og/eller slutføra pågående kommunale planoppgåver i samsvar med oversikta under som og viser fordeling av planar i heile perioden.	Sjå status i tabell og tekst under.
6.4.2.2	Revisjon av kommuneplanen	Sjå status i tabell og tekst under.
6.4.2.3	Utarbeida bustadanalyse med sentrumsanalyse Skjold	Sjå status i tabell og tekst under.
6.4.2.4	Oppfølging av vassdirektivet gjennom prosjekt Vatsvassdraget, arbeid i heile kommunen for reduksjon av forureining frå husdyrgjødsel og effektuering av handlingsdelen til hovudplan vatn og avlaup	Undersøking viser at verksatte tiltak i Land- og Vatsvatnet har hatt effekt. Det er likevel nødvendig med ytterligare tiltak for å innfri miljømåla.
6.4.2.5	Oppfølging av manglante 10-årige jordleigeavtalar og fokus på driveplikta, jf. jordlova og politisk vedtak i DUK av 20.06.2011	Eininga gjennomfører kontroll i forbindelse med tilskotsordninga.
6.4.2.6	Oppretta samarbeidsgrupper på tvers av fag for å få fram standardiserte rutinar og føresegner	Eininga har utarbeida standardiserte rutinar og arbeid med føresegner var påbegynt.
6.4.2.7	Forbetring av byggjesaksprosess	Eininga tok i bruk nytt digitalt sakshandsmarsystem, ACOS Eigedom, april 2019. Systemet gir meir effektiv sakshandsaming med plan-, deling- og byggesaker. Det er også jobba med utarbeiding av interne arbeidsprosessar innan fagområde og på tvers av fagområde.
6.4.2.8	Tilsyn og handsaming av private avløpsanlegg	I 2019 har tilsynsordninga hatt fokus på avviksmeldingar frå HIM, samt kartlegging av private avløp langs Land- og Vatsvatnet og Skjoldafjorden.
6.4.2.9	Kartlegging og verdsetjing av friluftlivområde	Ferdig kartlegging er sendt på høyring. Arbeidet har tatt noko lengre tid enn planlagd grunna andre prioriterte oppgåver.
6.4.2.10	Omtaksering av eigedomsskatt	Tilsett i eittårig prosjektstilling starta mai 2019. Eigedomar vart taksert utover hausten/vinteren og eit privat selskap takserte større næringseigedomar. Prosjektet går i henhold til framdriftsplan, og nytt takstgrunnlag skal gjelde frå år 2020.
6.4.2.11	Interkommunal stilling – prosjekt frivillige tiltak i vassområde	Tilsett i 2 ½ års prosjektstilling starta september 2019. Prosjektet har første omgang jobba med miljøtiltak knyta til Skjoldafjorden.
6.4.2.12	Utarbeida ny Risiko- og Sårbarheitsanalyse	Sjå status i kap. 4.3.4 «samfunnstryggleik og beredskap333»
6.4.2.13	Prisauke gebyrinntekter	Utført ein prisauke på gebyr for 2019.
6.4.2.14	For alle nye parkeringsplassar skal det vurderast tilrettelegging for ladepunkt for elbil.	Tatt det inn i skjema for oppstartsmøte av reguleringssplanar

Tabellen under viser kommunale og offentlege planoppgåver i 2019.

Kommunale og offentlege planoppgåver i planperioden	2019
Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger <i>Merknadar til planen er til handsaming i departementet</i>	
Ølensvåg <i>Arbeid pågår. Motsegner til planutkastet frå Fylkesmannen, fylkeskommunen og NVE. Ølensvåg utvikling / Omega Areal fekk sommaren 2019 utarbeidd flaumfarevurdering og supplerande marine undersøkingar. Kommunen bad NVE og Fylkesmannen om å trekke motsegnene. Med dei stadfesta i brev datert 21.11.2019 og 19.12.2019 at dei ikkje trekkjer motsegnene.</i>	
Revisjon av kommuneplan <i>Arbeid pågår. Jobba med planstrategiarbeidet administrativt.</i>	
Utarbeiding av bustadanalyse med sentrumsanalyse Skjold <i>Arbeid pågår. Gjennomført spørjeundersøking knytt til bustadanalsysen (mars 2019) og sentrumsanalysen (august 2019). Utkast motteke frå Multiconsult oktober 2019. Ga tilbakemelding om behov for endringar.</i>	
Campingplassar, Vikedal (2) og Ølmedal + kommunale retningsliner for campingpassar. <i>Arbeid pågår. Detaljregulering for Ølmedal camping førstegongs handsama 5. juni 2019. Motsegn frå Statens vegvesen, som det vart jobba med å løyse.</i> <i>Ikkje arbeidd med kommunale retningslinjer for campingplassar.</i>	
Næringsområde Nerheim <i>Planen vart vedtatt mai 2019. Jobba med utarbeiding av teknisk plan og kommunalt/privat utbyggingssselskap.</i>	
Endring av bustadområde Søndenå <i>Planen vart vedtatt februar 2019. Jobba med utarbeiding av teknisk plan.</i>	
Ny veg mellom byggefelt i Isvik <i>Ikkje påbegynt. Som ein konsekvens av kommunens innsparingstiltak var det vedtatt i Formannskapsmøte 4.9.2019 at denne oppgåva vert utsatt til 2020.</i>	
Endring av plan for tilkomst Ølen Idrettsanlegg <i>Ikkje påbegynt. Som ein konsekvens av kommunens innsparingstiltak var det vedtatt i Formannskapsmøte 4.9.2019 at denne oppgåva vert utsatt til 2020.</i>	

6.4.3 Kommunaltekniske tenester

Hovudtrekk oppgåver og drift 2019

Eininga omfattar drift, vedlikehald og utbygging av vegar, vatn- og avlaupsanlegg, kalkingsanlegg og egedomsforvalting, drift, vedlikehald og utbygging av kommunale bygg, anlegg og grøntområde.

Administrativt har året vore prega av arbeid knytt til dei store investeringsprosjekta til kommunen. Eininga er også involvert i arbeid med reguleringsplanar, og bruker mykje tid på tekniske planar og oppfølging av desse. Dette for å sjå til at anlegg som skal overtas av kommunen vert bygde slik at framtidig drift og vedlikehald kan utførast på ein kostnadseffektiv måte. Elles er det brukt mykje ressursar på arbeid med brannførebygging, digitalt FDV-system, tilsetjingar, og oppfølging av ulike tilsyn, i tillegg til dei meir vanlege oppgåvene med oppfølging av drift og vedlikehald, samt politiske vedtak.

Eininga har svært lågt korttidssjukefråvær, og ligg under måltalet på 3% for sjukefråvær for 2019.

Siste halvår har det vore store avgrensingar på kva ein har kunna gjort pga. den krevjande økonomiske situasjonen for drifta til kommunen. Eininga prioriterer arbeid som gjeld HMS og som er knytt til sentrale system i bygga, men det er mykje som burde vore gjort som vert satt på vent for å ha minst mogleg budsjettoverskridingar.

For informasjon om dei mange investeringsprosjekta eininga arbeider med, sjå kap 5 Investeringar

Bygg:

Det er stort etterslep i vedlikehald av kommunal byggmasse. Eit svært stramt driftsbudsjett gir lite rom for nødvendige tiltak innan drift og vedlikehald. Ein har heller ikkje tilstrekkelige midlar til å få utført dei servicar og tilsyn som skal og bør gjerast, samt påfølgjande retting av avvik. Situasjonen vert ytterligare forverra ved at byggmassen aukar utan at eininga får tilført tilsvarende stillingsheimlar eller drifts- og vedlikehaldsmidlar.

Vindafjorhallen brann ned 22.juli. Så langt er dei direkte kostnadane knytt til brannen ca kr 200 000,-, desse vert dekka av forsikringa. Forsikringsselskapet har gjort vedtak om ei avkorting på 30% av oppgjøret grunna brudd på sikkerheitsforskrift. Kommunen førebur klage på denne avgjerdha. Nå arbeider ein med å avklare restverdiar, før arbeidet startar med å avklare framtidig løysing for bygget.

Vatn og avløp:

Arbeid med lekkasjesøk er eit prioritert område for drifta. Totalt har ein i 2019 funne og reparert 10 vasslekkasjar, fleire av desse var store lekkasjar.

Det vert kontinuerleg arbeida med å få kartlagt og innmålt leidningsnettet vårt, samtidig med å forbetra informasjonen som allereie er registrert. Dette arbeidet er viktig i samband med lekkasjesøk, planlegging av nye prosjekt og for å kunne gi god informasjon til publikum og entreprenørar.

Investeringsprosjekta innan VA er i hovudsak samarbeidsprosjekt med Statens vegvesen, der me arbeider for å følgje deira framdriftsplanar for dei store utbyggingane som er under prosjektering i kommunen. Meir informasjon om dette er å finne i kapittel 5 Investeringar

Veg:

Lengda communal veg aukar, men auken i veglengd er ikkje fulgt opp med tilsvarende auke i midlar til drift og vedlikehald. Ein mild og snøfattig vinter gjorde at vintervedlikehaldet vart rimeligare enn tidlegare år. Det er stort etterslep på grusing og grøfting av vegar og vedlikehald av mellom anna kantstein, rekkverk, bruar og kaiar. Etterslepet gjer at skadene pga. nedbør vert større enn dei ville vore om vegnettet var i betre stand.

Utfordringar

Kommunalteknisk har mange utbyggingsoppgåver innan både bygg- og VA-sektoren i tillegg til sakshandsaming, drift og vedlikehald. I planprosessar og i private utbyggingar er eininga sterkt involvert. Ein ser at eininga ikkje er rett dimensjonert for arbeidsmengda, noko som fører til manglende tilbakemeldingar på førespurnadar, lang sakshandsamingstid, stor belastning på dei tilsette og at prosjekt må utsetjast.

Å ta vare på og vidareutvikle fagmiljø med god allmenn kommunalteknisk kompetanse er viktig for å fylle dei forventingar einiga blir møtt med, og for å vere budd på dei utfordringar som framtida vil gi. Ein ser at det er krevjande å rekruttere. Kommunalteknisk konkurrerer med privat næringsliv om arbeidskrafa, og kommunalt lønnsnivå kjem då ofte til kort. Særleg gjeld dette yngre søkerar.

Hovudplan for vatn og avløp viser store investeringsbehov i framtida. Arbeidet med å redusera lekkasjar på vassleidningsnettet vil vera viktig framover med tanke på leveringssikkerheit og økonomi.

For driftspersonalet er særleg sommarhalvåret krevjande, med mykje sesongprega arbeid. Det er utfordrande å halda dei kommunale bygga og anlegga tilfredsstillande i stand, og dette er noko innbyggjarane legg merke til.

Det er ei klar utfordring at arbeidsomfanget til eininga aukar, då ein har gjennomført fleire utbyggingar som har medført auke på talet på «kommunale kvadratmeter» utan at rammene aukar tilsvarande. Vidare merkar eininga i særskilt grad manglende prisjustering av budsjettet, då innkjøp av materialer og utstyr utgjer ein stor del av kostnaden for eininga. 2019 har vore prega av at heile organisasjonen i løpet av året fekk innsparingstiltak og stramme rammer, noko som har gjort at ein har måtte prioritere vekk mange tiltak som på sikt vil kunne føre til behov for meir omfattande reparasjoner.

Tiltak		Status per 31. desember 2019
6.4.3.1	Få ned lekkasjeprosent på vassleidningsnettet	Kontinuerleg arbeid
6.4.3.2	Alle helsebygg i FDV-program	Digital internkontroll er tatt i bruk i alle 24/7-bygg
6.4.3.3	Resterande kommunale bygg i FDV-program	Digital internkontroll er tatt i bruk på alle føremålsbygg.
6.4.3.4	Oppnå status som Trafikksikker kommune	Intensjonsavtale med Trygg Trafikk signert. Mål om å oppnå godkjenning innan utgangen av 2020
6.4.3.5	Revidera hovudplan for vassforsyning	2020
6.4.3.6	Revidera hovudplan for avløp	2021

6.4.4 Reinhald

Hovudtrekk oppgåver og drift 2019

Eininga har 35 tilsette fordelt på 24,91 årsverk totalt. Administrasjon 1,1 årsverk, Vaskeri 1,32 årsverk og Reinhald 22,49 årsverk.

Tenesteområdet utfører daglig reinhald på alle kommunale bygg. I tillegg til dagleg reinhald utførar eininga også reinhald av gongar, toalett, fellesareal, vindauge og golvpleie ved behov i omsorgsbustader og bufellesskap. Nokre gonger i året er det periodisk reinhald som vask av vindauge, ventilasjon inn/ut sug, vask av slukar, skrubbing m/maskin av alle badegolv på omsorgscentra, støvtørking i høgda, golvpleie osb.

Cirka 1 gong, i løp av året blir det gjort grundigare reinhald av rom i bygga med golvpleie / boning alt etter behov.

På sjukeheimane er det jamleg utvask av bebruarrom pga flytting / dødsfall, noko som må organiserast på kort varsel.

Eininga utfører smittereinhald der det er behov for det.

Reinhaldsarealet har i løp av 2019 auka opp, men til tross for dette har avdelinga effektivisert og gått ned litt på årsverk.

Når nokon flytta frå kommunale bustader kontrollerer eininga desse, og reingjer om nødvendig.

Noko av reinhaldet eininga utfører vert økonomisk fordelt mellom kommune og stat / fylke.

Eininga sel også reinhaldstenester til nokre eksterne byggeigarar.

I tillegg har eininga selt reinhald til private som ynskjer å kjøpe reinhald ved utflytting av kommunal bustad.

Vaskeriet på Vindafjordtunet ligg under eining reinhald.

Her blir privattøy til bebruarane på begge omsorgssentra vaska, i tillegg til dyner, puter, gardiner, dukar, brukarutstyr osb.

2 dagar i veka vert skittent / reint tøy frakta mellom sjukeheimane.

Leiar har vore delaktig i nettverksgruppe beståande av reinhaldsleiarar på Haugalandet.

Denne nettverksgruppa har utarbeida «interkommunal reinhaldsnorm for materialval ved nybygg og rehabilitering». Dette hefte inneholder forslag til val av materialar og utforming av rom som vil gi ein økonomisk effekt over tid. Hefte er gjort kjend for kommunalsjef og prosjektleiar.

Utfordringar

Hms

Eininga har hatt eit sjukefråvær på 3,5 % i 2019. Det meste av sjukefraværet skyldas til lastningsskader.

Utfordringar

- Rekruttere nye norske medarbeidrarar med fagkompetanse.
- I 2019 har nye bygg blitt utvaska av byrå, lenge før arbeidsfolket har vore ferdige.
- Ved innflytting har eininga måttva vaske romma ut på nytt.
- Halde reine «grå soner» t.d. luftekanalar, lysarmatur og vindauge oppi høgda, liggande panel osv.
- God nok framkommelighet for maskinelt arbeid.
- Handtering av smittetøy ved Vaskeriet på Vindafjordtunet. Tungt system og dårlig plass for utviding.

Mål, strategiar og tiltak for 2020 – resultatvurdering

- Legge til rette for eit godt arbeidsmiljø og «god takhøgd» mellom medarbeidar og leiing.
- Betre samarbeid mellom brukar og reinhaldar
- Fokusere på ergonomi og arbeidsteknikkar.
- Tilrettelegga best mogleg for å prøva og halda sjukefraværet nede.
- Jobbe for at ny golvbelegg ikkje treng voktas eller bonas, og toalettrom får glatte baderoms plater på veggene.

Tiltak		Status per 31. desember 2019
6.4.4.1	Omorganisering av personalet i Ølen	Omorganiseringa er ferdig og i drift
6.4.4.2	Fullføra oppgradering av vaskeriet med naudsynte maskinar	Oppgradering på Vaskeriet er forskjøve framover i tid pga kostnader.
6.4.4.3	Ha fokus på og informere om val av materialval som har enkelt vedlikehald, og låge vedlikehaldskostnader i ettertid	Einingsleiar har vore med å laga interkommunal norm for materialval ved nybygg og rehabilitering.

